

Den eldre Gulatingslova i komparativ kontekst


*Eit materielt og rettskulturelt blick på den
eldre Gulatingslova i lys av irsk
mellomalderrett og Frostatingslova*

Kandidatnummer: 101

Antall ord: 37 489

(PS! Bruk ordtellingsfunksjon. Fotnoter og sluttnoter skal medregnes i ordgrensen.

Forord, forside, innholdsfortegnelse, registre, litteraturliste og vedlegg medregnes ikke.)



JUS399 Masteroppgave/JUS398 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

[31. mai 2016]

Innholdsliste

1.	Del 1 - Innleiing	4
1.1.	Presentasjon av oppgåva.....	4
1.2.	Den eldre Gulatingslova	4
1.3.	Dei irske kjeldene	6
1.4.	Struktur og metode i oppgåva.....	11
2.	Del 2 – Samanlikning	14
2.1.	Sjølvtekt og hemn.....	14
2.1.1.	Introduksjon	14
2.1.2.	Sjølvtekt	14
2.1.3.	Kort om straffeprosess	20
2.1.4.	Hemn	21
2.1.5.	Mellomformar for hemn.....	26
2.2.	Pant.....	28
2.2.1.	Innleiing	28
2.2.2.	Pant i Gulatingslova	28
2.2.3.	Pant i Senchas Mór.....	32
2.2.4.	Oppsummering	33
2.3.	Eider.....	34
2.3.1.	Innleiing	34
2.3.2.	Eidar i den eldre Gulatingslova.....	34
2.3.3.	Eidar i irske rettskjelder	38
2.3.4.	Særleg om kvinners vitnesbyrd og eidar	40
2.3.5.	Oppsummering	44
2.4.	Kva har me sett, og vegen vidare	45
3.	Del 3 - Samanlikning med Frostatingslova.....	45
3.1.	Korleis og kvifor.....	45

3.2.	Sjølvtekt og hemn	46
3.2.1.	Sjølvtekt	46
3.2.2.	Hemn	49
3.3.	Pant	52
3.4.	Eidar.....	54
4.	Del 4 - Nærare samanlikning og forsøk på forklaringar	59
4.1.	Innleiing.....	59
4.2.	Sjølvtekt.....	59
4.3.	Hemn	62
4.4.	Pant	70
4.5.	Eidar.....	78
4.5.1.	Eidar generelt	78
4.5.2.	Kvinnens eid og vitnesbyrd	80
5.	Oppsummering, konklusjonar og avslutning	84
5.1.	Sjølvtekt og hemn.....	84
5.2.	Pant	86
5.3.	Eidar.....	87
5.4.	Avsluttande merknadar	88
5.4.1.	Mogelege forklaringar på manglande innverknad	88
5.4.2.	Skilnadar mellom Gulatingslova og Frostatingslova	89
6.	Litteraturliste	91

1. Del 1 - Innleiing

1.1. Presentasjon av oppgåva

I denne oppgåva skal det gjerast ei materiell samanlikning av den eldre Gulatingslova opp mot ulike irske rettskjelder frå mellomalderen, samt Frostatingslova. Vidare skal den materielle samanlikninga nyttast for å sjå på lovgivarteknikkar i, faktiske omstende omkring og overordna rettskulturelle strukturar ved den eldre Gulatingslova samt mogelegheitene for innverknad frå dei irske kjeldene på Gulatingslova.

1.2. Den eldre Gulatingslova

Den sentrale rettskjelda i denne oppgåva vil vere den eldre Gulatingslova.¹ Den vart skriven av tingmennene i Gulatingslagen, og er ei samling av det som vart oppfatta som gjeldande rett på 1100- og 1200-talet på Vestlandet, med både gammal og ny rett i tida den vart skriven.² Gulating byrja som eit ting for Hordaland og Sogn og Fjordane, men vart i tida før skriftfestinga utvida til å inkludere Rogaland og Agder-fylka, og gjaldt seinare også for Sunnmøre, Valdres og Hallingdal.³ Den eldre Gulatingslova var resultatet av eit forsøk på å avbalansere retten slik den hadde vorte overlevert av lov-kunnige menn i form av sedar og praksis mot kyrkjens reglar og bod, kombinert med delar av ønska rettsleg utvikling frå kongemakta.

Den eldre Gulatingslova vert kalla so fordi den i 1267 vert bytta ut med ei ny Gulatingslov av kong Magnus Lagabøte.⁴ Denne var berre i bruk fram til 1274, då den nye Landslova kom på plass. Då berre kristenretten er att av den nyare Gulatingslova, har den ikkje vorte nytta i denne oppgåva. Vidare i oppgåva vil både «den eldre Gulatingslova» og «Gulatingslova» nyttast for å vise til den eldre Gulatingslova.

Mykje har vorte skriven om Gulatingslova, reglane i den og konteksten den oppsto i. Sentral er Knut Robberstad si omsetjing av den eldre Gulatingslova og hans utførlege merknadar. Knut Helle sin *Gulatinget og Gulatingslova* har vore til særleg hjelp i denne oppgåva med å få eit heilskapleg bilete av den historiske konteksten.⁵ Til stor nytte har også dei ulike verka vore

¹ Referansar til den eldre Gulatingslova vil gjerast i langform med namn på bolk og kapittel-nummer i bolken (t.d. Kaupebolken kap. 1) eller i kortform gjennom å vise til kvart kapittel sitt nummer slik dei vart nummererte i dei tidlegaste trykte utgåvene og seinare omsetjingar (t.d. GL kap. 34).

² Helle s. 47

³ Helle s. 45-46

⁴ Helle s. 11

⁵ For fulle referansar, sjå litteraturlista

som på ulikt vis har analysert dei konkrete føresegna i ein større rettshistorisk samanheng, som *Grundtrækkene i den ældste norske proces* av Ebbe Hertzberg, *Forelæsninger over den norske retshistorie* av Fredrik Peter Brandt og *Den norske Privatrets almindelige Del* av Ludvig Mariboe Benjamin Aubert. Gulatingslova har også vorte sett i eit komparativt perspektiv av den tyske rettshistorikaren Konrad Maurer i hans verk om nordisk mellomalderrett samt dei mange forfattarane av *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingetid til reformationstid*. Maurer sine verk nyttast ikkje direkte i denne oppgåva, men har vore viktig for seinare rettshistorisk forskning og litteratur på emnet. På temaet innverknad på Gulatingslova frå utanfor dei norske landskapslovene finn ein av gammalt av Absalon Taranger si prisoppgåve om *Den angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske* og i nyare tid Jørn Øyrehagen Sunde sin artikkel «Daughters of God and Counsellors of the Judges of Men» og Ditlev Tamm sin «Gulatingsloven og de andre gamle nordiske landskapslove».

Som eit mindre bidrag i denne store forskningstradisjonen har denne oppgåva som føremål å gjere ei brei samanlikning av reglane i Den eldre Gulatingslova opp mot samtidige rettsreglar i Irland. Gjennom å ta Gulatingslova, som vert rekna for å høyre til den nordiske og nordgermanske rettskulturen, og samanlikne den med dei irske rettstekstane, eit eksempel på keltisk rettskultur, oppnår ein å sjå Gulatingslova i eit utanfrå-perspektiv og på denne måten synleggjere kva kulturelle og institusjonelle faktorar som var med på å forme rettsreglanes innhald og form. Vidare har oppgåva som eksplisitt mål å aktivt sjå etter innverknad frå irske kjelder på Gulatingslova, noko som ikkje tidlegare har vorte undersøkt. Kva som er det historiske grunnlaget for å gjere ei slik undersøking skal forklarast snart.

Sjølv om Gulatingslova vil vere det sentrale samanlikningsgrunnlaget, vil også Frostatingslova for Trøndelagsfylka nyttast for å skape eit nyansert bilete av kjend mellomalderrett ved dei andre tinga i Noreg, og samtidig vise skilnadar innan dei norske rettskjeldene. I det tidsrommet denne oppgåva dreier seg om kan det ikkje talast om nokon samla norsk rettstradisjon, og som me skal sjå finn ein fleire skilnadar mellom desse to norske landskapslovene. Men i samanlikninga mellom retten ved Gulatinget og rettskjeldene i Irland, er det relevant å sjå til kva løysingar som vart valde ved dei geografisk mykje nærare og meir tilgjengelege områda, og Frostatingslova er den einaste andre komplett bevarte landskapslova frå Noreg i mellomalderen. Det vil gjerast ei eiga samanlikning av Gulatingslova og Frostatingslova i del 3.

1.3. *Dei irske kjeldene*

Spørsmålet som så melder seg er kvifor sjå til Irland for samanlikning av rettsreglar og for å sjå etter potensiell innverknad på Gulatingslova. Det har ikkje vorte gjort mykje forskning på innverknad frå utanfor Gulatingslagen og Frostatingslagen i mellomalderen, kanskje fordi det i utgangspunktet kan vere ein framand tanke. Internasjonalisering som rettskulturell faktor har preg av å vere ei utvikling av nyare dato, med assosiasjonar til tider med høg utveksling av tankegods over landegrensene og internasjonale universitet.

Samtidig må ein ha i minnet at retten i Noreg ikkje sprang ut or det norske grunnfjellet fiks ferdig. Frå tidleg av fekk dei tidlege norske rettskjeldene merke frå mosaisk rett i Bibelen, kyrkjerett og romerske tankar om eigedom, og det er god grunn til å tru at den norske Landslova av 1274 vart inspirert av det spanske lovboksarbeidet som var i gong då prinsesse Kristina drog til Spania for å gifte seg med broren til kong Alonso den tiande av Castilla.⁶

Meir generelt er det ei kjennsgjerning at nyttig rett og gode idear har følgd handel og handelsreisande over land og hav heilt frå oldtida. Og det er nettopp handel og sjøreisande som gjer Irland så interessant.

Norske vikingar kom først til Irland på vikingtokt i 795, og sette etter kvart opp fleire busetnadar langs austkysten av Irland.⁷ Medan noko eldre irsk litteratur omtalar vikingane som «Danes», visar nyare forskning på gravgods og eldre tekster at det var vestnorske vikingar som først drog på tokt og seinare sette opp busetnadar i Irland.⁸ Etter kvart som vikingane vart meir etablerte i Irland, vart dei også meir integrerte i det irske samfunnet, og dei vert skildra som integrerte aktørar i irsk politikk allereie på slutten av 900-talet.⁹ I tillegg til plyndring vart det seinare ein blomstrande handel mellom dei etter kvart meir sjølvstendige busetnadane og norske handelsstadar, og ein har funne irsk gods i norske gravar frå 900-talet.¹⁰ Ein kan då konkludere med at det var kontakt og utveksling av varer mellom Irland og Noreg.

Gjennom busetnadane og kontakten med det irske samfunnet auka også kontakten med irske rettskjelder, og ikkje berre gjennom handel og politisk interaksjon. Av triade 16 i Trecheng Breth Féne («irske triadar») frå 800-talet les ein at klosteret ved Cork var eit senter for rettsleg

⁶ Sunde «Daughters of God» frå s. 132

⁷ Valante s. 37

⁸ Valante s. 61-64

⁹ Valante frå s. 102

¹⁰ Valante s. 125, som referer til Patrick F. Wallace «The economy and commerce of Viking Age Dublin» i *Untersuchungen zu Handel und Verkehr der vor- und frühgeschichtlichen Zeit in Mittel- und Nordeuropa IV*, Göttingen 1987, s. 224-25

lærdom.¹¹ Vikingane hadde oppretta ein fast base ved Cork på 840-talet,¹² som etter kvart vart ein by og handelsstad for vikingane.¹³ Så dei norske vikingane var altså på rett plass til å verte kjende med irsk rettslære.

Men tok vikingane med seg meir enn varer over Nordsjøen? Ein indikasjon på dette finn ein i *Konungs skuggsjá* («Kongsspegelen»), ei bok skriva omkring år 1250 av ein ukjend forfattar med det føremål å lære lesaren om det norske samfunnet og statsordninga. I bokas tredje og største del om kongen og mellom anna hans rolle som dommar, finn ein historia om Temere, hovudstaden i Irland, og kongen der. Forfattaren fortel om korleis kongen ein gong dømte i ei sak mellom sin frende og sine venner på eine sida og ein av kongens fiendar på den andre sida. Kongen dømte «mer etter sin vilje enn etter rettferdighet», og tre netter etterpå vart heile kongshallen vendt opp ned og byen lagt aude.¹⁴

Denne historia er ikkje interessant berre fordi den talar om Irland, eller fordi Temere mest sannsynleg er det same som Tara (også kjend som Temuir, Teamhrach eller Teamhair), som historisk var den irske høgkongen sitt sete. Det er ikkje berre det at Tara er av stor rettshistorisk interesse som mellom anna staden der kong Cormac, forfattaren av den rettslege teksten *Bretha Étgid* sat som høgkonge.¹⁵ Det som gjer denne historia mest interessant i denne samanhengen er at den har fleire viktige likskapar med ei forteljing inkludert i *Senchas Már* («stor tradisjon»), ei av dei sentrale irske rettsstekstene i mellomalderen.

I innleiinga av rettsboka *Senchas Már* gjer ein av forfattarane greie for det historiske bakteppet for lovverket, og der står det skriva fleire legender om historiske brehonar.^{16 17} Ein av desse var Fachtna Ulbrethach, son av brehonen Sencha Mac Col Cluin, og når han gav ein feil dom, fall frukta frå alle trea i området og kyrne nekta å gi mjølk. Vidare skrivast det om Sencha Mac Aililla som fekk merke i ansiktet når han gav feil dom, og Morann som gjekk med ei lenke rundt halsen som stramma seg sjølv om han dømde feil.

¹¹ Kelly s. 242

¹² Valante s. 42

¹³ Valante s. 111 og 151

¹⁴ *Kongespeilet* s. 189

¹⁵ AL iii s. cli fotnote

¹⁶ Dette er henta frå AL i s. 25

¹⁷ *Senchas Már* og ei rekke sentrale brehon-tekstar vart på midten av 1800-talet samla og omsett til engelsk i bokverket *Ancient Laws of Ireland*. Referansar til dette verket gjerast med kortforma AL, bindnummer og sidenummer.

Så den ukjende norske forfattere av Kongsspegelen hadde ikkje berre kunnskap om den irske kongen si dømmende myndigheit eller visste om kva for ein viktig stad høgsetet på Tara/Temere var. Han kjende også til ei irsk forteljing om at naturen straffa dommaren som dømde vranget, ei forteljing også inkludert i den mest sentrale rettsteksten i irsk mellomalder. Detaljane er ikkje like, og det er ei samanblanding av kongen ved Tara og brehonon Fachtna, men det opnar for moglegeheita for at irsk tankegods generelt og rettsleg tankegods spesielt kunne ta reisa over Nordsjøen frå Irland til Noreg.

Senchas Már var ei sentral rettskjelde i irsk mellomalderrett,¹⁸ og tekstane i den vart skrivne på 600- eller 700-talet.¹⁹ Den vil også vere den sentrale rettskjelda på irsk side i denne oppgåva. Det følgjer av første avsnitt i Senchas Már at den var eit resultat av at St. Patrick på 400-talet samla dei fremste lovrette menn i Irland, og det dei fortalde av den gamle retten vart samordna under oppsyn av tre irske kongar med den lov som følgde av Bibelen.²⁰ St. Patrick si rolle i arbeidet kan virke som å vere eit seinare tillegg,²¹ men det verkar sikkert at grunnlaget for reglane var rettspraksis som hadde vorte fortalt og overlevert av poetar og seinare brehonane, som nokre hundre år før Senchas Már hadde blitt samfunnsskikken med hovudansvar for å hugse og overlevere den rettslege tradisjonen. Senchas Már var då ei rettssamling av eldre rett og ikkje eit resultat av nokon lovgivingsprosess. Det skal merkast at Senchas Már og andre irske rettstekster hadde som hovudføremål å instruere dommarar i rettslege spørsmål om teori og praksis,²² og rettar seg derfor i stor grad til dommaren som rettsbrukar.

Ulikt dei norske landskapslovene verkar Senchas Már å ha vore meint som ei rettskjelde for heile det geografiske Irland. Det følgjer av innleiinga til teksten at den vart skriftfesta ved Temhair og Rath-guthaird,²³ i dag betre kjend som Tara og Nobber aust i Irland i det som vert kalla Northern Midlands.²⁴ Samtidig tek Senchas Már opp rettsspørsmål frå utanfor dette geografiske området. Det mest nemneverdige dømet finn ein i Bretha Comaithchesa («vurderingar om grannehøve») i andre del av Senchas Már, i handsaminga av ulovleg hogst. Her nemnast arbutus,²⁵ eller jordbærrer, eit vanleg tre nær Middelhavet og som ein i Irland i

¹⁸ Kelly s. 242

¹⁹ Kelly s. 245

²⁰ AL i frå s. 15

²¹ Kelly s. 248

²² Kelly s. 242

²³ AL i s. xxviii

²⁴ Kelly s. 242

²⁵ AL iv s. 147

mellomalderen berre kunne finne heilt sørvest i Irland.²⁶ Då Senchas Már med sitt innhald freistar å handsame spørsmål utanfor berre der den vart skriven verkar det klart at den er meint å nyttast i heile Irland. Til slutt skal nemnast at Senchas Már i innleiinga vert kalla for *Cain Patraic*, St. Patricks lov.²⁷ Ei Cain-lov var, som me skal komme tilbake til snart, gjeldande rett i heile Irland. Det verkar då sikkert at ein for denne oppgåva kan leggja til grunn at Senchas Már, med sine lover og rettsstekstar, var meint å nyttast i heile Irland.

Vidare vil det også visast til relevante rettslege tekstar skrive av brehonane, Irland sine lov-kunnige menn i mellomalderen. Desse vil verte introduserte til kvart emne, då dei ofte er avgrensa til særskilde rettsområde eller spesifikke tema. For det irske rettskjeldebiletet kan grovt forenkla delast i tre: Cain-rett, Urradhus-rett og brehonske tekstar.²⁸

Cain-rett vart satt ved folkeforsamlingar for å nyttast over heile Irland, og kunne berre handhevast av profesjonelle dommarar (brehonar).²⁹ Fleire lover i første del av Senchas Már er Cain-lover i namnet, og Senchas Már vert også referert til i sin heilskap som *Cain Patraic*, dvs. St. Patricks lov.³⁰

Urradhus-rett var lokalbestemt rett, tilpassa dei ulike områda sine lokale skikkar og sedvanar, og i rettstvistar omkring Urradhus-rett kunne også høvdingen (*flaith*) vere dommar.³¹ Urradhus-rett var like rettsleg bindande som Cain-rett, som kompliserer rettskjeldebiletet.

Til slutt kjem brehon-tekstene. Desse tekstene vart skrivne av og for brehonane, som var rettvise menn og dommarar rundt omkring i Irland. Brehonane utgjorde ein eigen samfunnsklasse ved sida av poetane og druidane på toppen av samfunnet, og hadde ansvaret for å vidareføre dei rettslege tradisjonane i samfunnet. Overleveringa mellom generasjonane skjedde gjennom overlevering av munnleg kunnskap og av skriftlege tekstar skrivne av vise brehonar på ulike rettsområde. Brehon-tekstane bestod ofte av avgjerder, gjerne fleire hundre år gamle, gitt av poetar og brehonar i kraft av å vere dommarar. Nokre tekstar har derimot meir preg av å regulere hypotetiske tilhøve. I tillegg til å vere forklarande og detaljregulerande, var desse tekstane kjelder til unntak og nyansering. Av denne grunn vart

²⁶ Kelly s. 243

²⁷ AL i s. 19

²⁸ Eg utelet her *cairde*-tekstar, som kort fortalt var rettsreglar vedteke på tvers av grensene mellom dei ulike irske territoria (AL i s. xlv). Med moderne auge kan dei samanliknast med internasjonale traktatar. Særst lite av desse rettskjeldene er tilgjengeleg i dag, og kan derfor ikkje nyttast i denne analysen.

²⁹ Ginnell s. 3

³⁰ AL i s. 19

³¹ Ginnell s. 3-4

fleire viktige brehon-tekstar tekne inn i rettssamlinga Senchas Már. Den skriftlege tradisjonen som tekstane er del av strekker seg langt tilbake i tid, og det vil bli vist til fleire brehon-tekstar i denne oppgåva. Dei vil bli presenterte fortløpande.

For å nytte ein forenkla metafor, kan rettskjeldebiletet samanliknast med det i moderne internasjonal rett. Cain-rett utgjer på same måte som bindande internasjonal lovgiving universelt bindande rettsreglar, gyldig på tvers av territoriale grenser. Urradhus-rett kan samanliknast med nasjonal rett, tilpassa det landsområdet det nyttast i, men aldri i konflikt med Cain-lovene. I denne metaforen vert brehon-tekstene ein kombinasjon av nyanserende praksis og juridisk litteratur, med eit innslag av akademisk «soft law».

I utgangspunktet utgjer desse rettskjeldene saman eit heilskapleg bilete av det ein kan kalle gjeldande rett til ei kvar tid. Men då Urradhus-retten var lokal og mindre prinsipiell, er den i dag mindre tilgjengeleg. I rettsområde definerte av Cain-rett, som ein finn i Senchas Már, kan eg setje mi lit til at sjølv om det ikkje vert gitt eit komplett perspektiv, så er grunntankane og reglane i gjeldande rett i irsk mellomalder kommunisert.

På rettsområda som i størst grad er skildra i brehon-tekstar vert dette vanskelegare. Desse tekstane var meint å nyttast saman med Cain- og Urradhus-rett, og det oppstår fleire metodiske problem ved analysinga av desse tekstene. Det mest problematiske er at ein gjerne kan lese nyansane og unntaka, men ikkje hovudreglane eller generell prosedyre, då desse ville vere å finne i andre rettskjelder, eller vere underforståtte og overleverte munnleg.

Senchas Már og brehontekstane har vore gjenstand for mykje forskning, både historisk og rettshistorisk. Denne oppgåva nyttar i stor grad dei meir generelle presentasjonane som er skrivne om mellomalderretten i Irland, *A guide to early Irish law* av Fergus Kelly og den noko eldre *The Brehon laws* av Laurence Ginnell, samt kommentarar som har vorte skriva til omsetjingane av dei eldre rettstekstene. Dette er då eit utsnitt av den tilgjengelege sekundærlitteraturen på emnet.

Det er her på sin plass å minne lesaren om at denne oppgåva ikkje har som mål å gi ei komplett framstilling av materiell mellomalderrett, men at det i hovudsak vert fokusert på relevante rettskjelder i irsk mellomalderrett som eit generelt grunnlag.

Til slutt skal det informerast om ei potensiell feilkjelde som ligg i korleis dei irske rettskjeldene er skriva. Gjennom historia har dei irske rettsbøkene vorte overleverte og kopierte etter kvart som kunnskapen gjekk i arv. Som del av denne prosessen har dei

skrivande brehonane ofte lagt til eigne utførlege notat og forklaringar, som gjerne har vorte kopierte ved neste nedskrivning. På same måte kunne nyanserende praksis verte lagt til under kopieringa. Dette er ein praksis frå bøkene først vart skrivne og som heldt fram også etter at engelskmennene tok over styringa i Irland. Bruken av Senchas Már som rettskjelde strekker seg fram til 1500-talet, og det er umogeleg å tidfeste når kommentarane vart lagde til.³² Dette gjer at det er ein fare for at kommentarane skriver seg frå ein nyare dato enn denne oppgåva tek sikte på å gjere greie for, og derfor m.a. ikkje kunne ha hatt nokon innverknad på den eldre Gulatingslova. For å minimere denne risikoen har eg i det følgjande fokusert på å nytte kjerneteksten i dokumenta i så stor grad som mogeleg, men i nokre tilhøve har det vore naudsynt å nytte kommentarane som tolkingsreiskap ved tolkinga av den eldre regelen.

1.4. Struktur og metode i oppgåva

Føremålet med denne oppgåva er gjennom ei samanlikning av dei konkrete materielle reglane i dei ulike rettskjeldene å sjå etter skilnadar og likskapar. Først i denne oppgåva vil dei sentrale føresegnene i Gulatingslova og dei utvalde irske rettskjeldene presenterast side om side i del 2. Rettsområda som skal undersøkast er sjølvtekt og hemn, pant og eidar. Desse rettsområda er valde fordi dei gir innblikk i strafferettslege, privatrettslege og prosessuelle problemstillingar. Dei er også rettsområde som er universelle, i den forstand at dei faktiske tilhøva som ligg til grunn for reguleringa kan tenkast å oppstå i alle samfunn og ein kan ha interesse av å sjå korleis ulike kulturar taklar like problemstillingar. Gjennom å sjå korleis rettskulturane løyser desse spørsmåla, kan ein undersøke likskapane og skilnadane nærmare for å finne teikn på kva som er opphavet til løysingane.

I del 3 vert Gulatingslova nytta som utgangspunkt for ei samanlikning med Frostatingslova, for å sjå på skilnadane mellom dei to. På den måten kan ein sjå kva reglar i Gulatingslova som kan seiast å vere representative av ei meir norsk tilnærming når ein samanliknar med tilsvarande løysingar i Irland, samtidig som ein får framheva kva som er regional lovgiving som ikkje er den same i ulike delar av Noreg. Dette igjen gjer det mogeleg å finne skilnadar og likskapar ikkje berre i den materielle retten, men også i den kringliggjande rettskulturen.

I del 4 gjerast ei vidare samanlikning av føresegna som vart presenterte i del 2 og del 3. Igjen er Gulatingslova det sentrale utgangspunktet, for å sjå på kva tekniskar og omsyn som kjem

³² AL i s. vi

til uttrykk gjennom lova, men kva som ligg bak dei andre rettssamlingane vil også trekkast fram for å klargjere konteksten.

I del 2 og 3 vil det så langt det er mogeleg gjerast ei juridisk tolking av dei tilgjengelege rettslege tekstane. Det betyr at det vil bli tatt utgangspunkt i ordlyden i føresegna, og tolkinga av desse vil berre skje i lys av andre rettslege føresegn. Det er ikkje til å unngå at når ein les så gamle kjelder, er det fare for at lesaren sin moderne kontekst fargar oppfatninga av ord og formuleringar, som igjen kan føre til mistydingar og feilslutningar. Derfor vil eg i del 2 og 3 ikkje bevege meg utanfor ordlyden og den interne konteksten i eit forsøk på å snevre inn konteksten til det grunnleggjande, og eliminere eventuell moderne kontekst ved tolkinga.

For den nærare samanlikninga i del 4 vil det derimot nyttast ein mykje vidare kontekst i eit forsøk på å finne eventuelle tankar og prinsipp som har vore med på å forme rettsreglane. Det vil verte sett til ulike institusjonar og samfunnet rundt desse, for på denne måten å forstå betre kvifor rettsføresegna vart slik dei vart.

Til slutt i del 5 vil resultata av samanlikningane i del 4 kort summerast og dei konklusjonane som kan trekkjast frå det tilgjengelege kjeldematerialet som har vorte vist til tidlegare i oppgåva vil verte lagde fram. Fokuset vil her vere på samanlikninga av Gulatingslova og irske rettskjelder. Eventuelle meir usikre konklusjonar og spekulasjonar om m.a. reglanes opphav vil ikkje komme her, men vil heller vere i del 4.

I del 5 er ikkje fokuset på konkrete skilnadar i dei konkrete rettsreglane, men på dei overordna skilnadane i rettskultur som ein kan sjå ut frå den materielle retten. Dette er rettskultur i snever forstand, dvs. institusjonane og tankane i eit samfunn som direkte kan knytast til den materielle jussen. Denne oppgåva byggjer på den rettskulturelle modellen slik den vart presentert av Jørn Øyrehagen Sunde i «Champagne at the Funeral».³³ Gjennom å sjå på normskaping, konfliktløysing og profesjonalisering som rettskulturelle faktorar freistar denne oppgåva å seie noko om ein annan faktor i den aktuelle perioden, internasjonalisering. Å undersøke konkrete rettskulturelle element for å kunne seie noko om rettskulturen som har forma dei er ei tilnærming som har vorte nytta av Sunde i «Daughters of God and Counsellors of the Judges of Men» for å skildre rettsutviklinga i norsk rett på 1200-talet.³⁴

³³ Sunde «Champagne at the Funeral» s. 26

³⁴ Sunde «Daughters of God» frå s. 179

Eit forklaringsverktøy som nyttast i del 5 er retten som ein lagdelt heilskap, skildra av Sunde i «The Art of being Artful – the Complex Reception of Law».³⁵ Modellen er utvikla av Kaarlo Tuori, og skildrar retten som sett saman av fleire lag. Dei konkrete rettsreglane ligg i overflata, medan sentrale rettslege prinsipp utgjer eit mellomnivå. På botnen finn ein grunnleggjande tankar og idear som utgjer fundamentet som dei øvre laga byggjer på. I denne oppgåva vert modellen nytta for å vise på kva nivå ein finn skilnadar og likskapar.

Det vil også i del 5 visast til det rettskulturelle filteret, eit omgrep nytta av Eirik Holmøyvik i «A little bit of This and a little bit of That – the Complexity of Legal Reception». Omgrepet vart nytta om temaet resepsjon av framand rett, men må også seiast å vere relevant for rettsleg innverknad. Filteret er sett saman av «ideas of and expectations to law within the legal culture»,³⁶ altså alle dei tankar om og forventningar til retten som utgjer eit land sin rettskultur. Om den retten som vert forsøkt introdusert ikkje er i samsvar med desse ideane og forventningane, kan den framande retten «be discarded or at least heavily modified by the legislator».³⁷ Det rettskulturelle filteret er viktig for å forklare deler av funna som vert presenterte i del 5.

Dei interne understrukturane i dei ulike delane vil i nokon grad variere grunna skilnadar i tilgjengeleg materiale. Utover at dei materielle områda vert handsama i rekkjefølga sjølvtekt og hemn, pant og eidar, vert det derfor ikkje lagt føringar på korleis dei ulike samanlikningane vert utført.

I det følgjande vil i stor grad dei eksisterande og aksepterte omsetjingane av dei aktuelle mellomaldertekstane leggjast til grunn, og dei originale ordlydane vil i liten grad nyttast direkte eller problematiserast. I all hovudsak vil omsetjingane til moderne norsk språkdrakt og engelsk leggjast til grunn, og lesaren er åtvare om at nokre nyansar kan ha gått tapt av den grunn. Grunnen til dette er at i forsøket på å gjennomføre ei slik heilskapleg samanlikning som denne oppgåva har som føremål, har det vore naudsynt å behandle store mengder tekst for å ha eit grundig kjeldetilfang. Effektivitetsomsyn gjorde då at eg måtte ta utgangspunkt i omsetjingar, som er lettare språkleg tilgjengelege. Det har også i liten grad vore hensiktsmessig å problematisere den konkrete tolkinga av dei eldre lovtekstane utover det allereie omfattande arbeidet som har vorte lagt ned i omsetjingane som vert nytta i oppgåva.

³⁵ Sunde «The Art of being Artful» frå s. 34, som viser til Kaarlo Tuori *Critical legal positivism* s. 147-196, Ashgate Publishing, Aldershot 2002

³⁶ Holmøyvik s. 48

³⁷ Holmøyvik s. 49

For dei irske tekstane, der omsetjingane er av ein eldre dato, har det derimot vore naudsynt å gjere mindre korreksjonar på bakgrunn av nyare vurderingar i sekundærlitteraturen.

2. Del 2 – Samanlikning

2.1. *Sjølvtekt og hemn*

2.1.1. Introduksjon

Med sjølvtekt meinast i denne oppgåva å ta beslag i ein annan person sin eigedom på grunnlag av eit eksisterande krav mot den som sit med eigdommen. Med hemn meinast retten for ein person eller ein avgrensa krets med personar til å drepe nokon på grunnlag av rettsbrot den andre personen skal ha gjort mot hemnaren eller hans næraste. Grunnen til at retten til sjølvtekt og retten til hemn vert handsama saman er fordi dei begge er rettar gitt til eit offer for urett som ein middel for å skape balanse mellom partane og gjennom det sikre rettferd. Dei er også begge produkt av at samfunnet er i ein situasjon med svake offentlege makter, som gjer at den personlege handhevinga av retten vert sentral.

I underkapittelet om hemn vil det verte vist til Bretha Étgid («vurderingar om aktløyse»), ein brehon-tekst først skriven av den irske kong Cormac av Meath omkring år 266 og seinare oppdatert av Cennfaeladh son av Oilell omkring år 642.³⁸ Denne fokuserer på reduksjon av straffansvar ved uhell og om gradar av aktløyse og skuld, og gir då innsikt i irsk strafferett i mellomalderen generelt og hemn spesielt. Lesaren vil finne at referansane i oppgåva viser til *Ancient Laws of Ireland* bind III og det som der vert kalla Book of Aicill. Grunnen til dette er at ‘‘Lebar Aicle’’ og ‘‘Book of Aicill’’ som nytta i *Ancient Laws of Ireland* er ei feil omsetjing av det keltiske namnet frå siste halvdel av 1800-talet, og seinare kjelder på emnet har retta dette til Bretha Étgid.³⁹

2.1.2. Sjølvtekt

I Gulatingslova opnar Kaupebolken (GL kap. 34) med å setje som hovudregel at «ingen av oss skal taka gods frå andre» og gjer det klårt at «ikkje skal me taka noko med sjølvtekt (*gripdeilldum*)». I staden skal ein krevje sitt gods med «dom».

Kapittel 2 (GL kap. 35) omhandlar prosessen for pengekrav, «um nokon har pengar til gode hjå annanmann», der ein har vitne på dette. Denne føresegna kunne nyttast for alle pengekrav,

³⁸ AL iii s. lxxvii

³⁹ Kelly s. 272

anten dei kom som følgje av det ein i dag reknar som privatrettslege tilhøve som pengelån og handel eller det ein i dag reknar som offentlegrettslege krav, som krav på bot for lovbrøt.⁴⁰

Kapittel 2 seier at saksøkar først skal «stemna den andre heim til kravsmål og vitneførsle», og at heime hos den saksøkte skal saksøkar «bera heimstemnevitnesburd», dvs. vitne for stemming og så «vitne på pengane, so mykje som han har til gode hjå hin». Saksøkte kan krevje å ta saka til tinget om han er i tvil om det rettslege, men om han nektar å betale kan saksøkar ta saka til tinget «og leggja han ran ved», altså saksøke han for ran av det skuldige beløpet.

På tinget «skal tingmennene døma i saki», og om det ikkje vert semje på «fjordungstinget», kan saka takast opp på «fylkestinget». Igjen om ein fjerdedel på fylkestinget er usamd i dommen kan saka ankast igjen til Gulating. Men «alltid når alle vert samde» om pengekravet, skal det gis dom i saka.

Det er så først når det vert dømt i kreditor sin favør og debitor framleis ikkje vil betale at det vert aktuelt å krevje inn pengane med makt og sjølvtekt. Saksøkar kan krevje at «tingmennene, som på tinget er» og «kongs-år mannen» skal «fara stad og taka det doble av det han saksøkte for, og ein baug til kongen» saman med saksøkar. Grunnen til at det skal takast det doble beløpet er for å dekke bota for ran. Saksøkar skal også ha «6 øyrar i hardfangsbot» frå saksøkte, dvs. som bot for vanskaner med å drive inn kravet. Om tingmennene eller år mannen «nektar å fara stad (...) til å taka dei søkte pengane», må dei betale bot til kongen.

Vidare, om den saksøkte part eller andre motset seg sjølvtekt med grunnlag i rettskraftig dom og tek til våpen, «fell alle dei utlæge og uheilage» og kan drepast utan at drapsmannen risikerer straff. Om dei ikkje vert drepane, skal «hovdingen», den som vert pekt ut som leiaren av dei som gjer motstand, «saka 40 merker og kvar av dei andre 3 merker». Dette var ei tung bot.

Der ein person rettsstridig hadde slege seg ned på annan manns jord og nekta å fjerne seg for rett heimelsmann, set Landsleigebolken kap. 6 (GL kap. 77) opp ein liknande regel. Rette eigar skal «stemna [okkupanten] til tings for ran» og saka dømmast av tingmennene. Om den saksøkte etter det er gitt dom for kravet framleis ikkje vil «fara burt», kan «eigaren krevja so

⁴⁰ Brandt del II frå s. 384

mange tingmenn at han har folkehjelp nok til å føra han av jordi» og «[k]ongs-årmannen er skyldig til å fara med».

Det eksisterer òg ein liknande regel i Landsleigebolken kap. 10 (GL kap. 81) om folk «bur saman i grend», der ein i utgangspunktet berre har rett til å nytte heimehagen «2 månader av sumaren». Om ein vert sitjande for lenge kan den andre som bur i grenda «stemna han til tings for ran og ulovlegt tilhelde» (grasran) og endeleg dom gir rett på hjelp frå «så mange bønder og bygdemenn som han vil ha, til å føra bufeet åt den andre ut or heimehagen».

GL kap. 35, 77 og 81 legg alle til grunn at det kan påvisast at saksøkar har eit rettmessig krav på pengar eller land, og ei eiga vurdering av rettemessigheita ville vere gjenstand for eiga privat rettsak jf. kap. 35 første og andre ledd. Denne skal det ikkje gås nærare inn på i denne analysen. Det interessante her er prosessen for at rettmessige eigar kan gå til det skritt at det kan gjerast unntak for forbodet i kap. 34 mot sjølvtekt.

Kort summert er prosessen som følgjer: Først må det eksistere eit rettmessig krav, som det førast vitne for. Om saksøkte nektar å betale kravet, kan saksøkar stemne han for ran på tinget, der saksøkar igjen må føre vitne for kravet. Når tinget er tilstrekkeleg einig og gir dom for saksøkars krav, kan saksøkar be tingmennene og kongs-årmannen om å vere med og gjennomføre sjølvtekt. Først då kan saksøkar med rette gå inn og ta den tapande saksøkte part sin eigedom eller fjerne han med makt.

I dei irske rettskjeldene er reglane omkring ‘‘*athgabhail*’’ (å «ta tilbake») omfattande regulert i Di Chetharslicht Athgabála («om dei fire inndelingane av sjølvtekt»⁴¹). Dette er den første delen av Senchas Már etter introduksjonen.⁴² Her skildrast framgangsmåten for kreditor å ta gods frå debitor i dekning av eit krav mot siste, og dette kan omsetjast og vurderast på lik linje med sjølvtekt i Gulatingslova.⁴³

I motsetning til Gulatingslova, stillar ikkje Di Chetharslicht Athgabála noko generelt forbod mot sjølvtekt. Teksten fokuserer heller på å greie ut om vilkåra som må vere til stades for utføringa av sjølvtekt. Eit slikt fokus på vilkår og nyansar framfor klåre hovudreglar er ikkje uvanleg i irske rettstekstar, som først og fremst var meint for rettsbrukarar som juristar og dommarar.

⁴¹ AL i s. 65

⁴² Kelly s. 244

⁴³ Kelly s. 177

Sjølvtekt etter Senchas Mór startar med at kreditor gir debitor beskjed om at han vil komme og ta eigedom for kravet sitt, då «[n]otice precedes every distress in the case of the inferior grades». ⁴⁴ Det følgjer så ein venteperiode der debitor har mogelegheit for å gjere opp for seg eller eventuelt stille pant for kravet. Denne perioden avhenger av det rettslege grunnlaget for pengekravet, og kunne variere frå ein dag m.a. for ting som det var viktig for kreditor å få att, som t.d. ein okse til å pløye, til fem dagar, m.a. der debitor var pliktig å yte ei vare som tok tid å forme eller skaffe til veie. ⁴⁵

Lovteksten og seinare kommentarar går langt i å nyansere reglane om venteperioden etter varsel, av omsyn til kreditor og debitor sine situasjonar. Det vil ikkje her gåast nærare i detalj om desse nyanseringane eller dei nærare vilkåra for dei ulike venteperiodane.

Når venteperioden er over kan kreditor kome og ta debitor sine eigedelar, som regel i form av bufe. Krøter var særleg viktig i irsk økonomi, og det var normalt krøter eller andre husdyr som vart tatt i sjølvtektstilhøve. ⁴⁶ I den vidare utføringa av sjølvtekta er det sett opp fire steg: «carrying off after evasion, securing after carrying off, notice after securing, lawful waiting (...) after notice». ⁴⁷ Eigedelane skulle sikrast i ei eiga innhegning og debitor varslast om sikringa, og så starta ein ny venteperiode. Kor lenge den varte i praksis er usikkert, men det gissast at den var like lang som venteperioden etter første varsling. ⁴⁸ Då denne perioden var over, byrja verdien av dei konfiskerte eigedelane gradvis å verte kreditor sine for dekking av gjeld samt «expenses of feeding, and tending, delay in pound,» og til slutt «complete forfeiture». ⁴⁹

Men om debitor er ein *nemed*-person, altså ein høvding for ein klan eller ein med arbeid som gir han særleg rang, gjeld regelen om at «fasting precedes distress» i staden for å gi merknad. ⁵⁰ Kreditor skal faste utanfor debitor si dør i eit satt tidsrom før han kan utføre sjølvtekta. Dette gir velstående debitor meir tid før han må betale, men gir samtidig kreditor eit verktøy for å vise samfunnet at debitor ikkje betaler sin skuld. I eit mellomaldersamfunn som la særleg mykje vekt på eit godt rykte og god vandel, kan dette ha vore ei sterk oppmoding til debitor om å gjere opp for seg.

⁴⁴ AL i s. 113

⁴⁵ AL i s. 123 og s. 185 respektivt

⁴⁶ Kelly s. 178

⁴⁷ AL i s. 259

⁴⁸ Kelly s. 179

⁴⁹ AL i s. 259

⁵⁰ AL i s. 113

Sjølvtectsprosessen med ventetider som skildra ovanfor, “*athgabál íar fut*” («sjølvtect med opphald»), var standardprosessen for sjølvtect i Irland i mellomalderen.⁵¹ I særskilde tilhøve var det mogeleg å gjere sjølvtect utan slike venteperiodar, “*tulathgabál*”, og det var ein eigen prosess for sjølvtect mot debtors klanfrendar eller garantistar, “*athgabál inmleguin*”, som gjorde det naudsynt med lengre venteperiode. Desse skal det ikkje gåast nærare inn på her, då prosessen i det vesentlege var den same som for sjølvtectsprosessen med ventetider.

Eit nyansert system med varierende rettar og plikter for begge partar, samt bøter for kreditor som gjer «the unlawful taking of it» og høgtstående debitor som «refuses to cede what should be accorded to fasting»,⁵² gjorde prosessen juridisk komplisert. I tillegg kom kompetansespørsmål om kven som hadde rett til å utføre sjølvtect, spørsmål om utsetjing av prosessen, og særskilde reglar som gjorde at personar nedst på den sosiale rangstigen kunne takast som slavar for dekking av eigen gjeld.⁵³ Av den grunn er det i lova sagt at ein ikkje kan utføre sjølvtect «unless he is accompanied by an advocate [eloquent speaker]»,^{54 55} som fekk betalt ein tredjedel av det beløpet som vart beslaglagd.⁵⁶ Det irske rettssamfunnet sine *aighe* opererte som profesjonelle advokatar og såg til at prosessen gjekk rett føre seg, og ein kreditor som gjorde sjølvtect utan denne juridiske kontrollen kunne straffast med bot.

Om ein ser Gulatingslova og Di Chetharslicht Athgabála opp mot kvarandre kan ein forenkla seie at Gulatingslova og Senchas Már har motsett tilnærming til spørsmålet om sjølvtect. Gulatingslova stiller først opp eit generelt forbod og lovfestar så konkrete framgangsmåtar for kreditor å utøve sjølvtect i ulike tilhøve. Senchas Már legg i staden til grunn ein rett til sjølvtect som vert negativt avgrensa gjennom reglar om kompetanse og framgangsmåte. Kva som kan vere grunnen til desse utgangspunkta skal me komme tilbake til seinare i del 4.

Det som er likt er derimot at begge rettskjeldene legg klåre rettslege rammar for sjølvtect. Gulatingslova sitt krav om dom på tinget som føresetnad for å utføre sjølvtect, kombinert med å involvere tingmennene og kongens årman i gjennomføringa, kan tolkast som eit syn på at det var naudsynt med streng juridisk kontroll. Senchas Már på lik linje set ei plikt på kreditor at han skulle gjere sjølvtecta saman med ein rettslærd *aighe*. Kelly skriv at «a plaintiff should

⁵¹ Kelly s. 179

⁵² AL i s. 91 og s. 117 respektivt

⁵³ AL i s. 85, s.267 og s.105-107 respektivt

⁵⁴ AL i s. 85

⁵⁵ Tyding i klammeform frå merknad i omsetjinga s. 85

⁵⁶ Kelly s. 185

obtain the services of one who is skilled in speech»,⁵⁷ som kan tolkast i retning av at dette var valfritt, men den eldre omsetjinga i *Ancient Laws of Ireland* omset lovteksten som at kreditor «is not capable of taking distress (...) unless he is accompanied by an advocate»,⁵⁸ altså eit absolutt vilkår for lovleg sjølvtekt. Også faren for bot der ein trødde feil må ha fungert som ei klår oppmoding til å trø varsamt i eit juridisk vanskeleg område.

Ein interessant regel her er at GL kap. 35 set som straff på kvar som ikkje vil betale eit rettmessig krav eller føye seg etter dom at han kan stemnast for ran, som medfører at det kan takast «det duble av det han saksøkte for», der halvparten går til kongen som bot. Senchas Már seier òg at den som «refuses to cede what should be accorded to fasting» skal «pay double the thing for which he was fasted upon».⁵⁹ Altså, den som motset seg eit rettmessig krav, skal også her betale dobbelt, men berre i tilhøve der kreditor må faste, altså der debitor er ‘*nemed*’, ein person av høg rang. Nokon slik regel eksisterer ikkje der debitor ikkje er av høg rang, som medfører at ein velståande debitor straffast strengare enn ein svakare stilt debitor. Denne regelen gjeld også der kreditor ikkje er av tilsvarande høg rang, som elles normalt ville medført at han sto i ein svakare stilling enn debitor.

I fortsetjinga av dette ser ein at utøvarane av den juridiske kontrollen hadde ei eiga økonomisk interesse i å utføre ein slik aktiv kontroll av sjølvtekt. *Aigne* fekk som betaling ein tredjedel av beløpet som vart tatt gjennom sjølvtekt.⁶⁰ Og etter Gulatingslova kunne årsmannen til kongen krevje inn separate bøter frå debitor som vart utsatt for sjølvtekt, men han kunne miste desse bøkene om han ikkje fór med kreditor. Tingmenn som nekta å dømme i saka eller å fare med kreditor måtte også betale bot til kongen.

Kort summert ser ein at kva gjeld sjølvtekt har den eldre Gulatingslova og Senchas Már klare skilnadar i sine framgangsmåtar og utgangspunkt. Samtidig er det likskapar i korleis begge regelsetta freistar å gjere ei heilskapleg regulering av sjølvtektsprosessen, og i begge rettstekstane ser ein at dei involverer uavhengige rettslege aktørar i sjølve utføringa, med økonomisk gevinst eller straff som motivasjon, for å sikre at prosessen vert korrekt gjennomført.

⁵⁷ Kelly s. 185

⁵⁸ AL i s. 85

⁵⁹ AL i s. 117

⁶⁰ Kelly s. 185

2.1.3. Kort om straffeprosess

Då hemn i Gulatingslova hadde sterke band til strafferetten er det relevant å her trekke inn litt om korleis ei sak om rettsbrot normalt ville førast etter Gulatingslova og irske reglar for å gi naudsynt kontekst.

Etter irsk strafferett var ulike former for bot og oppreising den vanlegaste forma for strafferettsleg reaksjon for ulike lovbrøt.⁶¹ Eit lovbrøt gjorde ein pliktig å betale eit konkret beløp til offeret eller offerets familie, og det var i praksis ingen skilnad mellom betalinga av eit erstatningskrav som følgje av eit strafferettsleg lovbrøt og betaling av andre økonomiske plikter av ein meir sivilrettsleg art.

Dette gjorde at «straffesaka» i stor grad var eit økonomisk oppgjær mellom dei to partane, der storleiken på erstatninga vart rekna opp og gjerne kombinert med andre uteståande økonomiske forpliktingar eller rekna mot eventuelle uteståande betalingar som skadelidte var skyldig å betale til skadevaldar. Brehonen si rolle var å halde kontroll på reglane om utrekning av desse ulike tilhøva, for så å komme med eit endeleg resultat.

Det var i utgangspunktet opp til partane om saka skulle takast føre ein brehon for å komme til ei rimeleg løysing. Sjølv om brehonen hadde ei opphøgd stilling i samfunnet som rettskyndig konfliktløysar, hadde ikkje partane noka plikt å møte utan at ein hadde gitt løfte om å gjere det, som vist i Bretha Étgid.⁶² Men det er også skriva at om offeret tok saka til brehonen, skulle gjerningsmannen stemnast til domstolen og så dømde dommaren etter lova kor mykje erstatning offeret hadde krav på.⁶³ Dette kravet kunne vidare krevjast inn gjennom sjølvtekt eller, om gjerningsmannen ikkje kunne gjere opp for seg, gjennom å krevje det frå hans næraste slekt. Meir om akkurat dette seinare. Men mogelegheita for ein part åleine å løfte spørsmålet opp til brehonen gav det ein dimensjon av tvungen konfliktløysing.

Også etter Gulatingslova var hovudregelen at partane skulle finne fram til eit forlik gjennom at lovbrøtaren vart dømt til bøtestraff etter handsaming i ein privat sættardóm, der partane oppnemnde kvar sin halvpart av dommarane som skulle vurdere situasjonen.⁶⁴ Likt systemet i Irland var det reaksjonar tilgjengeleg der saka ikkje kom til ei minneleg løysing i sættardómen. Saka kunne takast opp på tinget, på lokale ting eller lagtinget på Gulating. Gulatingslova kap. 35 skildrar t.d. at om det ikkje vart semje lokalt gjekk saka til Gulating,

⁶¹ Framstillinga her og i neste avsnitt følgjer av Ginnell s. 184 mv.

⁶² AL iii s. 331

⁶³ Ginnell s. 185-186

⁶⁴ Helle s. 105

som var høgaste autoritet tilgjengeleg. Tinga var folkeforsamlingar der folk vart kalla for å løyse ulike spørsmål ilag, og avgjerder på tinga hadde dømmende makt.⁶⁵ Dommane på tinget fekk si vekt gjennom å ha støtta til alle dei som var til stades på tinget,⁶⁶ og som me såg for sjølvtekt stilte tingmennene si hjelp bak å handheve dommane. Saker der den aktuelle straffereaksjonen var utlegd eller at ein person vart lyst fredlaus skulle alltid takast opp på tinget. Dommen vart så gjennomført ved hjelp av tingmennene eller kongen sin årmann, som mellom anna hadde ansvar for å skaffe avrettar (banemann) for den dømd til dødsstraff jf. Mannhelgebolken kap. 3 (GL kap. 152).

Dei små skilnadane i prosessen medfører at dei respektive rettsreglane vert sett i litt forskjellige lys. Reglane i Gulatingslova bærer med seg alvorlege reaksjonar som kunne gjennomførast med tvang om naudsynt, og på den måten låg det ein hard sosial justis bak reglane. Samtidig var tingmennene ikkje profesjonelle dommarar, og dommane var avhengige av semje og vilje til å handheve dei blant tingmennene. I Irland i mellomalderen fungerte brehonane som profesjonelle dommarar, men det var derimot usikkert om det eksisterte ei slik tvungen konfliktløsning og korleis straffetiltaka fungerte i praksis i det irske samfunnet. Ginnell skriv at det var ei sterk rettskjensle i det irske samfunnet, og at familiane og klanane hadde sterk eigeninteresse i å ordne opp i rettsbrotstilhøve, både sosialt og med tanke på æra, så også her var det ein sterk dimensjon av at dommen fekk si gjennomslagskraft gjennom at folk flest var med og såg til at tiltaka vart gjennomførte.⁶⁷

2.1.4. Hemn

I det følgjande er det naudsynt å gjere eit skilje mellom å drepe ein som ein har rett til å hemne seg mot og det å drepe ein som er fredlaus. Begge delar medfører at ein kan ta livet av ein annan person utan at det er eit rettsstridig drap, på grunnlag av den andre sine tidlegare rettsstridige handlingar. Men i det første er det ein rett gitt til nokon særskilde medan det siste er ein konsekvens av at den fredlause generelt mistar sitt rettslege vern for liv og kan drepast av kvar person. Dette skiljet er viktig fordi det er to heilt forskjellige straffereaksjonar, sjølv om nokre rettsbrot i mellomalderen både kunne medføre at gjerningsmannen vart fredlaus samt at offeret og denne sine næraste fekk rett til å hemne seg. Det avgrensast i det følgjande til der særskilde personar eller grupper på personar får ein personleg rett til å utføre hemn på

⁶⁵ Sunde *Speculum Legale* s. 81

⁶⁶ Sunde *Speculum Legale* s. 84

⁶⁷ Ginnell s. 186-187

gjerningsmannen, og reglar om dødsstraff, utlegd, fred/bannlysing eller utstøyting skal ikkje gåast nærare inn på her.

I Gulatingslova sine strafferettslege reglar var bøter til offeret og/eller kongen den mest brukte straffereaksjonen. Berre unntaksvis i særskilde tilhøve gir Gulatingslova offeret eller denne sin familie rett til å utøve hemn.

Mannhelgebolken kap. 11 (GL kap. 160) første ledd konstaterer at ein kan reise sak «mot daud mann» der «ein kjem yver ein mann hjå den kvinna som ein har rett til hemndrøp for». Originalteksten seier «*víg um at viga*», som er å forstå som rett til å gjere drap.⁶⁸ Altså, for å rettferdiggjere å ha drepe ein mann, kunne ein reise sak mot den døde og vise til at ein hadde rett til hemndrap. Vidare fortel regelen at kvinnene retten gjeld er kona, systera, dottera, mora, stemora, svigerinna eller svigerdotter, og seier at «[u]m mannen kjem yver nokon hjå ei av desse, skal han drepa den mannen, um han vil». Men han må så gå ut og tilstå dette «til den han fyrst når i, og likeins [segja han] kva grunnen var».⁶⁹ Vidare går saka til tinget, enten kalla av arvingen etter den drepne eller av drapsmannen sjølv, der mannen må «krevja seg grid og bjoda lov for seg og føra fram vitneprov av dei mennene som han fyrst nådde i». Ein mann kan altså utøve personleg hemn i eit tilfelle som GL kap. 160 første ledd skildrar, men må sikre vitne og vere klår til å forsvare sine handlingar på tinget.

Liknande er det i kap. 47 (GL kap. 196) som regulerer «fullrettsord», eller særleg grove fornærmingar og skuldingar. Blant fullrettsorda er der ein mann seier om ein annan mann «at han har født barn», «det er prova at hin har late seg bruka til utukt» eller «um han jamnar han med ei merr eller (...) jamnar han med noko hodyr». Gulatingslova seier at offeret for slike grove fornærmingar kan «drepa den mannen som utlæg, til hemn for dei ordi (...) um han tek vitne på dei». Igjen talar ordlyden om å «*viga um at ulogum*», altså rett til å gjere drap. Men desse skuldingane kallas fullrettsord fordi den som ytrar dei skal «bøta full rettsbot» til den fornærma for det, og storleiken på den rettsbota fylgjer av den fornærma si stilling i samfunnet jf. GL kap. 200. Så retten til å ta hemn for fornærmingane er likestilt med eit krav på bot.

Mannhelgebolken kapittel 46 omtalar fullrettsbot for ulike lekamsfornærmingar. I andre avsnitt seier lova at «[s]kuvar ein mann ein annan yver bord (...) på den sida av skipet som vende frå land, då kann han drepa han for det». Dette er den einaste lekamsfornærminga som

⁶⁸ Storm og Hertzberg s. 712-713

⁶⁹ Kontekst i klammeform frå omsetjinga

kan hemnast, og berre om hemnaren vert skyvd over bord på akkurat den sida. Alle andre tilhøve kan berre straffast med «fullrettsbot». Ei naturleg forklaring for dette er fordi det er mykje farlegare for den som vert skubba over bord på sida som ikkje vender mot land. Den som skubbar kan hemnast mot fordi hemnaren sitt liv vart sett i fare, i eit forsøk på å skape balanse mellom partane.

Til slutt seier kapittel 37 (GL kap. 186) som generell regel at «[i]ngen har krav på rettsbot for seg meir enn tri gonger (...) um han ikkje hemner seg innimillon». Altså, om ein hadde tatt rettsbot i tre tilhøve der han hadde rett til å gjere hemndrap, hadde ein ikkje krav på rettsbot fjerde gongen. Bakgrunnen for denne regelen er uklår, men det gir eit inntrykk av at hemn spelte ei viktig rolle i samfunnet sjølv om hemnretten var avgrensa. Helle skriv at Gulatingslova kom på eit mellomstadium der det norske samfunnet gradvis gjekk bort frå hemndrap, og viser til at hemndrap vart forbode i Magnus Lagabøtes Landslov av 1274.⁷⁰ I den konteksten kan ein då tolke kap. 186 som eit produkt av ein eldre tankegang rundt hemn som i det store biletet var på veg ut, men som på tidspunktet for skriftfestinga sto sterkt.

I Irland i mellomalderen var betaling av bot hovudregelen frå gammalt av, til og med for særskild alvorlege rettsbrot som drap. Tidleg i Senchas Már står det skrive forteljinga om drapet på sjåføren av St. Patrick si hestevogn, som historisk skal ha levd på 400-talet.⁷¹ Saka om drapsmannen Nuada Derg vart tatt til Irlands høgaste poet på den tida,⁷² Dubhthach Mac ua Lugair, der det vart spørsmål om Nuada skulle dømmast til dødsstraff eller ‘*eric*’-bot, ei særskild økonomisk erstatning for den drepne. Der vart det kristne idealet om at «[i]f he has atoned he is entitled to absolution» harmonisert med den eldre irske tanken om at «[I]et every one die who kills a human being». Nuada vart dømt til dødsstraff, men berre fordi St. Patrick kunne sikre at han kom til himmelen og vart tilgitt på den måten. Etter St. Patrick si tid, vart situasjonen slik at «at present no one has the power of bestowing heaven», og hovudregelen vart at «no one is put to death for his intentional crimes, as long as ‘eric’-fine is obtained; and whenever ‘eric’-fine is not obtained, he is put to death for his intentional crimes».

⁷⁰ Helle s. 87-88

⁷¹ Det følgjande er funne i AL i frå s. 5 til 15

⁷² I tidleg irsk historie fungerte poetane som lovkyndige menn, då rettspraksis vart overført i form av dikt. Etter kvart som poetane sine dikt ikkje lenger var forstålege av folk elles, vart oppgåva å overlevere rettspraksis lagd til brehonane.

Denne delen av Senchas Mór vart i følgje Kelly lagt til på eit seinare (men framleis tidleg) tidspunkt.⁷³ Plasseringa peikar derimot i retning av at den gir uttrykk for ein sentral tanke kva gjeld straffereaksjonar i irsk mellomalderrett. Gjennom Senchas Mór og særleg i den strafferettslege brehon-teksten Bretha Étgid finn ein at så nær som alle brotsverk kan gjerast opp for gjennom å betale bot og/eller kompensasjon til offeret. Spørsmålet som melder seg er heller kva som skjer om ein ikkje kan betale for seg.

Ein finn ikkje nokon bruk av uttrykk som «hemn» i irske rettskjelder. I staden finn ein i Bretha Étgid sin andre del, skrive av Cennfaeladh omkring år 642,⁷⁴ ein regel om at «Thou shalt not kill a captive unless he be thine».⁷⁵ Originalteksten nyttar ordet «*cimbid*», som refererer til ein som er funne skuldig i eit alvorleg brotsverk men som ikkje har gjort opp for seg.⁷⁶ I følgje litterære kjelder var dette normalt personar skuldige i drap.⁷⁷ Så lenge personen sjølv ikkje betalte dei bøtene han var skuldig å betale og nokon andre ikkje betalte for han heller, sto den fornærma familien fritt til å drepe han utan at dei vart skuldige å betale erstatning for hans død. Altså var hemnretten eit produkt av at den primære straffereaksjon, bøtestraffa, ikkje kunne gjennomførast.

Kelly skriv at der ein drapsmann ikkje gjorde opp for seg og var på frifot, slik at han ikkje kunne gripast og haldast som fange, låg det på familien til offeret ei plikt å gjennomføre ein blodfeide mot drapsmannen sin familie for å hemne drapet.⁷⁸ Så, hemnretten kunne utvidast om naudsynt, men igjen var det berre om økonomisk kompensasjon ikkje vart ordna.

Kva brotsverk som skulle til for å kvalifisere til status som «*cimbid*» følgjer ikkje klårt av lovtekstane, då reglane i stor grad omtalar bøtestraff. Men kommentarane til Bretha Étgid talar om den som er «condemned to death».⁷⁹ Dette talar i retning av at å dømmast til døden var ein særskild dom, men det kan også ha samsvar med særskilt høge bøtesummer for alvorlege brotsverk.

Allereie her ser ein klare skilnadar mellom dei to landas tilnærming til spørsmålet om hemnrett. Både Irland og Noreg har i mellomalderen ei historie med hemnrett, men Irland går tidleg over til bøtestraff som klår hovudregel medan Noreg framleis held på med å snevre inn

⁷³ Kelly s. 266

⁷⁴ AL iii s. lxxvii og fotnote 4 s. 297

⁷⁵ AL iii s. 485

⁷⁶ Kelly s. 97

⁷⁷ Kelly s. 97 og 215

⁷⁸ Kelly s. 127

⁷⁹ AL iii s. 485

mogelegheitene for hemnrett i Gulatingslova. Samtidig er Irland sin mogelegheit for hemnrett meir upresist definert, medan den i Noreg er klårt regulert i konkrete tilhøve. Korleis ein skal tolke desse skilnadane er usikkert. På den eine sida kan det tala i retning for at hemnretten sat betre igjen i Noreg frå tidlegare, då hemnrett er likestilt med bøter i kap. 196, i kap. 160 kan ein utføre det før ein tek saka til tinget og kap. 186 seier ein berre kan krevje rettsbot tre gonger før ein må hemne. På den andre sida er det i Irland mindre detaljregulert, som kan tale i retning for at Irland hadde problem med å setje hemnen inn i nøye regulerte rammer. Samtidig er det tydeleg at tanken om bøtestraff var dominerande i Senchas Már og Bretha Étgid.

I det føregåande har eg skrive om hemn som reaksjon likestilt med bot og som straffereaksjon. Sjølv om dei konkrete reglane er ulike er det ein fellesnemnar at hemnretten i begge rettssystema trer inn i særskilde tilhøve der den som får rett på hemn vert utsett for ei særskild krenking. Hemn vert i Irland nytta som reaksjon på drap og andre alvorlege brotsverk, og gir på den måten dei etterlatne i offerets familie mogelegheit til å oppnå balanse sjølv om dei ikkje får kompensasjonen dei har krav. I Noreg vert hemn nytta for å verne om sin eigen og familien sin ære, og å verte utsatt for krenkingar medførte at ein kunne hemne seg. Hemnen har då ein klår personleg dimensjon i begge rettssystema, og gir uttrykk for at hemnretten trer inn på bakgrunn av hemnaren sitt behov for å skapa balanse mellom partane, og på den måte sikre personleg rettferd.

Eit døme på korleis hemnretten kan nyttast annleis finn ein i begge lovsystema. Både Bretha Étgid og Gulatingslova har ein regel om der ein tek ein tjuv på fersk gjerning på eigen eigedom. Den tidlegare drøfta GL kap. 160 seier i sitt fjerde ledd at «når ein mann kjem yver ein annan i buret sitt, og han har laga seg byrd der av gods og klæde, då kann han drepa den mannen, um han vil». På same vis som der ein tek livet av den som er hos ei kvinne i familien må ein «gå etter grannane sine (...) og ha dei til vitne på orvartinget». Kapittel 160 femte ledd gir også same rett der tjuven vert funne «i kvei si eller i fjøset».

Det er ein liknande regel i Bretha Étgid, der det står at «*[t]he life of every law-breaker is fully forfeited*».⁸⁰ I dei seinare kommentarane vert det spesifisert at denne regelen gjeld for «the thief without name» og «*[t]he person who came to inflict a wound upon the body*»,⁸¹ og berre

⁸⁰ AL iii s. 465, kursiv frå omsetjinga

⁸¹ AL iii s. 465 og 469

«when there is no power of arresting him at the time of committing the trespass». Likevel vert straffa redusert «as far as one-third» om det var mogeleg å stanse han utan å drepe han.

Sett med moderne auge kan det vere naturleg å sjå på desse reglane som nødverje, altså ei rettsstridig handling som likevel vert straffri då den vert gjort for å verne seg eller sin eigedom mot rettsstridige angrep. Men sett i kontekst av sine regelsett, er regelen i GL kap. 160 fjerde ledd i same kapittel som retten til å drepe den ein finn med eit kvinneleg slektsmedlem, og kommentarane i Bretha Étgid skriv rett ut at å drepe ein tjuv er «lawful». ⁸² At Bretha Étgid også gir reduksjon av bota til den som kunne arrestert tjuven i staden gir også uttrykk for at det er ein dimensjon av hemnrett i desse reglane.

I ei meir heilskapleg samanlikning av hemnreglane ser ein to ulike system for hemn med fleire nærare likskapar. Utgangspunkta er ulike, då hemnretten i Gulatingslova er positivt lovfesta til særskilde tilhøve, medan den i Bretha Étgid eksisterer som ein underliggande trussel for dei som ikkje betaler sine rettsbøter og erstatning. Det er nok fleire grunnar for dette, mellom anna at ein i Irland frå gammalt av hadde ein lang tradisjon for bøtestraff i alle tilhøve medan den personlege hemnretten var særskild viktig i det norske samfunnet. Det forklarar delvis kvifor Bretha Étgid i så liten grad ser det naudsynt å gjere detaljregulering av hemnretten, men det er påfallande at dei irske rettskjeldene ikkje har meir om den personlege hemnretten, som t.d. kva som kvalifiserer ein lovbrytar som ein *cimbid* eller kva som skjer om ein person delvis kan gjere opp for seg. Det er mogeleg at delar av rettskjeldene manglar på dette området. Hemnretten oppstår også mykje tidlegare i saksløpet etter den eldre Gulatingslova enn i Bretha Étgid, like etter den rettsstridige handlinga i staden for etter forsøk på økonomiske reparasjonar, og den rettslege kontrollen vert då også utført på heilt ulike tidspunkt i forhold til utføringa av hemnen. Kva som kan vere grunnlaget for denne skilnaden skal me komme tilbake til.

2.1.5. Mellomformar for hemn

I føregåande delkapittel vart det avgrensa mot drap på utlægd person. Likevel er ikkje dette eit klårt skilje å gjere, då ein i Gulatingslova finn fleire reglar som står i ei stilling mellom utlægd og hemn. Nokre liknande reglar har eg ikkje funne i irske kjelder, så dette delkapittelet vil ikkje innehalde nokon samanlikning med irsk rett.

⁸² AL iii s. 465

Det beste dømet på denne forma for reaksjon finn ein i Mannhelgebolken kap. 3 (GL kap. 152) «Um flokksdråp og um hindring». Lova seier der at «um ein mann vert drepen i ein flokk, då er det vèl um det vert hemnt». Lovteksten nyttar ordet «hemnt», som peiker i retning av den personlege reaksjonen frå den som føler seg trua eller krenka i kap. 16. Men det kan også sjåast på som ei form for rett til kvar mann til å drepe ein fredlaus lovbrytar. Det er også ein skilnad i ordbruken i originalteksten. I GL kap. 152 er det tale om «hemt», og ikkje å «vida» som i kap. 160. Det er ikkje dei andre i flokken som vert gitt ein personleg hemnrett, men drapsmannen som mistar sitt rettslege vern av livet.

Vidare døme på denne forma for hemn finn ein i Mannhelgebolken kap. 22 (GL kap. 171) om der «ein mann drep ein annan på skip». Her seier lova at «då er det vèl um han vert hemnd (*hemt*) eller dråpsmannen vert skuva yver bord». Dette er hemn utført av tredjemann som verktøy for å sikre freden på skipet, og reduserer gjerningsmannen til ein status lik ein fredlaus før saka har komme på tinget. Det er dermed ikkje ein rein hemnrett, men det er heller ikkje det same som at gjerningsmannen vert utlegd. Denne forma står altså òg i ei mellomstilling.

Det er også eit anna viktig skilje mellom denne mellomforma og fredløyse. I GL kap. 152 vert det sagt at «um dråpsmannen renner undan til skogs, skal alle renna etter og ingen hindra det». Vidare «um dei fell, som hindrar forfylggingi, då fell dei utlæge, men eiga deira er ikkje utlæg». Til slutt «[u]m dråpsmannen vert handteken i forfylggingi, då helgar handi han til tings og derifrå til bane».

Gulatinglova skildrar at dei som er til stades ved flokkdrapet har ei plikt til å springe etter drapsmannen om han prøver å flykte. Om nokon prøver å hindre forfølgjarane, kan desse drepast. Og om nokon klarar å få grep på drapsmannen, så kan han ikkje drepast, men skal førast til tinget og dømmast til døden. Denne plikta finn ein ikkje i reglane som gir hemnrett eller i reglane om utlæg. Ein er forbode å hjelpa utlæg mann (sjå t.d. GL kap. 153 om å hjelpe utlæg mann til skips), men ein har ikkje ei særskild plikt til verken å arrestere eller å drepa han. Men det har ein i ei slik stilling som mellomforma skildrar.

Dette ser ein også i GL kap. 171 om drap på skip. Drapet skal hemnast med drap eller ved å skuve han over bord, men dei andre på skipet kan og «usaka føra han til lands, til fastlandet». Men dei kan ikkje føre drapsmannen lenger ut på havet, for «då er kvar av dei saka 40 merker». Igjen er det ei form for handleplikt: drapsmannen skal enten drepast, skuvast over bord eller førast rett til fastlandet.

Det verkar då å vere to hovudomsyn bak reglane. Det første er omsynet til den personlege rettferdskjensla gjennom å sikre at dei som er vitne til eit mord i slike tilhøve ikkje vert dømde for mord for å hemne drap som skjer rett føre dei, gjennom effektivt å gjere drapsmannen rettslaus utan behov for rettssak. Det andre er at ved å gi vitna ei handleplikt som ikkje berre omhandlar hemndrap, men også gjer det mogeleg å sikre ei rettssak mot drapsmannen (gjennom å arrestere han eller med ein gong føre han tilbake til fastlandet), vert vitna delaktige i å verne samfunnet frå drapsmannen.

Gjennom ei utviding av hemnretten, og med eit element av handleplikt, finn ein i den eldre Gulatingslova å nytte hemnen som eit verktøy for å skape tryggleik i samfunnet gjennom å gi vitne til straffbare handlingar ei opning til å gripe inn. Dette kan gjerast i den eldre Gulatingslova fordi der oppstår hemnretten like etter at den straffbare handlinga er gjort. Korleis dette vert sjåande ut i ein breiare kontekst skal vurderast seinare.

2.2. *Pant*

2.2.1. Innleiing

Panteordninga i moderne formuerett er eit godt utvikla og nøye regulert rettsområde som gjerne går på tvers av landegrenser. Særleg viktig er det for å sikre økonomiske kredittavtalar, då pant i debitor sine eigedelar minskar kreditor sitt tap om kreditten ikkje seinare vert betalt tilbake.

Pant i mellomalderen var ikkje like klårt definert, men tanken om å stille eigedelar og eigedom som økonomisk tryggleik kan likevel sjåast i både Gulatingslova og irske rettskjelder. Med «pant» meinast i denne oppgåva å stille verdiar, lausøyre eller eigedom, som økonomisk tryggleik for avtalerettslege tilhøve, med det føremål at panteobjektet kan tilbakeførast til den som stiller panteobjektet som sikring på eit seinare tidspunkt.

2.2.2. Pant i Gulatingslova

Bortsett frå i eit par konkrete tilhøve er ikkje pant særskild regulert i Gulatingslova. I stor grad var nok privatretten i Gulatingslagen ulovfesta, i form av sedvanar og rettssetningar som vart overleverte munnleg i staden for å verte skrive ned i lovs form.⁸³ Men noko vart lovfesta, og Kaupebolken kap. 17 (GL kap. 50) stiller opp nokre generelle reglar for ulike panterettslege tvistar.

⁸³ Aubert *Den norske Privatrets almindelige Del* s. 30

Kapittel 50 omtalar «ved», som direkte kan omsetjast som pant eller sikring.⁸⁴ Og frå lova ser ein at dette har fleire likskapstrekk med moderne handpant. Kapittel 50 sin første regel om pant er at i alle tilhøve der nokon set pant, skal den «som tek imot» panteobjektet «ha vågnaden for pantet». Ordlyden «ved» viser til både sjølvve pantesikringa og panteobjektet, og må i denne regelen forståast å vise til panteobjektet, og ikkje pantekravet slik ein kanskje ville tolka det i moderne panterett. Med andre ord seier regelen at det er panthavar som bærer risikoen for skadar på eller tap av panteobjektet der panteobjektet vert gitt til panthavar.

Den andre regelen talar om der partane har «avtala ein dag, då det skal løysast ut». Dette er ein generell prosessuell regel om løysing av pant der løysingsdagen har vorte avtala på førehand. Då skal «han bjoda det fram på den fastsette dagen og ha vitne med». Lest i samanheng med første regelen må «han» forståast som å vere den «som tek imot det», altså panthavar. På avtalt løysingsdag skal panthavar oppsøke pantsetjar med vitne til stades, og tilby å løyse pantet. Men om pantsetjar ikkje løyser det ut, «då har eigaren tapt sin rett». Pantet er forfalle og panteobjektet vert panthavar sin eigedom.

Tredje ledd omtalar der ein kreditor tek pant der han har «pengar å krevja hjå annanmann» og «tek pant for pengane i eit eller anna». Kreditor kan her ta pant i «jord eller i anna gods» som tilhøyrar debitor. Om dette er ein rett eller ei mogelegheit som lova opnar for er uklårt ut frå lovteksten. Tolka i tråd med Kaupebolken kap. 1 (GL kap. 34) som seier at «ingen av oss skal taka gods frå andre», kan dette forståast som ei lovfesta mogelegheit som kreditor og debitor har for å ordne opp seg imellom. Men det kan også ha vore ein rett kreditor hadde til å ta seg til rette. Vidare seier regelen at om debitor/pantsetjar/«eigaren» (kontekst frå omsetjinga) sel panteobjektet til «annanmann», må «panthavaren innan 12 månader føra vitne på at det er hans pant». Om han ikkje er i fylket, må han søke pantet tilbake «i dei fyrste 12 månadane når han kjem heim i fylket; elles får han aldri uppreisnad i denne saki». Uavhengig av kunnskap om tilhøvet vert panteretten altså utsletta til fordel for seinare ervervar etter eitt år har gått sidan panteobjektet vart seld. Kreditor har då eit eige ansvar for å forsvare panteretten sin, og har bevisbyrden der debitor sel panteobjektet vidare i strid med pantsetjinga.

Den siste panterettslege regelen i Kaupebolken gjeld der «nokon [gjev] eitt pant til to menn»,⁸⁵ ei vanleg tredjepartskonflikt. I følgje kap. 50 fjerde ledd «eig den pantet som fyrst

⁸⁴ Storm og Hertzberg s. 695

⁸⁵ Mi kontekst i klammar

fekk [pant i] det, når vitne veit det».⁸⁶ Altså, den som fyrst har vitne for pantet sitt er rette eigar av panteretten. Overfor den tapande tredjemann som først fekk vitne etterpå er det «kaufufusk», altså ei ugyldig avtale.

Det er då ei generell opning for pantesikring av pengekrav jf. kap. 50 tredje ledd samt nokon generelle reglar. Men det eksisterer også nokre få særskilde reguleringar av konkrete tilhøve. Odelsløysingi kap. 12 (GL kap. 276) handsamar sal av odelsjord, og i hovudsak regulerer den prosessen ved sal av odelsjord slik at ikkje andre slektingar med odelsrett skal miste sin rett. Men frå tredje ledd og utover omtalast sal av jord «på årmål, på 15 vintrar». Dette er då eit midlertidig sal til ei fastsett tid, som i praksis fungerer som eit lån til seljaren med pant i odelsjorda. Grunnen til at eit slikt midlertidig sal er mogeleg er at løysingsretten som ligg på jorda for seljaren gjer det mogeleg for han å ta jorda tilbake på eit seinare tidspunkt.

Kapittel 276 seier vidare at jorda skal vere kjøparen si «til den fastsette innløysingstidi», og då skal seljaren «stemna [kjøparen] til jordi torsdagen i påskevika, um hin vil taka mot slik kjøpesum som vitne veit at han gav».⁸⁷ Når perioden for det midlertidige salet er over, skal altså seljar «stemna» kjøparen for å betale tilbake lånet og få tilbake den pantsette jorda. Jord seld for ei fastsett tid kallast derfor for «stemnejord» i Gulatingslova. Stemnejord er vidare hefta med særskilde reglar, m.a. der ein annan vil løysa inn odelen sin som ligg som stemnejord (GL kap. 284) og særskilde prosessreglar og tredjemannskonfliktar (GL kap. 286).

Ein kunne også selje odelsjord med rett til å «løysa henne attende kva dag han vil» jf. kap. 16 (GL kap. 280), og dette vert kalla «målejord» i Gulatingslova. Men sjølv om seljar kan løysa jorda når han vil, skal han seinast gi beskjed til den som sit med jorda «ein halv månad fyre torsdagen i påskevika» for at den som sit med jorda «kann gjera seg nytte av pengane den sumaren». Om seljaren ikkje løyser jorda før «etter fardagane», har kjøparen rett på «både pengane og leiga». Kjøparen har då både krav på løysesummen og til å sitje som leiglending ut året og dyrke jorda.

Utgangspunktet for å stemne kjøparen er torsdagen i påskeveka ved stemnejord, og målejord kan løysast når ein vil, men kjøparen hadde rett til å sitje som leiglending om jorda vart løyst «etter fardagane». Fardagane eller flyttedagane var tida på våren då leiglendingar si leigeperiode tok slutt (etter sommarmål 14. april),⁸⁸ som gav dei tid til å flytte vidare til nytt

⁸⁶ Kontekst i klammar frå omsetjinga

⁸⁷ Mi kontekst i klammar

⁸⁸ Helle s. 120

land. Tida for når ein kunne løyse inn jord var altså nært knytt opp til jordbruksåret, og kunne ikkje skje etter ei viss tid på året for å forsvare interessene til den som sat med jorda. Dette følgjer eksplisitt av Odelsløysing kap. 19 om innløyising av målejord (GL kap. 283). Her står det at den som løyser «ein halv månad fyre torsdagen i påskevika» kan få råde med jorda med ein gong han har betalt. Om ein løyser seinare, «men likevel fyrr arden er sett i jordi, utan svik», får løysaren rett til «landskyld», men den som sit med jorda har rett «til å driva garden». Ein ard er ein gamal jordbruksreiskap nytta for å smuldre jorda før såing eller planting, medan landskyld var årsleiga ein leiglending betalte til jordeigaren.⁸⁹ Så om ein løyste jorda før den som budde på jorda hadde starta å førebu jorda for planting, kunne den som sat med jorda sitje som leiglending det neste året om han ville mot at han betalte leige til jordeigaren. Men om jordeigar løyste jorda «endå seinare», altså etter at den som sat med jorda hadde byrja å førebu jorda til jordbruk, skulle den siste «ha både jordi og pengane fritt det året». Fordi kjøparen allereie hadde innretta seg på jorda, kunne han altså nytte jorda ut året, og måtte ikkje bryte opp berre fordi eigaren nytta seg av den opne løysingsretten.

Ein unntaksregel for stemnejord finn ein i kap. 29 (GL kap. 293) som seier at «um det kjem armod på den mannen som selde stemnejord», kan han straks «stemna kjøparen til jordi med eit varsel på ein halv månad og fara dit innløyisingdagen». Seljaren må føre vitne på «at armod bryt avtala deira». Omsynet til seljaren sin vanskelege økonomiske situasjon går her føre eventuell innretting som kjøparen har gjort. Armod medførte at ein person ikkje var i stand til å syte for seg sjølv og måtte søke til slekta si for å verte sytt for (jf. GL kap. 118), og å løyse jorda si kunne gi han moglegheita til å komme ut av denne sær sars vanskelege og skamfulle situasjonen. Regelen gjeld berre for stemnejord, der ein kanskje elles kunne seie at kjøparen kunna hatt rett til eit sterkare vern grunna ei satt løysingsperiode. Men på den andre sida kunne seljaren i stemnejordstilhøve lettare sitte i ein låst situasjon der det potensielt kunne vere fleire år til han har tilgang til den økonomiske tryggleiken han treng. Ein som hadde seld målejord og så kom i armod ville derimot kunne nytte den ordinære retten til å løyse den attende «kva dag han vil».

Til slutt skal nemnast ein særskild panterettsleg regel i Kaupebolken kap. 8 (GL kap. 41) om leigekyr. Kapittel 41 omhandlar ulike kontraktrettslege reglar ved bortleige av kyr, m.a. kven som sit med risikoen for skade. Her seier tredje ledd om ei bortleigd ku døy, «men eigaren hadde pant i ei onnor («veð i annarre» på originalspråket), skal han ha den i staden for si ku,

⁸⁹ Helle s. 121

for ku skal koma i staden for ku». Mest praktisk er denne regelen kanskje der ein bonde med ein mindre flokk husdyr pantsetter egne kyr som tryggleik for å leige kyr og dermed auke avkastinga. Men regelen viser også at «ved» eller pant eksisterte på ulike område i privatretten i Gulatingslova, og nok var eit viktig element i fleire område innan privatretten.

2.2.3. Pant i Senchas Már

Pant eller «gell» var også viktig i Irland, særleg i kontraktretten. Kelly skildrar at ein eigedel av verdi vart gitt til ein avtalepart for å sikre ulike privatrettslege høve for eit satt tidsrom, og så gitt tilbake.⁹⁰ I Senchas Már står det skrive i Di Chetharslicht Athgabála at «pledge by which debt is secured in verbal contracts», altså pant som sikrar pengekrav i munnleg inngåtte avtalar, er ein av «four things that perfect law».⁹¹ Pant vert då likestilt med «proof by which judgment is confirmed» og «making reparation after violating the law», dvs. bevis i ei retts sak og erstatning for rettsbrot: det er naudsynt for å få komplette rettstilhøve. Kelly skriv vidare at pantet kunne gis før avtala var endeleg inngått som symbol på at pantsetjaren var villig til å godta den andre sine vilkår, eller i ettertid som «gissel» for gjennomføringa av avtala.⁹² Nokre vidare reglar om prosedyren ved pantsetjing eller løysing av pant er ikkje tilgjengelege i lovfesta form.

I nokre tilhøve vart pant gitt i forkant av eit lengre kontraktstilhøve i tilfelle det oppsto skadar. Eit døme på dette finn ein i Di Chetharslicht Athgabála, der «every one gives pledges for his cattle in right of co-occupancy of land to the four neighbours next to him».⁹³ I kommentarane er dette vidare kalla eit «relieving pledge».⁹⁴ Kvar som har bufe på beite skal stille pant til sine naboar for å dekke framtidige skadar som t.d. kjem av at kyr beveger seg inn på annan manns eigedom.

Det vart stilt rettslege krav om kva ting som kunne stillast som pant, men grunna motstrid i dei overlevande kjeldene er det noko uklårt kva.⁹⁵ Det som var mest vanleg var, som elles i irsk økonomi, bufe og andre husdyr, men ein kunne også pantsetje verktya ein nytta i arbeidet sitt. Til dømes seier ein brehon-tekst om renter på pant at «every woman who is an embroideress», men berre desse, kunne pantsetje ei broderinål.⁹⁶ Ein klår regel frå same tekst

⁹⁰ Kelly s. 164

⁹¹ AL i s. 261

⁹² Kelly s. 164

⁹³ AL i s. 261, kursiv frå omsetjinga

⁹⁴ AL i s. 275

⁹⁵ Kelly s. 165

⁹⁶ AL v s. 383

er at «a pledge of gold is not lawful except for a king or a dignitary of the church, or other noble dignitary».⁹⁷ Så å stille gjenstandar av gull som pant var reservert for dei øvste samfunnsklassane.

Ein kunne også stille pant på vegner av andre. Pantsetjaren kunne då krevje inn renter frå den som vart garantert for perioden pantsetjar ikkje kunne disponere panteobjektet.⁹⁸ Rentene vart fastsette etter kva ting som vart pantsett og kven som gjorde det, og på dette emnet vart det skrivne ein eigen brehon-tekst, Bretha im Fuillema Gell («vurderingar om panterenter»),⁹⁹ som talar i retning av at dette var ein utbreidd praksis. Reglane i førre avsnitt er begge frå denne teksten, som i stor grad talar om pantsetjing gjort av adelege. Dette er nok ein naturleg konsekvens av at det var dei som hadde størst økonomisk rom til å stille pant for andre.

Pant vart ikkje berre praktisert på kontraktretten sitt område. Pant vart også stilt av profesjonelle dommarar i forkant av rettssaker. Gjennom at dommaren pantsette ei lita mengde sølv, fekk dommaren ei eigeninteresse i at dommen vart akseptert av partane og sikra ei grundig og rettferdig gjennomgang av saka.¹⁰⁰ Vidare, det følgjer av ein rettsleg heptade, eit visdomsord som vart nytta i rettstekstar som læremiddel,¹⁰¹ at ein dommar «who does not dare give a pledge in defence of his judgment» kunne ikkje praktisere som dommar, på lik linje med ein dommar som dreiv med løgn eller som dømte før han hadde høyrte begge sidene i saka.¹⁰²

2.2.4. Oppsummering

I utgangspunktet verker det altså å vere nesten berre skilnadar å trekke fram mellom pant i Den eldre Gulatingslova og dei irske kjeldene som omtalar pant. Ikkje berre fordi det er skilnadar i korleis pant vert nytta som verktøy i samfunnet, men også grunna ulikt fokus på kva som skal regulerast. I den nærare samanlikninga vil det vere interessant å sjå på normskaping og kven sine interesser som vart representerte, i eit forsøk på å forklare kvifor regelsetta fekk nett desse skilnadane.

⁹⁷ AL v s. 395

⁹⁸ Kelly s. 166

⁹⁹ AL v s. 377

¹⁰⁰ Kelly s. 166

¹⁰¹ AL v s. x

¹⁰² AL v s. 353

2.3. Eider

2.3.1. Innleiing

Å sverje eid for eigne handlingar og å få andre til å sverje saman med ein var ein viktig del av bevisføringa i rettssaker i mellomalderen. Konkrete bevis var ofte ikkje til stades, og det var ingen organiserte eller kunnige etterforskarar til å leite dei opp. Det vart i staden sett stor lit til det ein sjølv var villig til å sverje eid for, det ein var villig til å setje all si ære og sosiale posisjon bak. Ord hadde makt, og eidane vart gjerne svorne i omstende som la press på den som eventuelt kunne ha interesse i å sverje falskt.

Med tanke på Gulatingslova er det her viktig å trekke fram at norsk rett tradisjonelt vert sett på som å vere del av den nord-germanske rettsfamilien, som vil seie at den deler fleire utviklingstrekk med rettssystema i dei andre nordiske landa samt dei nord-tyske folkegruppene. Men nettopp på området for bevisvurdering skjedde utviklinga i Gulatingslova isolert frå dei andre nord-germanske landa, og skil seg ikkje berre frå den germanske utviklinga men også frå dei andre nordiske landa.¹⁰³ På si side er dei irske kjeldene del av den keltiske rettsfamilien, samtidig som den har sine eigne særpreg ut frå si særlege rettshistorie. Dette medfører at alle eventuelle ulikskapar lettare kan forklarast med ulikskapane i rettskultur, men gjer alle likskapar potensielt mykje meir interessante.

Det avgrensast her til eidar slik dei vart nytta i bevisvurderinga, altså i vurderinga av ein persons skuld eller vekta til eit bevis. Dei andre rettslege nytteområde til eidar som t.d. eidar gjort av dommaren i byrjinga av ei rettssak eller i privatrettslege tilhøve vert ikkje vurderte.

2.3.2. Eidar i den eldre Gulatingslova

Hovudregelen i Gulatingslova var at om strafferettslege spørsmål ikkje var godt nok beviste på førehand, var det rom for å nekte for skuldinga med eid på tinget.¹⁰⁴ Dei ulike formene for eidar i Gulatingslova samt prosessen for å gjere eidane er definerte i bolken om Tingbod frå kap. 2 til 6 (GL kap. 132-136). Men bruk av eidane følgjer også av ulike konkrete rettsreglar, og for å følgje saksgangen er det enklast å byrje med eit konkret tilhøve.

Til dømes følgjer det av andre ledd i Landsleigebolken kap. 25 (GL kap. 96) om skadeverk at om nokon har gjort skade for ei halv mork, har den som skuldast for brotsverket valet mellom å «lova eid» eller vedgå at han var skuldig. Eiden det er snakk om er nektningseiden, altså å

¹⁰³ Aubert *Bevissystemets Udvikling* s. 64

¹⁰⁴ Helle s. 102

sverje eid på at ein ikkje var skuldig. Om ein valde å vedgå at ein var skuldig i skadeverket, måtte ein «bøta skaden etter takst». Men om ein valde å lova eid og ikkje klarte å sverje eiden «fare han utlæg», altså vart han fredlaus, ei mykje strengare straff.

Når den sikta nekta for det han var skulda for og hadde vald å sverje nektningseid, følgjer det av Tingbod kap. 6 (GL kap. 136) at partane skulle verte «samde um når eiden skal gjerast». Elles var det opp til den skulda parten å «stemna hin til med eit varsel på 5 næter i det stuttaste» og han kunne fritt velje å stemne «til kva kyrkje han vil innanfylkes». Eiden vart gitt i kyrkja, med handa på Bibelen.¹⁰⁵ Dei to partane skulle «nemna upp menn, to kvar, til å avgjera um eiden er gjord rett» jf. tredje ledd. Om den fornærma part ikkje møtte som avtalt, skulle den andre «føra vitni sine framfyre kyrkjedøri, at han stemnde han dit, og gjera eiden då for vitne» jf. andre ledd.

Nokre rettsbod opna for at eiden skulle gjerast på tinget, som t.d. Landsleigebolken kap. 27 om brenning (GL kap. 98). Det var då den fornærma som skulle «stemna [den som vart skulda] til tings for utlægdverk og brenning».¹⁰⁶

Korleis eidane skulle gjerast følgde direkte av kva type eid det var snakk om. Gulatingslova kapittel 132-135 viser til fem ulike typar eid: tylftareid, settareid, grime-eid, lyrittareid og eins-eid. Kva type eid som skulle nyttast følgde av kap. 132-135 eller av det rettsbodet som opna for bruk av eid. I det allereie nemnde dømet med skadeverk følgjer det av GL kap. 96 andre ledd at det skal nektast med «settareid».

Eins-eid var den einaste der den sikta sverja åleine, og vart berre nytta i mindre alvorlege tilhøve.¹⁰⁷ Den skulle gjerast så fort den fornærma hadde moglegheit til å høyre den «og han har bok å bjode den som skal sverja», jf. GL kap. 135 fjerde ledd, dvs. messebok eller evangeliebok frå kyrkja.¹⁰⁸

For nesten alle skuldingar om brotsverk måtte derimot den tiltalte også stille medsverjarar. Dette var personar som gjekk god for den tiltalte sitt ord og støtta han om han hevda å ikkje ha gjort det han vart skulda for. Tanken var at den tiltalte var den som visste best om egne

¹⁰⁵ Aubert *Bevissystemets Udvikling* s. 23

¹⁰⁶ Mi kontekst i klammar

¹⁰⁷ Aubert *Bevissystemets Udvikling* s. 18

¹⁰⁸ *Gulatingslovi* s. 363

tilhøve, og medsverjarane la sin vekt bak om eiden var sann eller ikkje basert på tiltalte sitt rykte og vandel.¹⁰⁹

Tylftareid eller tylfteid vart nytte i dei mest alvorlege tilhøva. Det følgjer av GL kap. 132 at den skulle nyttast «um kongen skuldar nokon for landråd» samt der det vart nekta «for mord og for trygdbrot», dvs. landssvik, mord og der ein nekta å betale den bot han allereie hadde sagt seg skuldig å betale (trygd). Som namnet tilseier skulle det vere tolv som svor saman, altså den som gjorde nektingseiden og elleve som svor med han. Kapittel 132 andre ledd seier at dei skulle vere «like med han [den tiltalte] i rett», og skildrar vidare korleis dei elleve skulle veljast.

Først skulle nemnast «6 menn på kvar side av han», altså 12 personar til saman frå saksøkte sine næraste naboar.¹¹⁰ Kven som valde ut desse 12 er derimot uklårt. Normalt har dette vore tolka som at halvparten vart vald av saksøkaren og halvparten av saksøkte. Den tiltalte skulle sjølv «ha 2 av dei», altså velje to medsverjarar frå dei tolv, så følgde «dei 2 næraste av skyldfolket», dvs. to medsverjarar frå den saksøkte sin næraste familie. For dei resterande 7 står det at den saksøkte «vel fritt» frå alle frie og myndige menn han kjenner.

Denne tolkinga av prosessen legg i stor grad opp til at saksøkte sto fritt til å velje seg dei som var mest sannsynlege til å støtte hans sak. To av medsverjarane kom frå saksøkte sin familie og sju kunne han velje fritt. Ein mann med eit godt kontaktnettverk kunne då sjølv velje medsverjarar som var klare til å støtte han. Dei einaste som då kunne stanse tylftareiden var dei først nemnde 12 naboane som det skulle veljast to frå, og det var ingenting som hindra saksøkte å ta av dei to som han sjølv hadde vald. Det er vanskeleg å tenke seg i kva tilhøve saksøkte kunne ha interesse i å velje seg medsverjarar frå dei seks som motparten hadde vald, og som det då var grunn til å tru ville støtte saksøkar. Hertzberg tek opp denne problemstillinga i si rettshistoriske analyse av den norske prosessretten, men viser til at «ingen af parterne havde lov til at nævne personlige venner eller uvenner af den anklagede»,¹¹¹ som gjer det uproblematisk at tiltalte valde seg to frå dei han sjølv hadde nemnd. Denne regelen verkar han å finne gjennom å lese Gulatingslova i lys av Frostatingslova sine føresegner på området, som me skal sjå nærare på i del 3, men den kan derimot ikkje lesast ut frå Gulatingslova sin ordlyd åleine.

¹⁰⁹ Aubert *Bevissystemets Udvikling* s. 23

¹¹⁰ Dei nærare tolkingar i dette avsnittet følgjer av framstillinga i Brandt del II s. 261

¹¹¹ Hertzberg s. 221

Nokre tolkingsalternativ som kanskje i større grad sikra ein meir balansert eidsprosess er at det ikkje var dei to partane som nemna dei tolv naboane, men dei som vurderte saka. Sjølve ordlyden er som sagt taus om kven som skulle utnemne dei tolv. Dette ville derimot bety at prosessen var annleis enn ved privat konfliktløysing og som me skal sjå seinare etter Frostatingslova. Ei anna moglegheit er at dei siste sju som saksøkte valde fritt måtte vere frå dei første tolv, som det då var ti igjen av. På denne måten måtte også medsverjarane valde av saksøkar overtydast om saksøkte si uskyld. Men dette passar dårleg med at regelen seier at saksøkte først skulle velje to medsverjarar av dei tolv, for kvifor skulle saksøkte først velje berre to, og så til slutt velje sju til? Det er derimot for lite kjeldegrunnlag til å vidare gjere noka kritisk tolking av korleis eidsreglane vart praktiserte, og i det følgjande vert tolkinga slik den følgjer av rettshistorisk teori lagt til grunn.

Settareid vart nytta «for steling og for brenning og skadeverk og trenid og nidvisor og udådsverk mot kvinner, og likeins for nidingsher og um nokon hemner tjuvar» jf. GL kap. 133. Settareiden krav fem medsverjarar, der ein person vart vald av tiltalte frå ei gruppe på seks som vart valde av dei to partane.¹¹² For «steling og brenning» skulle han derimot velje to av desse. Resten må det som ved tylfteiden forståast som at den tiltalte kunne velje fritt.

Grime-eid skildrast i GL kap. 134, men det nemnast ikkje nokon stad i Gulatingslova i kva tilhøve den skal nyttast. Her skal det «nemnast upp 3 menn på kvar side av han» og den tiltalte «skal ha alle» og «sjølv skal han vera den sjuande». Det er då seks medsverjarar som i settareiden, igjen valde av delvis saksøkar og saksøkte, men av desse skal saksøkta ha alle. Den saksøkte må altså også overtyde medsverjarane valde av saksøkar, som må tenkast å ha vore ei betydeleg skjerping av krava samanlikna med settareiden.

Til slutt i GL kap. 135 skildrast lyrittareiden. Dette var den vanlegaste nektingseiden, og bruksområda er ikkje utførleg definerte i G 135. I staden vert den nytta i fleire ulike rettsbod. Korleis eiden skal gjerast er derimot mykje nærare og utførleg definert enn for dei andre. Ved sida av den tiltalte sjølv skal det vere ein «jamrettesmann» som verken er «nevgildesmann eller bauggildesmann eller nær verskylding», dvs. at det ikkje kan vere ein som vil tene på bota som må betalast om eiden fell.¹¹³ For den andre medsverjaren stillast det ikkje noko slikt krav, men det seiast at det må vere «ein som kann tenkja både for ord og for eid, fri og

¹¹² Brandt del II s. 261

¹¹³ *Gulatingslovi* s. 343

fullmyndig mann». At det berre stillast slike kompetansekrav for lyrittareiden følgjer nok av dette var den mest brukte eiden.

I GL kap. 135 finn ein òg vidare krav til eidane generelt. I andre ledd står det at «[a]lle eidar skal lovleg kunna sverjast i 10 vikor med sverjedagar», og kvar veke som går tel «når det er éin sverjedag i henne». Altså er det ein generell absolutt tidsfrist på 10 veker for å sverje eid.

Av tredje ledd følgjer det at tylftareidane «fell alle til ubot, og [likeins] grimeeid og [settareid for] steling og brenning». ¹¹⁴ Så om ein ikkje klarte å sverje i samsvar med lova, vart ein utlegd og miste alt ein eigde, og kunne ikkje løyse seg frå dette gjennom å betale bot. ¹¹⁵

Konsekvensen var altså at ein vart fredlaus resten av livet. Elles fall settareiden «til utlægd», men her kunne ein framleis løyse seg gjennom å betale bot. Lyrittareid «fell til det som han er fest for», dvs. at ein vart dømt til straffa for det han var sikta for. Om lyrittareiden fall vart det då ikkje høgare straff, men det risikerte ein om tylfteiden eller settareiden fall.

Kva som skjer om nektingseid vart gitt på korrekt måte står ikkje eksplisitt i Gulatingslova, men det må forståast som at den som klarte å gi nektingseid hadde bevist si uskuld i saka og vart frifunne.

2.3.3. Eidar i irske rettskjelder

I irske rettskjelder finn ein også eidar, men i andre roller enn i Gulatingslova. Særleg vart eidar gitt i samanheng med vitnebevis på ulike rettsområde. Bretha Étgid omtalar straffa den får som gir «[a] false oath respecting the stealing of an article of little value». ¹¹⁶ Teksten trekk også eit skilje mellom «false swearing respecting theft» og «false swearing respecting bargain or contract», altså mellom falsk eid i tjuveritilhøve og avtalerettslege tilhøve.

Vitneutsegna sjølve var hefta med fleire krav til kompetanse og innhald. Berrad Airechta (direkte omsett til «rettens skjering», i overført tyding «oppsummering frå domstolen»), ¹¹⁷ ein brehon-tekst i hovudsak om det å stille økonomisk garanti for andre, stiller fleire krav til vitne i sin «Law of Witnessing». ¹¹⁸ Mellom anna kunne vitne berre uttale seg om det dei hadde sett, ¹¹⁹ og det måtte vere fleire enn eitt vitne. ¹²⁰ Denne bruken og reguleringa av vitne står i

¹¹⁴ Kontekst i klammeform frå omsetjinga

¹¹⁵ Helle s. 104

¹¹⁶ AL iii s. 395

¹¹⁷ Kelly s. 278

¹¹⁸ Berrad Airechta s. 219

¹¹⁹ Berrad Airechta kap. 61 «he is no witness who does not see nor hear nor appear [to give evidence?] nor swear to it», kontekst i klammar i omsetjinga

sterk kontrast til Gulatingslova, der vitnebevis knapt er nytta unntatt i særskilde tilhøve.¹²¹ Eit interessant element ved vitnebeviset i irsk rett er at utsegna sin verdi i saka følgde direkte av æresprisen til den som uttalte det, så eit utsegn av ein med høgare sosiale rang var automatisk meir verd.¹²²

Dette vert overført direkte til eidane. Eit prinsipp i brehon-teksten *Di Astud Chirt ocus Dligid* («om stadfestinga av rett og lov»), som er inkludert i andre del av *Senchas Már*, seier om den adelege *flaith cuitrid* at «whatever grade is lower than another, it is on him it is sworn; each higher grade always swears the other»,¹²³ og seinare omsetjingar nyttar også uttrykket “overswearing”.¹²⁴ Dette inneber at eiden til den av høgare rang går føre alle dei gitt av dei av lågare rang, og han kan nytte dette til å avvise skuldingar, bevis retta mot ein tredje part eller til og med rette mistanken mot ein annan av lågare rang.¹²⁵

Den naturlege konsekvensen av dette finn ein i *Di Chetharslicht Athgabála* i første del av *Senchas Már*, der det står at «the king excels all in testimony, for he can (...) decide against every class of persons», med unntak av «the doctor, the bishop, or the pilgrim». ¹²⁶ Som den av høgast rang kunne kongen sin eid trumfe alle andre sin eid, med unntak av biskopen, asketen og den øvste av dei lærde profesjonane. Men Kelly skriv at det følgjer av ein heptade, ei form for ordtak som kunne innehalde moralske og/eller juridiske normer, at kongen kunne verte oversvoren av «ecclesiastics or other kings» samt «the testimony of a host», som Kelly tolkar i retning av at kongen sin eid måtte vike «if a large number of his subjects swear against him». ¹²⁷

Ei ordning tilnærma lik nektingseiden i Gulatingslova kjem til uttrykk i nokre irske rettskjelder. Av eit eldre tekstfragment i samlinga *Corpus Iuris Hibernici* s. 657 les Kelly eit

¹²⁰ Berrad *Airechta* kap. 58 «for [the testimony of] a single man is not lawful in witnessing – two or three persons are [required]», kontekst i klammar i omsetjinga

¹²¹ Aubert *Bevissystemets Udvikling* s. 42

¹²² Kelly s. 203

¹²³ AL v s. 461

¹²⁴ Kelly s. 199 si omsetjing er «any grade which is lower than another is oversworn, any grade which is higher than another overswears»

¹²⁵ Kelly s. 199

¹²⁶ AL i s. 79

¹²⁷ Kelly s. 199-200

prinsipp om at «suspicion requires denial by oath»,¹²⁸ altså eit generelt prinsipp om at den som er mistenkt for eit rettsbrot må nekte for dette med eid.¹²⁹

At dette også var tilfelle i praksis ser ein mellom anna i Cáin Domnaig («lov om søndag»). Her seier lova at om ein vert skulda å ha arbeida på ein søndag kan ein fri seg frå dette gjennom ei «oath of denial»,¹³⁰ altså ein nektningseid, gitt av den skulda, mor hans og far hans. Om ikkje desse er i live kan andre slektsmedlem eller diverse høgareståande i samfunnet sverje med han i staden. No er ikkje Cáin Domnaig trass namnet ei lovtekst, og det er grunn til å tru at denne heller ikkje er ein brehon-tekst,¹³¹ men den er eit døme på at nektningseid også vart brukt i Irland.

Ein finn også ei meir generell form for medeid. I motsetnad til i Gulatingslova var den ikkje saksspesifikk, i staden var det ei generell mogelegheit til å styrke ein annan sin eid ved å sverje ved sida av han. Sett i samanheng med at eidar vart nytta saman med eit vitneutsegn som hadde verdi lik æresprisen til den som gav det, auka medsverjaren verdien av vitneutsegna med sin eigen ærespris.¹³²

2.3.4. Særleg om kvinners vitnesbyrd og eidar

Det skal no gjerast ei særskild samanlikning av dei to rettssystema si handsaming av spørsmålet om mogelegheita for kvinner til å bere vitnesbyrd og seie eidar. Kvinner hadde i mellomalderen ofte sær avgrrensa rettsleg kompetanse, då særleg på familierettslege og kontraktrettslege område, og ofte finn ein at kvinners kompetanse er definert med spesifikke reglar i staden for generelle. Det er derfor særskild interessant å sjå på kva for eidar kvinner kunne sverje.

I Gulatingslova ser ein av dei tidlegare nemnde føresegnene om medsverjarar alle seier at desse skal vere «menn» eller «mann», også i den eldre språkdrakta. Det er usikkert korleis dette skal tolkast. Storm og Hertzberg skriv i sitt Glossarium til *Norges Gamle Love* at «madr» og «mann» både kan bety «menneske (uden hensyn til kjønn og alder (...))» og «mand modsat kvinde».¹³³ Standardformularar som «skynsamastu menn» kunne også referere eksklusivt til menn. Det er derfor usikkert om kvinner kunne vere med å sverje eidar. Reglane

¹²⁸ Kelly s. 200

¹²⁹ *Corpus Iuris Hibernici*, redigert av D. A. Binchy (Dublin Institute for Advanced Studies, Dublin 1978), er ei større samling eldre irske manuskript, tekster og fragment i original språkdrakt.

¹³⁰ «Cáin Domnaig» § 5

¹³¹ «Cáin Domnaig» s. 152

¹³² Kelly s. 201

¹³³ Storm og Herzberg s. 426-427

i bolken om Tingbod talar også konsekvent om «han» når dei omtalar den som sver nektingseid, og det er derfor også uklårt i kva grad kvinner kunne sverje eigen nektingseid.

I staden vert kvinner sine vitnebyrd spurd etter konkret i særskilde tilhøve. Mannhelgebolken kap. 1-2 (GL kap. 150) om drapsvitne spesifiserer «tri tilfelle då kvinnor skal greida ut kva slags dråp det var». Dette må forståast at sjølv ved så alvorlege tilhøve som drap er det berre i tre omstende at dei kan vere rettslege vitne.

Det første er «um ein mann vert drepen i andveget sitt». «[A]ndveget» med ulike skrivemåtar vert forstått som å tydast å sitje overfor ved eit bord, tilnærma likt å sitje i m.a. høgsetet, og denne regelen må forståast som å gjelde der ein mann vert drepen medan han sit ved bordet «sitt», altså medan han sit heime der kvinna også kan forventast å sitje. Denne forståinga passar også når ein ser den i samanheng med dei andre omstenda.

Det andre omstendet er «um ein mann vert drepen innangjerdes og kvinna kann sjå dit frå dei husi som ho har sin gang i og det er korkje horg eller haug i veggen og ho kann kjenna ein mann derifrå». Det er her snakk om dei tilhøva der drapet har skjedd i nærleiken av der kvinna bur, i det som ein i dag kanskje vil kalle innmarka til bustaden, og ho kan sjå drapsstaden og kjenne igjen ein person der når ho står i huset.

Det tredje er «um ein mann vert drepen på ferd og ei av dei kvinnone, som skal greida ut kva slag dråp det var, er med han på ferdi». Altså, om ei kvinne er i same reisefølge som den drepne, kan ho vere vitne.

Vidare er det ikkje alle kvinner som kan vere vitne, sjølv om dei passar ei av desse skildringane. Dei må i tillegg vere «kone, dotter, syster, mor etc.» Kva «etc.» referer til i denne konteksten er uklårt, men det er nærliggjande å tolka det som alle nære kvinnelege familiemedlemar. Om ein tolkar det i samsvar med t.d. GL kap. 160 om kvinner som ein mann hadde hemnrett for, er det naturleg å lese det som at stemødrer, svigerinner og svigerdøtrer også kunne vere vitne. Men kvinna måtte vere i ein særskild nær relasjon til den drepne for å kunne vere vitne.

Den gjennomgåande vurderinga bak desse reglane om drapsvitne er at kvinnene, som elles lova verkar å legge til grunn er mindre egna til å vere vitne enn menn i rettslege tilhøve, her er i ein situasjon der dei generelt ville kunne forventast å ha vore til stades og vore vitne til drapet. Vidare er dei plasserte så nær sjølv hendinga (same rom, på tunet, i same reisefølgje) at deira vitnemål ofte vil ha stor relevans og vekt, og derfor ikkje kan nektast. Vidare kan det

tenkast at det ligg ei tanke bak at det ville vere sterkt urimeleg overfor desse kvinnene, som ville vere i nær relasjon med den drepne, om dei ikkje skulle kunne få uttale seg om dei såg drapet.

Det er i tillegg eit anna tilhøve der kvinner ikkje berre kan, men skal vere vitne. Det er GL kap. 28 om «spådomar og galdresongar». Her står det at om «kvinnor vert skulda for at dei fer med galdresong og trolldom, då skal det nemnast 6 kvinnor, tri på kvar side av henne, husfruer som folk veit er gode; dei skal bera vitne um at ho ikkje kann galdrar eller trolldom». Tilsvarande om ein mann vert skulda for «at han fer med spåing» nektar han med settareid.

Galder var ei form for magisk song i norrøn mytologi.¹³⁴ Tanken i Gulatingslova verkar å vere at berre kvinner kunne vite om andre kvinner fór med galdresong og trolldom. I eldre norrøn mytologi var galdersong og annan magi eit kvinnedominert område,¹³⁵ og den første til å mestre magi var gudinna Frøya.¹³⁶ Det å drive med magi hadde då eit sterkt preg av å vere ei kvinne si aktivitet, til den grad at om ein mann skulle gale ein galder, måtte han kle seg i kvinneklede og synge i falsett.¹³⁷ I den konteksten, må regelen om at ei kvinne skulda for trolldom berre kunne frifinnast eller dømmast av andre kvinner lesast som at berre kvinner hadde den naudsynte kompetansen og kunnskapen til å vurdere om ei kvinne kunne «galdrar eller trolldom».

Medan kvinner si manglande mogelegheit til å føre vitnebevis og gjere eid i stor grad følgjer av mangel på opningar i Gulatingslova, er forbodet eksplisitt i fleire irske rettskjelder. Kva gjeld eidar finn ein eit godt utgangspunkt i tekstsamlinga Trecheng Breth Féne («ein triade av irske vurderingar»)¹³⁸ Dette er ikkje ein brehon-tekst, men ei samling av generelle irske læresetningar og vise utsegn skrive omtrent på 800-talet, og dekkjer ulike tema. Fleire av triadane tek opp rettslege spørsmål, og nokre er henta direkte frå eldre rettstekstar. Triade 159, ein av desse meir rettslege triadane, seier at det er «[t]hree that neither swear nor are sworn: a woman, a son who does not support his father, a dumb person». Kvinner stiller likt med stumme menn og søner som ikkje steller sin far på eldre dagar, og har ingen kompetanse til å sverje eid. Men denne regelen er ikkje utan unntak.

¹³⁴ Steinsland s. 185

¹³⁵ Steinsland s. 308

¹³⁶ Steinsland s. 159

¹³⁷ Steinsland s. 185

¹³⁸ Informasjonen om Trecheng Breth Féne i dette avsnittet er henta frå Kelly s. 284-285. Sjølv tekstsamlinga der dei seinare sitata er tekne frå er omsett til engelsk i «Triads of Ireland».

Triade 165 seier vidare at «the oath of a woman in birth-pangs», altså eid om farskapet til barnet når ho føder det, er ein av tre eidar som «do not require fulfilment». Siste delen av regelen kan og omsetjast som «counter-oath» eller «a second oath»,¹³⁹ og Kelly les det som at eiden «cannot be countersworn».¹⁴⁰ Det vert då litt usikkert om regelen er at ei fødande kvinne si eid ikkje kan nektast, eller om den ikkje treng medsverjarar. Det som er sikkert er i alle fall at når ei kvinne er fødande, kan ho sverje eid på farskapet til barnet, og denne eiden står sterkt. Dette har støtte i Di Chetharslicht Athgabála i Senchas Már, som talar om «[d]istress of three days' stay (...) for the oath of a woman in childbirth»,¹⁴¹ altså at eiden til ei fødande kvinne heimlar sjølvtekt med tre dagars venteperiode.

Vidare kan kvinner sverje i eitt anna tilhøve, som er litt meir komplisert. Brehon-teksten Bretha Crólige («vurderingar der ein ligg blodig») frå tredje del av Senchas Már omhandlar retten til stell av sára til eit offer for vald, påkosta av gjerningsmannen. Her seier teksten sin § 38 at gjerningsmannen også må betale erstatning for «the barring of procreation if it is in the proper times [of fertility]»,¹⁴² altså for å ha forhindra offeret frå samleie medan kona kunne verte med born. Forfattaren av Bretha Crólige kallar dette «most difficult in the judgement of sick-maintenance in Irish law», og seier at «it is one of the oaths which are sworn by women in Irish law that their proper times have come to them». Som Kelly skriv verkar tanken å ha vore at berre kvinna sjølv kunne vere den som kunne stadfeste når ho har vore fruktbar, og kor mange slike periodar som har komme og gått medan mannen hennar låg sjuk.

Kvinnens moglegheit til å føre vitnebevis var også sterkt avgrensa. I Senchas Már sin andre del finn ein ei samling av supplerande reglar, som vert kalla heptadar då reglane er skrivne i grupper på sju.¹⁴³ Alderen på reglane er vanskeleg å slå fast, då dei kan komme frå ulike tidsperiodar, men dei er alle skrivne i den gammalirske perioden, dvs. før 900-talet.¹⁴⁴ Heptadane XLIX seier at kvinner er ein av «seven grades not competent to give any evidence in a territory».¹⁴⁵ I motsetning til i Triadane verkar dette å vere fordi ei kvinne vert antatt å vere partisk på vegne av sine familiemedlem, og det står i kommentarane at ei kvinne sitt bevis er «partial and unworthy». Denne grunngevinga støttast av at også «an angry man; a

¹³⁹ «Triads of Ireland» s. 23 note 97

¹⁴⁰ Kelly s. 202

¹⁴¹ AL i s. 175-177, kursiv frå omsetjinga

¹⁴² Omsetjinga her og i det nærast følgjande er henta frå Kelly s. 202, som igjen har henta det frå D.A. Binchy si omsetjing «Bretha Crólige» i tidsskriftet *Ériu* nr. 12 (1938), Royal Irish Academy, Dublin s. 1-77. Konteksten i klammar følgjer av omsetjinga.

¹⁴³ AL v s. x

¹⁴⁴ Kelly s. 266

¹⁴⁵ Alle sitat i dette avsnittet er henta frå AL v s. 285

rival man; anyone for his own benefit, though he be a gentleman» vert hindra frå å gi vitnebevis etter same regelen.

I nokre tilhøve er det derimot krav om kvinners vitneprov. Eit unntak frå det generelle forbodet finn ein i brehon-teksten *Din Techtugad* («om lovleg inngang») i andre del av *Senchas Már*, som omhandlar framgangsmåten når ein gjer krav på eigedom som andre har slått seg ned på, ei form for sjølvtekt. Her omtalast tidleg ei historie om *Ciannachta*,¹⁴⁶ som reiste til sin far sine landområde sør i Irland etter hans død og gjorde krav overfor brørne på sin del av landområda. For å gjere ei lengre historie kort vart ho tilkjent retten til å gjere krav på eigedomane, og det var dømt at dette skulle gjerast «with women witness», og dette vart og regelen for seinare der kvinner ville hevde sin rett på eigedom.¹⁴⁷

Kelly skriv også at irske lovkommentarar har vist til kvinner som sentrale vitne i ulike spørsmål om seksualitet og fruktbarheit, med referansar til omsetjingar av irske rettstekster til tysk gjort av R. Thurneysen i *Zeitschrift für celtische Philologie*.¹⁴⁸ Om ein mann gjekk til sak mot kona si fordi ho var fysisk ute av stand til å ha samleie, eller ei kvinne gjekk til sak mot mannen sin fordi han ikkje hadde hatt samleie med henne etter dei vart gifte, skulle kvinna undersøkast av kvinnelege vitne, og deira vitneutsegn var avgjerande for utfallet av saka.¹⁴⁹

2.3.5. Oppsummering

Både Den eldre Gulatingslova og fleire irske rettskjelder har føresegn for bruken av eid generelt og nektingseid spesielt, men likskapane sluttar i stor grad der. Som me skal sjå nærare på seinare kan dette kanskje forklarast med korleis eidane vart nytta i dei rettslege prosessane. Samtidig er det interessant at når ein ser nærare på konkrete reglar, som t.d. kvinners kompetanse til å sverje eid, kan ein finne liknande tankegods eller idear. Om det er ein samanheng skal me komme tilbake til.

¹⁴⁶ Frå AL iv s. 9 m.v.

¹⁴⁷ Opphavet for regelen er interessant i seg sjølv. *Ciannachta* skal i følge historia ha tatt saka til den rettvise mannen *Sencha*, son av *Ailell*. Han sa først at ho ikkje hadde rett til å gjere krav på landområda, men då han fekk merke i andletet sitt, var det bevis på at det var ein uriktig dom. Han tilkjente henne då neste dag retten til å krevje eigedommen likt ein mann. Igjen fekk han merke på kinna, så dette vart endra til at ho skulle krevje sin rett som ei kvinne: med kvinner sine verktøy i staden for ein mann sine, og med kvinner som vitne.

¹⁴⁸ «Aus dem Irischen Recht IV», *Zeitschrift für celtische Philologie* vol. 16 (1927) s. 167-230, Halle, Tübingen. Grunna eigen manglande kompetanse i tysk, vert denne kjelda berre nytta gjennom referanse til kva Kelly referer til.

¹⁴⁹ Kelly s. 207-208

2.4. Kva har me sett, og vegen vidare

Gjennom å fokusere på dei tre hovudområda hemn og sjølvtekt, pant og eidar, har me fått ei innsikt i noko av den materielle retten i den eldre Gulatingslova, og sett på kva reglar som eksisterte på dei same områda i irske rettskjelder. Så langt har fokuset vore på å leggje fram og tolke dei føresegna som er til rådigheit, med berre mindre forsøk på å trekkje samanlikningar mellom dei. Gjennom konkrete tolkingar berre basert på tilgjengelege rettskjelder, står rettsreglane klåre til å plasserast i ein vidare kontekst for å forklare likskapar og skilnadar seinare.

3. Del 3 - Samanlikning med Frostatingslova

3.1. Korleis og kvifor

Etter å ha sett reglane i Gulatingslova opp mot dei irske rettskjeldene, skal føresegna i Gulatingslova samanliknast med dei i Frostatingslova, for å sjå på skilnadane mellom dei to bevarte rettsbøkene. På denne måten vert det lettare å sjå særnorske tankesett, kva for idear som var særskilde for Gulatingslagen på Vestlandet og potensiell irsk innverknad.

Det tredje samanlikningsgrunnlaget i denne oppgåva vert då Frostatingslova.¹⁵⁰ Versjonen som er nytta her fekk si endelege form i 1260,¹⁵¹ om lag same tid som Gulatingslova si skriftfesting. Mykje av retten i den vart først skrive ned omkring 1160, men den inneheld også nyare føresegner frå seinare på 1100- og 1200-talet.¹⁵² Merkbare skilnadar mellom Gulatingslova og Frostatingslova kan då like så godt ha komme av utviklingar av like eldre utgangspunkt som eksplisitte skilnadar i tankesett.

Ei viktig sekundærkjelde er innleiinga til omsetjinga av Frostatingslova, skrive av Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes. Frostatingslova er også omtala saman med Gulatingslova i dei tidlegare nemnde rettshistoriske kjeldene i del 1.2. Dei eldre rettsbøkene har lenge vorte studerte i samanheng for å danne eit bilete av mellomalderretten i Noreg før Magnus Lagabøtes landslov. Som me allereie har sett i del 2.3.2. har også nokre forfattarar nytta Frostatingslova som eit verktøy for å tolke Gulatingslova. Dei to rettsbøkene har i eldre teori vorte sett på som komplementære, at dei utfylte kvarandre der den eine ikkje hadde svar. I denne oppgåva vurderast dei derimot som uavhengige rettskjelder.

¹⁵⁰ Referansar til Frostatingslova vert gjort i kortform med FL [Romartal – Tal], der romartalet referer til bolk og talet viser til nummer på regelen i omsetjinga. T.d. FL II-29 tydar bolk II, Kristendomsbolken, kapittel 29.

¹⁵¹ *Frostatingslova* s. ix og xxx

¹⁵² *Frostatingslova* s. xxx

I det følgjande skal dei tre utvalde rettsområda gjennomgåast på nytt med utgangspunkt i Frostatingslova, med drøftingar av likskapar og ulikskapar samanlikna med Gulatingslova. For definisjonar og avgrensingar sjå dei relevante introduksjonane i del 2.

3.2. *Sjølvtekt og hemn*

3.2.1. Sjølvtekt

Sjølvtektstankegangen er særskild lik i Frostatingslova som i Gulatingslova, og i Rettargangsbolken regel 1 (FL X-1) finn ein hovudregelen om sjølvtekt. Denne har ein litt annan form enn den i GL kap. 34. FL X-1 byrjar med at «ingen må taka ein ertog eller meir frå ein annan». Men «om det vert teke, då skal han som eig godset, fara etter det med vitne og krevja sitt». Om parten som har teke gods «gjev slepp på det, då har han ved sjølvtekt spilt si eiga sak». Men om han ikkje vil gi det frå seg «då er det ran om å gjera og tap i saka sameleis som før».

Regelen har fleire interessante skilnadar samanlikna med GL kap. 34. Først er ikkje forbodet mot å taka annan manns eigedom absolutt i Frostatingslova, men berre for verdjar på «ein ertog eller meir». Denne skilnaden skal undersøkast nærare i del 4.2.

Vidare er det interessant korleis FL X-1 omtalar sjølvtekt. Namnet på kapittelet er «[i]ngen må taka til seg med urette», og dei to siste reglane talar berre om der ein tek gods på urett vis. Om ein vel å gi frå seg godset, mistar ein eventuelle rettar ein hadde fordi ein tok det «ved sjølvtekt». På denne måten stiller regelen opp eit forbod mot sjølvtekt der ein ikkje har rett på godset, men på ein annan måte enn Gulatingslova, som tidleg etablerer eit absolutt forbod mot sjølvtekt. Men om ein vel å ikkje gi frå seg godset, «er det ran om å gjera», på same måte som i Gulatingslova.

Ramma er såleis den same som i Gulatingslova. Du skal ikkje ta ein annan manns eigedom utan å ha rett til det, og om du gjer det og nektar å gi det tilbake, er dette ran. Og ein ser i X-17 at om saksøkte ikkje betaler i samsvar med dom i frivillige tvisteløysingar, går saka til tinget. Og om saksøkte heller ikkje gjer opp for seg etter at saka har vore utgreidd på tinget, skal saksøkar «beda om folkestønad» og dra til saksøkte «og taka ein halv gong så mykje av han». Det som vert tatt med lovleg sjølvtekt skal delast mellom saksøkar, år mannen og bøndene som er med og driv inn. Likt som i Gulatingslova vert den utlegd som set seg imot denne innkrevjinga, og dei som nektar å gi folkehjelp betaler bot.

Nokre fleire små skilnadar er det derimot. Etter Frostatingslova skal det berre betalast ein halv gong så mykje i bot for ranet, ikkje dobbelt så mykje som i Gulatingslova eller Di Chetharslicht Athgabála i Senchas Már. Dette er eit generelt prinsipp for sjølvtekt og anna innkrevjing av skuld i Frostatingslova som ein finn i både eldre og nyare føresegn.¹⁵³ Det er derimot for lite materiale tilgjengeleg til å freista å forklare denne skilnaden.

Den andre skilnaden er at prosessen med heimstemning er mykje meir utførleg regulert i FL X-2 til X-9, men berre kort nemnd i GL kap. 35. Heimstemning var den mest grunnleggjande prosessforma for ulike private søksmål i både Gulatingslova og Frostatingslova. Saksøkaren oppsøkte heimen til den han meinte å ha krav mot, og førte sine vitne der og kravde sin rett. Saksøkte skulle ha fått beskjed om når dette skulle skje. I Frostatingslova ser ein at reglane for prosessen, vitneføring og rett heimstad følgjer ein etter den andre, medan i Gulatingslova er dei spreidde og finns i ulike bolkar etter kva rettsområde dei vert nytta på. Dei fleste reglane om heimstemning finn ein i Gulatingslova sin bolk om Odelsløysing. Dette er nok ein direkte konsekvens av organiseringa av rettsboka, då ein finn sjølvtekt i Frostatingslova i Rettargangsbolken, men i Gulatingslova er det regulert i Kaupebolken.

Den generelle sjølvtektsprosessen vert også vist til i andre delar av Frostatingslova, m.a. i Andre Arvebolken kap. 23 (IX-23) om formyndarskap av eige. Her seier lova at om ein mindreårig som har vore under verje finn at delar av arven har hamna i andre sine hender «skal han kunna taka sitt kvar han ser det». Om den andre då ikkje vil gi det frå seg «skal [arvingen] taka seg vitne og leggja ranssak mot han».¹⁵⁴ Arvingen kan også krevje at formyndaren skal «greia ut kvar penning som det er vitne på», og om formyndaren motset seg dette kan arvingen «gjera krav på eiga si og føya til ranssak mot» formyndaren. Vidare seier IX-23 at om arvingen vinn fram på tinget skal han «be bøndene om å gjera heimsokn», og igjen skal det drivast inn «ein halv gong så mykje attpå» samt «tre merker til kongen». Vidare eksisterer det også sjølvtektsføresegner for «ålkjent gods» i X-24 (eigedelar der kven eigaren var av ulike grunnar var utvilsamt), og i X-33 for å gjere sjølvtekt mot årmannen om han i kraft å vere kongens tenestemann urettmessig hadde teke noko frå ein bonde.

Å nytte sjølvtekt utanfor dei reine pengegjeldstilhøva kunne nok også ha vore mogeleg etter Gulatingslova, då ordlyden i GL kap. 35 berre er «um nokon har pengar til gode hjå

¹⁵³ At det skal takast ein halv gong så mykje ved sjølvtekt eller innkrevjing av skuld ser ein i Innl-15, I-1, II-22, III-20, V-13, IX-23, X-10, X-17 og X-24.

¹⁵⁴ Mi kontekst i klammar

annanmann». Og også Gulatingslova har føresegner om sjølvtekt i arvespørsmål i GL kap. 121. Men med dei konkrete sjølvtektsheimlane Frostatingslova inneheld, vart det også kommunisert ulike rettar og korleis ein kunne gjere krav på desse. Dette må ha medført ei betydeleg styrking av desse rettane samanlikna med Gulatingslova.

Ein interessant skilnad kva gjeld sjølvtekt finn ein i landbruksretten i saker der kyr bryt gjerde og kjem seg inn på annan manns eigedom. Fyrste landsleigebolk kap. 21 i Frostatingslova (XIII-21) seier at fyrste gong dette skjer skal dei «førast heim til eigaren med bod om å passa på». Men om det skjer igjen, «då kan den andre ustraffa hogga ned to naut på til saman eit kuverd», altså ei form for sjølvtekt for å gjere opp for skade på gjerde og mark. Dette kan han gjere opp til tre gonger om kyrne bryt gjennom igjen, altså seks naut eller tre kuverd. Grunnen til at det stoppar der kan vere pga. ein regel i V-14 om «Gardsran». Her står at om nokon tek «tre eller fleire kyr eller verdet av tre kyr» frå ein annan, då «skal pil fara omkring» og kalla saka inn på tinget. Så grunnen til at XIII-21 berre heimlar sjølvtekt opp til tre kuverd kan vere fordi å ta meir krev handsaming på tinget jf. V-14.

XIII-21 seier vidare at om ein hest kjem inn i ein manns åker eller eng, «då skal mannen taka hesten og setja han inn og fara til den som eig hesten med vitne, og krevja bot for øydelegginga». Hesten blir hos landeigaren som trygging fram til hestens eigar har betalt bota, og om siste prøver å ta hesten tilbake før det, «då skal han bøta ransbot til kongen og landnåmsbot til den som eig jorda» samt betale bota for øydelegginga. Landnåmsbot var ei form for erstatning der ein hadde gjort ulovleg bruk av annan manns eigedom.

Dette er eit markant unntak frå FL X-1 om at «ingen må taka ein ertog eller meir frå ein annan», og noko liknande unntak finn ein ikkje i Gulatingslova eller Di Chetharslicht Athgabála. Det er her snakk om direkte sjølvtekt for sikring av erstatningskrav mot ein annan part heilt utan involvering av noko rettsleg organ, reint bortsett frå vitne i siste tilhøve. Det er ingen krav om domstolshandsaming, som i Gulatingslova, eller juridisk representasjon som i Di Chetharslicht Athgabála. Første regelen om kyr som bryt gjerde krev heller ikkje varsling av den andre parten når ein først gjennomfører sjølvtekta. Ein liknande regel i Gulatingslovas Landsleigebolk kap. 11 (GL kap. 82) om ansvar for å gjere gard mellom eigedommane gir også rett til å «drepa bufeet som hin eig, um han møter det i sin hage», men her vert det krevd at «vitne veit det», eit krav som ikkje kan lesast av Frostatingslova.

Samla sett har altså Frostatingslova og Gulatingslova lik tilnærming til sjølvtekta, med eit generelt forbod og nøye regulerte framgangsmåtar for gjennomføring av lovleg sjølvtekt.

Prosedyrane etter Frostatingslova ligg då mykje nærare Gulatingslova enn Senchas Már. Men det er fleire interessante skilnadar i korleis lovreglane vel både å utforme ramma og utføringa. Den skilnaden som skil seg mest ut er kor meir absolutt forbodet mot sjølvtekt er i Gulatingslova, ein skilnad som ikkje er lett å forklare.

3.2.2. Hemn

At hemn var eit viktig emne å lovfeste ser ein allereie i Innleiinga til Frostatingslova, som inneheld fleire viktige føresegner om hemn. Innleiinga til Frostatingslova er det same som kong Håkon IV Håkonsson si nye lov av 1260, gitt som del av hans fredslovgivingsprosjekt.¹⁵⁵ I kva grad den var del av Frostatingslova som bindande rettsstekst er usikkert, men i det overlevande eksemplaret av Frostatingslova er Innleiinga inkludert, og må ha vorte oppfatta i det minste som naudsynt kontekst for Frostatingslova. I det følgjande vil Innleiinga handsamast på lik linje med elles lovtekst i Frostatingslova.

I FL IV-39 finn ein at det er «sju kvinner som ein mann kan hemna og leggja sak mot den døde for utan straff». Som i Gulatingslova er det altså ei rett til å straffritt drepe der ein finn ein mann hjå kvinner i nær slekt. I IV-39 er dei sju kvinnene kona, mora, dottera, systera, steddottera, svigerdotter og svigerinna. I eit fragment av Frostatingslova står stemor i staden for stedotter,¹⁵⁶ som då er heilt i samsvar med Gulatingslova. Det er også interessant at medan ordlyden i føresegna er «kan», seier tittelen på føresegna at ein «må hemna». I Innleiinga kap. 7 eksisterer det ein særskild regel om det same tilhøvet, «om ein mann kjem over annan mann hjå [...] dei sju der det i lova er fastsett at ein kan drepa han utan straff», som opnar for at «saka førast fram slik som lovboka seier», altså gjennom fredeleg konfliktløysing. Dette må forståast som eit kompromiss mellom den eldre hemntanken og ein nyare tanke om å gjere opp for seg med bot i rettssak. Men om gjerningsmannen «ikkje vil svara noko for det», altså nektar å betale bot, består framleis hemnretten. Dette er til forveksling likt korleis me har sett det fungerte i Bretha Étgid. Samtidig verkar dette å vere ei utvikling av ein regel lik Gulatingslova sin regel om kompromisslaus hemnrett, og ikkje eit resultat av innverknad utanfrå.

Det er fleire døme på korleis hemnretten i Frostatingslova aktivt vert avgrensa i ei vidareutvikling av tidlegare praksis. Mellom anna er det i følgje Innleiinga kap. 8 «ubotesak og åleigemål for kvar den som hemner seg på andre enn den som drep eller rår til drap». Dette

¹⁵⁵ Sunde *Speculum legale* s. 66

¹⁵⁶ *Frostatingslova* s. 69 fotnote c

var som reaksjon på at familien til den som først vart drepen ofte gjekk ut og tok hemn på «den som best er or ætta, om han så korkje var vitande om eller viljande til avlivinga av den døde». Regelen skildrar då ein praksis som ikkje berre gav hemnrett overfor mordaren, men som også før rettsendinga vart nytta overfor mordaren sin familie.

Vidare i Innleiinga kap. 6 om den som «sårar ein saklaus mann eller skader han openbert ved verk det er full oppreisingsbot for», seier lova at «om hin eller frendane hans får hemna seg før lovboda kjem han til hjelp med fullt vern, då er den andre utlæg». Altså har den som er skuldig i å såra saklaus mann framleis rett til å gjere opp for seg, og den fornærma part vert utlæg om han hemner seg for tidleg. Men om den skuldige får forlik «og vidare valdar slikt verk endå ein gong» skal den fornærma «berre taka forlik om han vil». Altså mister skadevaldar retten til å gjere opp for seg, og den fornærma står fritt til å utøve hemn.

Samanlikna med Gulatingslova er det særleg ein prinsipielt viktig skilnad: det er ingen tilsvarande regel som GL kap. 186, som seier at ein berre kan ta imot bot tre gonger før ein må hemne seg. Frostatingslova kan då seiast å ha eit auka fokus på fredelege konfliktløysingar som alternativ for hemn, som mellom anna resulterer i ei manglande plikt til å ta hemn.

Vidare er det fleire viktige skilnadar i høve som i Gulatingslova gav hemnrett. I GL kap. 196 såg me at å seie «at hin har late seg bruka til utukt» eller «um han jamnar han med ei merr (...) eller jamnar han med noko hodyr» medførte at den fornærmande part skulle «bøta full rettsbot» samt at fornærma kunne «drepa den mannen som utlæg, til hemn for dei ordi (...) um han tek vitne på dei». Også Frostatingslova seier i X-35 at der «ein mann liknar annan mann med eit hodyr» eller «ein mann seier om ein mann at han ope let seg nytta som kvinnfolk, då skal han bøta honom full oppreisingsbot». Men den fornærma parten har ingen rett til å ta livet av den andre. I staden seier siste setning at om menn kjeftar på kvarandre «då skal det eine ordet hemna det andre».

Også regelen om stuld i Frostatingslova nemner ikkje hemn. FL XIV-12 seier at om «ein tjuv vert funnen i ein manns bur eller ein annan stad, då skal ein binda tjuvegodsset på ryggen hans i det fylket der tjuven vert teken og føra han bunden til år mannen». Dette er same regel som i GL kap. 253 der ein «kjem yver ein annan som har tjuvegods i hendene». Eigaren har då ingen direkte hemnrett som i GL kap. 160 fjerde ledd og Bretha Étgid. Men i Innleiinga kap. 9 stadfestast det at «den mann som tek annan manns ku eller anna gods med tjuvshand, han kan drepast og døydast kvar han så held seg». Den personlege hemnretten er borte, og i staden kan ein tjuv drepast av kven som helst. Dette kan tolkast som ein utvida hemnrett, for heile

samfunnet i staden for ein skilde offer, men ligg nærare at lovbytare generelt mistar vern av eige liv, altså ei form for utlægd.

Frostatingslova heimlar derimot hemnrett i nokre andre tilhøve enn i Gulatingslova, og alle i saker som gjeld kvinner. I Mannhelgebolken kap. 33 (IV-33) gis det hemnrett til «frendane åt den døde» der «ei kvinne drep ein mann», om ho ikkje «fer bort», dvs. reiser ut av landet, innan ein konkret tidsfrist. Og om ei kvinne «drep husbonden sin eller rår til at han vert drepen av så ill ein grunn at ho har lege med ein annan mann eller tenkjer seg til det» kan frendane til den døde «skamfera eller drepa henne» utan å måtte bøte for det etter kap. 35.

Desse to hemnreglane er mest sannsynleg nyanseringar av ei meir generell form for hemnrett for drap. Ein finn ingen reglar i Gulatingslova eller Frostatingslova som direkte heimlar hemnrett for drap, men ein finn reglar som omtaler det. Det klåraste teiknet på dette er den allereie nemnde Frostatingslova Innleiinga kapittel 8, som gjer det til «ubotesak og åleigemål for kvar den som hemner seg på andre enn den som drep eller rår til drap». Nokon generell hemnrett for drap er derimot ikkje konkret lovfesta verken i Frostatingslova eller den eldre Gulatingslova, og det kan ikkje gjerast ei materiell samanlikning av desse reglane i denne oppgåva. Det skal derfor ikkje gåast nærare inn på dette emnet. Men det er i denne konteksten ein må forstå FL IV-33 og IV-35 om hemn på kvinner og koner som drep mann eller husbond.

Gulatingslova seier i Mannhelgebolken kap. 10 (GL kap. 159) at «[u]m ei kvinne drep ein karmann, då er ho utlægd, og frendane hennar skal føra henne or landet». I Gulatingslova gis det altså ikkje ein eksplisitt hemnrett der ei kvinne drep ein mann. Men ein skal ikkje sjå bort frå at også det i Gulatingsområdet eksisterte ein ulovfesta praksis for hemnrett for drap, som også kan ha gjeldt der drapsmannen var ei kvinne. Ei undersøking av dette fell derimot utanfor denne oppgåva si avgrensing.

Den siste hemnregelen i Frostatingslova er i Kvinnebolken kap. 14 (XI-14), i reglane om gifte kvinners utruskap. I hovudsak regulerer XI-14 dei ulike formuerettslege konsekvensane av slike handlingar, og kva som skjer om ektemannen framleis vil leve saman med henne. Den konkrete rettsregelen som er relevant for denne oppgåva gjeld der «ein mann gjer semje med han som har lege med kona hans» og har gitt «bindande trygd» for dette. Altså, om ei gift kvinne er utru, så kan han kome til ei fredeleg løysing med mannen ho er utru med, og på denne måten vert det fred mellom dei. Om den andre mannen så «ligg med henne ein gong til medan ektefolka lever saman» (altså om ekteparet ikkje vert separert som følgje av den første

utruskapen), så kan ektemannen straffritt hemne seg på den andre mannen, fordi «då gjeng han til åtak på ein trygdebrytar, som det ikkje skal bõtast for korkje til konge eller til frendar».

Denne regelen liknar på ein regel om utlegd, då det følgjer av lovteksten at den andre mannen kan drepast fordi han er ein «trygdebrytar». Han har brote ei avtale om nåde, og dermed mista det rettslege vernet den avtala gav han. Samtidig er det ingen tvil om at dette må forståast som ein personleg hemnrett, fordi regelen gjeld berre «om ektemannen gjeng til åtak på den andre». Det er berre i tilhøvet mellom ektemannen og den andre mannen at siste er ein trygdebrytar, derfor er det berre ektemannen som straffritt kan skade han for denne ugjerninga.

Samla sett er det i Frostatingslova spor av ei endring i bruken av hemnretten når ein samanliknar med Gulatingslova. Dei personlege hemnrettane er færre eller modifiserte, og det er eit større fokus på alle medlemmane i samfunnet sitt ansvar for å drepe lovbyttrarar. Eit interessant døme på dette ser ein i IV-40, som gir kvar rett til å drepe den «mann som gjeng utanom vegen der han korkje fer fram med horn eller hov, og det vert ropa på han og han ikkje vil svara». Dette kan drepast, og det skal så «reisast søksmål mot honom etter at han er død». Arvingen kan velje mellom «at det ikkje vert bøtt for den døde», eller «verja seg med lyrittareid om det er påstand om tjuvsak mot han trass i at ingen mann finn sitt gods i hendene på han» eller «settareid (...) om han seier det er ein mann han sjølv ville ha drepe». Dette er ei vidareutvikling av den generelle retten til å drepe dei som er skuldige i ulike brotsverk, og opnar for å drepe dei som oppfører seg mistenkeleg og vandrar utanfor allfarveg utan å forklare seg.

I forhold til Gulatingslova, ligg Frostatingslova nærare dei irske hemnreglane i det at fredeleg konfliktløsning i større grad vert nytta i forkant av hemnen. Men samtidig ser ein at reglane i Frostatingslova tek like utgangspunkt som Gulatingslova, ikkje berre i hemn-tilhøve men også i utsegn som heimlar utlægd. Så igjen er det nok her snakk om ei vidareutvikling av like tankar som i Gulatingslova, og ikkje resultat av innverknad utanfrå.

3.3. Pant

Heilt i byrjinga er det to sentrale skilnadar mellom Frostatingslova og Gulatingslova på det panterettslege området. Den første er at det eksisterer ingen generelle reglar om pant eller reglar om tvilstilhøve i Frostatingslova slik ein finn i Kaupebolken i Gulatingslova. Den andre er at ein finn ingen reglar om mellombels sal av odelsjord i Frostatingslova. Då den siste fører til den mest konkrete drøftinga, vil denne skilnaden presenterast først.

Frostatingslova har ingen ordningar for stemnejord eller målejord. I staden finn ein i Jordkaupebolken kap. 2 ei ordning med «forsal av jord», altså mellombels sal av jord. Dette er i praksis ei form for pantsetjing av jord på same måte som mellombels sal av jord i Gulatingslova, men som gjeld for alle storleikar av jord, ikkje berre odelsjord.

Det styrande prinsippet i XII-2 er at der jord har vorte seld «til forsal», skal panthavaren «få att like mykje som han greidde ut». Om pantsetjar ynskjer å løyse inn pantet, «skal han ha bode den som har panta til seg jorda, betalinga før julenatta og etter mikkjelsmesse og ha greidd ut betalinga i gagnfasta, på laurdag i sju-vekesfasta». På den andre sida, «om han som har panta til seg jorda, vil ha att pengane sine, då skal han krevja dei med vitne før jul». Så begge partar har innverknad på når pantet kan løysast inn, men fristen for å gjere den andre merksam på dette er i begge tilhøve før julenatta. Mikkjelsmesse og tidlegaste innløysingsdagen var 29. september,¹⁵⁷ slik som i den eldre Gulatingslova, som var heilt på slutten av innhaustingsåret. Gagnfasta i sju-vekesfasta tyder siste laurdag før påskeveka på våren.

Desse tidsfristane er i stor grad like dei for innløysing av målejord og stemnejord i Gulatingslova. For stemnejord, som krev at pantsetjar stemner panthavar til å taka imot pengane, «skal [pantsetjar] segja den andre ut um hausten» og «stemna hin til å taka imot pengar torsdagen i påskevika» jf. GL kap. 284.¹⁵⁸ Medan målejord kan løysast når som helst, er fristen for å varsle sett til «ein halv månad fyre torsdagen i påskevika» i GL kap. 280 og 283. Så både etter Gulatingslova og Frostatingslova er siste frist for å utføre innløysing av stemnejord, målejord og forseld jord omkring påsketider. Som vist i 2.2. er dette nok for at panthavar «kann gjera seg nytte av pengane den sumaren» jf. GL kap. 280 og kunne ordne seg ny jordleige før såtida.

Kvifor krev både innløysing av forseld jord og stemnejord at den andre parten får beskjed på hausten, før jul? Fordi stemnejord kunne seljast «på årmål, på 15 vintrar» jf. GL kap. 276, og etter ein so lang tidsperiode kan det vere tvil om når løysingstida har komme. Derfor krev GL kap. 284 at det setjast ned ein dom der pantsetjar «skal ha vitne som veit kva tid han har rett til å løysa inn jordi si». Den same tanken kan liggje bak fristane ved forsal av jord, då begge partar skal ha mogelegheit til å føre vitne for sine påstandar om dei vert usamde om betalinga. Reglane om komplikasjonane ved forsal av jord er mange, og gir utstrakte prosessuelle rettar

¹⁵⁷ *Gulatingslovi* s. 329

¹⁵⁸ Mi kontekst i klammar

til begge partar. Desse skal ikkje presenterast i detalj her, men det kunne potensielt verte fleire rundar på tinget.

Bortsett frå forsål av jord, inneheld Frostatingslova berre ei anna føresegn som omtalar pant: Andre arvebolk kap. 28 (IX-28) om «den eigedom som er sett i pant for ein umyndig», som del av eit generelt forbod mot å føre eiga til ein umyndig ut av landet. Som i Gulatingslova er det her snakk om «*ved*», men ei liknande føresegn finnest ikkje i Gulatingslova.

Frostatingslova har ingen generelle panterettslege reglar som dei i Kaupebolken i Gulatingslova. Som ved Gulating var nok mykje av det privatrettslege gjerne ulovfesta, og det kan vere at det eksisterte andre pantetilhøve og reglar som ikkje vart tatt med i Frostatingslova. Men då alle dei panterettslege reglane i Frostatingslova omhandlar pantsetjing av eigedom, og i hovudsak gjennom forsål, kan ein få inntrykk av at det mest var eigedom som vart pantsett også i Frostatingslagen. At det var ei vidare opning for pantsetjing av eigedom etter Frostatingslova samt at reglane er meir avanserte enn i Gulatingslova,¹⁵⁹ talar sterkt for at dette var ein lang praksis som utvikla seg uavhengig av den liknande praksisen ført i Gulatingslagen for odelsjord.

Så som i dei irske rettsreglane finn me ingenting i Frostatingslova som liknar på dei alminnelege panterettslege konfliktreglane i Gulatingslova. Frostatingslova har òg eit annleis system for pantsetjing av jord som fungerer på ein annan måte enn det i Gulatingslova, men med til forveksling like fristar. I del 4 skal me sjå på kva som kan vere årsaka til desse skilnadane og likskapane.

3.4. Eidar

Som Gulatingslova nyttar Frostatingslova nektningseidar for å nekte for skuldingar, og begge rettsbøkene deler tylftareid, settareid og lyrittareid. Mellom anna seier både FL III-3 og GL kap. 24 at ein mann kan nekte for skuldingar om å ha gifta seg med nære slektningar med lyrittareid, altså med to medsverjarar.

Det er derimot merkbare skilnadar mellom korleis dei to rettsbøkene nyttar desse formene for eid. Reglar som FL III-3 og GL kap. 24 om giftemål mellom nære slektningar, der det er likt i begge lovene, er sjeldne. Til dømes: dei to føresegna regulerer begge også seksuelle relasjonar mellom nære slektningar, men i Gulatingslova skal desse omstenda nektast for med settareid, medan Frostatingslova også her nyttar lyrittareid.

¹⁵⁹ M.a. kunne pantsetjar påleggjast renter for å dekkje jordleige om panthavar ikkje fekk betalinga si jf. XII-2

Fleire stadar ser ein også at den eine boka opnar for nektingseid under omstende som den andre boka ikkje i det heile freistar å regulere. Til dømes opnar FL IV-38 for at der «ein vaksen mann klagar ein mann for å ha fare ille med han i ungdomen slik at det er spørsmål om rettskrav», kan den skulda «nekta med lyrittareid». Men om saksøkar ikkje har vitne på det «skal han sanna det med lyrittareid». Nokon liknande regel om å skulde nokon for hendingar i ungdommen finn ein ikkje i Gulatingslova. Samtidig finn ein i GL kap. 257 at ein kan nekte «for heling, at han har teke mot det tjuvstolne godset» med lyrittareid, medan Frostatingslova ikkje har nokre slike reglar om heleri.

Ein annan interessant skilnad er at gudsdøm nyttast i mykje større grad i Frostatingslova samanlikna med Gulatingslova.¹⁶⁰ Gudsdøm eller Guds-reinsing var den sterkaste forma for bevis, og vart normalt berre nytta der det var stor tvil om sanninga, og der den mistenkte kunne ha gode grunnar til å sverje falskt. Gudsdøm kunne også nyttast til å overprøve andre sin eid. Ein finn to typar gudsdøm i Gulatingslova og Frostatingslova: å bere glødande jarn (jarnburd) eller hente opp ein gjenstand frå ein kjele med kokande vatn (kjeltak). Tanken var at om ein var uskuldig, hadde ikkje kroppen merker eller skadar etter ein sett tidsperiode. Gulatingslova nyttar gudsdøm i fem tilhøve,¹⁶¹ medan Frostatingslova nyttar det i heile tretten.¹⁶² Ein annan interessant ting er at Frostatingslova i mykje større grad nyttar det utanfor kristenretten, i ni av tretten tilhøve samanlikna med to av fem i Gulatingslova.

FL IV-6 skildrar tilfellet der «tre menn fer saman på eit skip, og så ille skjer at ein av dei hogg ein annan ned», og der må begge dei to som lever «bera jarn» for å nekte for å ha drepe den tredje. GL kap. 158 seier tilnærma likt at om «fer to menn saman og vil vinna seg gods» og «den eine då vert drepen», skal den overlevande «nekta med jarnburd» om arvingen til den døde skuldar han for drapet. Dette er dei einaste samanliknbare tilhøva der begge lovene krev at det berast jarnburd.

Framgangsmåten for tylftareid er skildra i Mannhelgebolken kap. 8 (IV-8). Av dei som skal vere vitne «skal saksøkjar nemna helvta av vitna og saksøkte helvta», til saman «tolv hauldar frå fylket skal nemnast, eller gode bønder om det ikkje finst hauldar». Av desse skal det vere «[k]orkje frendar eller fiendar». Vidare skal saksøkte «ha to av dei tolv vitna og to av sine

¹⁶⁰ Sunde «Daughters of God» s. 160

¹⁶¹ GL kap. 24, 28, 32, 158 og 314

¹⁶² FL II-1, II-45, III-15, III-18, IV-5, IV-6, IV-14, IV-23, IV-35, IV-62, V-29, VIII-16 og IX-10

næraste skyldfolk med seg sjølv som den femte; og sidan kjem dei sju frie og fullvaksne menn som både kan svara for ord og eid».

Korleis medsverjarane vert valde er altså særst likt som i GL kap. 132: av ei gruppe på tolv vitne, valde av kvar side i saka, vel den som skal sverje to personar, som i tillegg til to frå hans næraste og sju som han vel fritt sver eiden med han.

Det er derimot to viktige skilnader. Den første er at etter Frostatingslova skal dei vere «hauddar», altså bønder med odelsrett på jorda si, eller «gode bønder», medan i Gulatingslova skal dei vere «like med han i rett», som må forståast som at dei må vere av same sosiale rang. Den andre skilnaden er at Frostatingslova spesifiserer at «[k]orkje frendar eller fiendar skal oppnemnst», altså eit krav om at den første gruppa på tolv ikkje skal innehalde nokon som av ulike grunnar sto særleg nært eller i fiendskap til nokre av partane. Noko slikt krav finn ein ikkje i GL kap. 132. Det kan vere at Frostatingslova i større grad freistar å sikre at dei tolv som saksøkte skal velje frå ikkje er partiske.

Til slutt skal nemnst at FL IV-8 seier at «[t]ylftareid skal sverjast framme på altargolvet» i kyrkja. Dette er i samsvar med GL kap. 136 om «korleis eidane skal gjerast». Men FL IV-8 opnar også for at «kvar eid skal kunna avleggjast (...) der som menn før har avlagt eid», og vidare i FL XV-1 om landssvik står at «[d]en som er skulda, skal byda seg til å sverja eiden i kongens gard i fylket». Når ein samtidig tenkjer på at den religiøse konteksten i kyrkja skulle vere med å sikre at eiden var sann, er det spesielt at det gjerast eit slikt unntak i Frostatingslova. Til samanlikning seier Gulatingslova kap. 312 berre at den som vert skulda for landråd skal «nekta med tylftareid». Grunnlaget for unntaksreglane i Frostatingslova er uvisst.

Korleis settareiden skal gjerast er skildra i FL XV-11. Det skal nemnst opp seks hauddar: «Klagaren skal nemna opp halvta av vitna, men verjaren halvta», altså tre frå kvar side. Den som skal gjere eiden skal «velja ein av dei seks, ein annan skal vera ein av dei næraste slektningane hans, og han sjølv den tredje». Dei tre siste «skal vera frie menn som kan svara for både ord og eid».

Igjen er det hauddar og ikkje menn «like med han i rett» som i Gulatingslova. Frostatingslova seier at det alltid skal vere «ein av dei seks», medan GL kap. 133 seier at saksøkte skal «ha 2 for steling og brenning, ein i alle andre settareidar». I GL kap. 135 såg me at settareid for steling og brenning «fell alle til ubot», medan dei andre settareidane fall til utlægd. Dei andre settareidane vil etter kap. 133 vere for «øydeleggjing og trenid og nidvisor og udådsverk mot

kvinnor, og likeins for nidingsher og um nokon hemner tjuvar». Kvifor Gulatingslova opnar for at det skal vere to av vitna i nokre tilhøve, men berre eitt i dei andre, ser ut til å følgje av alvorsgraden til brotsverket. Kvifor Frostatingslova ikkje gjer eit liknande skilje er meir usikkert.

Til slutt skal det kort nemnast at Frostatingslova ikkje har ei tilsvarande føresegn som GL kap. 135 om korleis lyrittareiden skulle gjerast. Då lova har fleire døme på at den vart nytta som nektningseid må framgangsmåten ha vore ulovfesta.

Kva gjeld kvinner si mogelegheit for å gjere eid er det igjen skilnadar mellom Gulatingslova og Frostatingslova. I motsetning til Gulatingslova er FL IV-8 om tylftareid tydeleg kjønnsnøytral når den talar om vitne og hauldar, og det er berre «dei sju frie og fullvaksne menn» til slutt som vert sagt skal vere «menn». Det er likt i FL XV-11 om settareid, men med 3 «frie menn». Og medan Jordkaupebolken kap. 4 talar om «manns odel» legg kap. 5 til grunn at kvinner kan vere «odelsarvingar». Så kvinner kunne vere hauldar, og dermed også medsverjarar til tylftareid og settareid. GL kap. 275 legg også til grunn at kvinner kunne vere hauldar, jf. ordlyden «ho vert arving både til odelsjord og til lausøyre», men då Gulatingslova ikkje spør direkte etter hauldar på same måte som Frostatingslova i spørsmålet om medeid, har det ikkje den same rettslege konsekvensen.

Fleire einskilde reglar opnar for kvinner som vitne eller at kvinner kan sverje eigen nektningseid. Som tidlegare drøfta omtalar IV-39 hemnrett for ein mann for sju kvinner. I rettssaka som følgjer denne hemnretten kan det førast «augevitne som var til stades, karar eller kvinner». FL kap. III-5 omtalar på si side hor med gifte, og her seier lova at både den gifte part og den ugifte skal straffast uavhengig av kjønn. I utgangspunktet krev ei slik skulding «augnevitne», men der slike ikkje finns «då kan det saksøkjast med vitne om rykte på heimstaden» og i desse tilhøva «kan dei forsvara seg mot klagemålet med to medeidsmenn». Altså har den kvinnelege og den mannlege skulda parten lik mogelegheit til å gjere nektningseid for skuldingane.

Ein annan interessant regel er FL II-46 om meineid, som i utgangspunktet talar om «mann som sver meineid». Den seier også at «om nokon, kar eller kvinne, gjer eid på slike saker som leier til synd (...) då skal den eiden strafflaust gjerast om inkje». Regelen talar om kvinner som gjer eid i tilhøve som gjeld «storsynder» og korleis denne skal seiast ugyldig utan at kvinna vert straffa for å bryte eid. Kapittel II-46 verkar å leggje til grunn at kvinner har alminneleg eidskompetanse. Noko liknande ser ein i III-16 «[o]m eidbrot og brot på

skriftemål», som omtalar der «nokon vert eidbrytar eller skuldig i skriftemålsbrot for biskopen, anten det er kar eller kvinne».

Desse to reglane står i Kristendomsbolkane, og det er uklårt kva typar eid dei er meint å regulere. Det kan mellom anna vere tale om reint seremonielle eidar, eller andre eidar som fell utanfor denne oppgåvas avgrensing. Men sett i samanheng med at ordlyden i reglane om tylftareid og settareid er kjønnsnøytrale, talar det samla sett for at kvinner etter Frostatingslova hadde alminneleg kompetanse til å sverje eid og vere medsverjarar.

Ein annan interessant skilnad frå Gulatingslova er at dei særskilde tilhøva for kvinner til å vere vitne ikkje er til stades. Det er framleis nokre tilhøve der kvinner særskilt skal uttale seg som vitne, men dette er der dei opptrer som festerkoner eller koner. Til dømes seier III-22 at ei kvinne som «seier seg å vera fest med tvang», og mannen ikkje har vitne på festinga, «då kan ho med eid nekta at var hennar vilje, og saman med henne far hennar og mor hennar». Både kvinna som seier at ho er festa med tvang og mor hennar kan her sverja eid, men ikkje på grunn av at dette er eit særskild kvinnerelatert spørsmål, men på grunn av deira situasjon i rettsspørsmålet.

Noko liknande ser ein i FL V-31 «[o]m ei kvinne gjer drap», som og omtalar «om ho har rådd» ein annan mann «til drap». Her seier lovregelen at om «han nektar seg skuldig i verket eller ho i å ha rådd til å gjera det, så skal det skje med tylftareid». Kvinna får moglegheita til å sverje nektingseid, men ikkje på grunnlag av kunnskap det kan forventast at ho sit inne med som kvinne, men av den konkrete skuldinga som er retta mot henne. I Gulatingslova finn ein ingen slike konkrete døme på at kvinner kunne sverje nektingseid.

Oppsummert nyttar Frostatingslova seg av like prosessuelle konstruksjonar som Gulatingslova, og me finn nektingseid, medeid og gudsdom i begge rettstekstane. Men me finn også merkbare skilnadar i dei konkrete reglane sin ordlyd samt i kva tilhøve dei skal nyttast. Det er og fleire interessante skilnadar i kvinner sin kompetanse til å sverje eid og medeid. Dei same skilnadane som me såg mellom Gulatingslova og dei irske reglane om eid gjer seg også gjeldande for Frostatingslova, men me ser ei enno vidare moglegheit for kvinner å sverje eid.

4. Del 4 - Nærare samanlikning og forsøk på forklaringar

4.1. Innleiing

I det føregåande har Gulatingslova vorte presentert ved sida av irske rettsreglar og samanlikna med Frostatingslova, og me har sett skilnadar og likskapar. I det følgjande skal eit utval av skilnadar og likskapar på kvart rettsområde leggjast fram og det skal forsøkast å gis ei forklaring på kvifor retten utvikla seg på den måten den gjorde. Perspektivet vert utvida frå det reint rettslege og det som kan tolkast ut frå dei rettslege tekstane, til den konteksten reglane vart utvikla i og mogelege kjelder til innverknad frå andre delar av samfunnet. Medan fokuset vil vere på kvifor retten vart nett slik i Gulatingslova i samsvar med føremålet med oppgåva, vil det også i nokon grad sjåast på kva som forma retten i Irland og Frostatingslova.

4.2. Sjølvtekt

I del 2.1.2. og 3.2.1. såg me korleis den eldre Gulatingslova, Senchas Már og Frostatingslova alle hadde klare reglar for når ein kunne og når ein ikkje kunne utføre sjølvtekt. Den største likskapen mellom dei tre er at rommet for å utføre sjølvtekt er lite, og prosessen klart regulert med presise rettslege utgangspunkt. Samtidig er reglane på detaljnivå ganske ulike, med fleire viktige skilnadar som skal studerast nærare seinare.

At alle tre rettssystema har strenge reglar for utføring av sjølvtekt med klare utgangspunkt kan lett forklarast med saksområdet. Det trengs klar regulering av mogelegheita for ein privat person å drive inn uteståande krav hjå den andre parten. På den eine sida fører mangelen på ein sentral stat til at det er eit behov for kreditor å ha mogelegheit til å sjølv drive inn kravet sitt med tvang. Men på den andre sida har debitor behov for vern mot sjølvtekt utført av personar som ikkje har eit gyldig krav å gjere gjeldande. Løysinga på dette i alle tre regelsetta var å ha klare og strenge lover for når ein kunne gjere sjølvtekt.

Kva som er dei konkrete omsyna bak rettsleggjinga av sjølvtekt følgjer ikkje klart av lovtekstane. Men med moderne auge kan ein driste seg til å sjå konturane av grunnleggjande rettslege omsyn bak desse reglane. Først og fremst vernet av privat eigedom, at ein ikkje utan vidare skulle stå i fare for å miste sin eigedom til ein kreditor utan at kreditor framviser sin rett. Vidare gir reglane gjennom kravet til rett prosedyre eit vern til debitor, som normalt kan tenkast å vere ein svak part samanlikna med ein kreditor som hadde makt over debitor i form av uteståande pengekrav. Det kan tenkast høve der kreditor er den svake part, som t.d. der ein debitor er av mykje høgare sosial rang enn kreditor, men mangelen på tilgjengeleg rettspraksis frå mellomalderen gjer det vanskeleg å seie noko om kor ofte det var tilfelle.

Det kan også ha vore politiske tankar bak. Ikkje på den måten at dette har vore viljen til nokre einskilde grupper, men at det er resultat av ei tanke om orden i samfunnet. Allereie på eit tidleg stadium i utviklinga av formueretten formar det seg eit bilete av kreditor og debitor, den som har krav på noko og den som skuldar nokon noko. Dette er personar i alle lag av samfunnet, og vert fort viktig for partane som vert involverte. Ei slik økonomisk interesse skapar rettslege konflikthar, som gjer det naudsynt med konfliktløysing og klåre rettslege normer for å skape fred og stabilitet. Dette ville forklare kvifor Senchas Már vert lov- og skriftfesta så tidleg, og kvifor dei tre regelsetta alle endar med tilnærma like løysingar på felles problem, men med særskilde skilnadar.

Om ein ser Gulatingslova og Di Chetharslicht Athgabála opp mot kvarandre kan ein forenkla seie at dei har motsett tilnærming til spørsmålet om sjølvtekt. Gulatingslova stiller først opp eit generelt forbod og lovfestar så konkrete framgangsmåtar for kreditor å utøve sjølvtekt i ulike tilhøve, og den same framgangsmåten ser ein i Frostatingslova. Senchas Már legg i staden til grunn ein rett til sjølvtekt som vert negativt avgrensa gjennom reglar om kompetanse og framgangsmåte.

Dette kan delvis forklarast med reglane sin alder. Senchas Már er som tidlegare nemnt ei samling og vidareføring av eldre rett frå omkring 600- til 700-talet,¹⁶³ og av Di Chetharslicht Athgabála si plassering som første sjølvstendige del av rettssamlinga Senchas Már får ein eit inntrykk av at dette må ha vore ein viktig institusjon. Då sjølvtektsinstitusjonen byggjer på gamle tradisjonar, var det kanskje naturleg å halde på retten til sjølvtekt og heller setje nye vilkår til den etter kvart som regelen vart vidareført og nyansert. I Noreg var Gulatingslova og Frostatingslova til samanlikning av nyare dato, og historikarar meiner dei vart skrivne ned omkring andre halvdel av 1100-talet.¹⁶⁴ Det kan av lovtekniske grunnar ha vore meir hensiktsmessig å ha eit klårare forbod og klårare prosedyrar. Gulatingslova vart også skriven ned mykje seinare enn reglane i Senchas Már, og levde i tida før skriftfestinga i minnet til dei som sat på tinget. Eit klårt rettsleg utgangspunkt og konkrete unntak var lettare å hugse og å nytte i praksis. I Irland hadde ein både ein godt utvikla samfunnsklasse med profesjonelle juristar og ei tidleg skriftfesting av reglane. Dette gjorde at ein kunne halde ved like dei kompliserte reglane og unntaka naudsynte for å kunne praktisere ein så i utgangspunktet vid tilgang til sjølvtekt.

¹⁶³ Kelly s. 245

¹⁶⁴ Helle s. 20

At ein ved Gulating i mindre grad hadde tilgang til profesjonelle juristar er nok også bakgrunnen for ein annan skilnad i sjølvtektprosessen. I del 2.1.2. såg me korleis både Gulatingslova og Di Chetharslicht Athgabála nytta økonomiske omstende som ein pådrivar for å sikre den rettslege kontrollen. Men i Irland var det tilgang på profesjonelle advokatar som kunne lønnast, i motsetning til i Noreg, der ein måtte lite på ikkje like profesjonelle tingmenn som måtte truast med bøter, og årmenn som kunne tene på å krevje inn bøter for kongen.

Det er ein viktig regel i GL kap. 34 som skil sjølvtekt etter Gulatingslova frå dei to andre kjeldene, og det er «ikkje skal me taka noko med sjølvtekt». For medan Di Chetharslicht Athgabála straffar uriktig gjennomført sjølvtekt med bøter,¹⁶⁵ og Frostatingslova X-1 seier at «ingen må taka ein ertog eller meir frå ein annan», vel Gulatingslova å setje eit absolutt og generelt forbod mot sjølve sjølvtektshandlinga. Kaupebolken kap. 34, som er første regel i den bolken, startar med å slå fast at «ingen av oss skal taka gods frå andre, og ikkje skal me taka noko med sjølvtekt».

Gulatingslova og Frostatingslova har her same tilnærming til spørsmålet, med eit forbod og så lovfesta prosedyrar for lovleg sjølvtekt. Men det er forskjellig kvar dei legg lista. Ein ertog var ein sølvmynt som var verd ein tredjedel av verdien av ein øyre, som igjen var ein åttandedel av ei mark.¹⁶⁶ Dette var ikkje ein ubetydeleg verdi. Det følgjer av FL XIV-12 om tjuveri at den som «stel ein ertog eller meir» er ein «tjuv», men «om ein mann stel mindre enn ein ertog, då er han torv- og tjøremann», vert straffa deretter og så erklært «rettslaus etter lova». Det er vidare eit skilje her mellom «torv- og tjøremann» og ein som «stel mindre enn ein tveite», som er ein «naskar». Ein ertog var ikkje ein ubetydeleg verdi, og det var då eit rettsleg praktisk skilje mellom eit absolutt forbod i Gulatingslova og eit forbod mot å taka noko verd ein ertog eller meir i Frostatingslova.

Så spørsmålet vert kvifor ein finn denne grunnleggjande skilnaden?

Ei forklaring kan vere at denne regelen tek inspirasjon frå ein annan stad. Ditlev Tamm skreiv i artikkelen «Gulatingsloven og de andre gamle nordiske landskabslove» at fleire reglar i Gulatingslova har parallellar med reglar i Mosebøkene i Bibelen, særleg i Kristendomsbolken men også på privatrettslege område. Tamm skriv mellom anna at det for reglane om «forvaring, lån og leje» kan det «ikke bevises, men er en teori, at landskabslovenes

¹⁶⁵ AL i s. 91: «there are five ‘seds’ for the unlawful taking of it, or for the forcible taking of it»

¹⁶⁶ *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind XXI s. 18

bestemmelser om disse retsforhold i deres utspring er inspireret af mosaisk rett». ¹⁶⁷ Med dette perspektivet i tankane er det ikkje utenkeleg at det absolutte forbodet i GL kap. 34 kjem av Andre Mosebok kapittel 20 avsnitt 15 «Du skal ikkje stela». ¹⁶⁸

Om dette er opphavet til regelen, vert det derimot eit spørsmål kvifor dette berre fekk gjennomslag i Gulatingslova. Nidaros vart sete for erkebiskopen i 1152, og etter det var erkebiskopen aktivt med som lovgivar. ¹⁶⁹ Kvifor rettsskaparane ved Frostatinget då skulle velje ei vidare opning til å ta frå andre enn det som følgde av Bibelen er uvisst. Særleg ville dette vere interessant om det var kjend på Frostating kva som var praksisen i Gulatingslova, men det er det vanskeleg å finne bevis for eller mot i dag.

4.3. *Hemn*

Der hemnretten eksisterer i Gulatingslova, Frostatingslova og dei irske rettstekstene ser ein klare likskapstrekk. Alle freistar å skape balanse i tilhøvet mellom skadevaldar og offeret eller offerets nærstående gjennom å rettferdiggjere drapet på lovbrytaren, sjølv om terskelen er ulik i dei to landa.

Alle tre regelsetta legg til grunn at den som nyttar seg av hemnretten sin også må vere klår til å forsvare den rettsleg, men på ulike stadium. I Gulatingslova og Frostatingslova skjer dette i form av at den som hemnar seg må sikre seg vitne og forsvare handlinga si på tinget i ettertid. Gulatingslova kap. 160 seier også at om ikkje arvingen etter den drepne sender ut tilbodstykke etter drapet skal drapsmannen «senda pil sjølv» og kalle til tings for drapet. Om ein ikkje lyste eit rettmessig drap kunne drapet straffast som mord. Etter Bretha Étgid skjer rettssaka i forkant av hemnen, jf. ordlyden «condemned to death». Nokon hemnrett overfor «*cimbid*» har ein ikkje før denne sin rettslege stilling er klårgjort. Begge måtane sikrar at hemnen ikkje fører til straffridom før det har vore gjennom ein nærare juridisk kontroll ved tinget eller føre dommaren. Den norske hemnaren må tole å verte klaga som drapsmann av den drepne sin arving, medan den irske hemnaren må vente på at rettssituasjonen er avklart før hemnen kan utførast. Dette følgjer av at uansett kor god sak hemnaren skulle ha eller i kva grad dei føler seg krenka av den drepne, har den drepne framleis eit vern av liv som gjer det naudsynt med ein kontroll av hemnen. Og denne tanken er lik i begge rettssystema uavhengig av korleis dei nyttar hemnen som sosialt verktøy.

¹⁶⁷ Tamm s. 303

¹⁶⁸ Versjon 2011 nynorsk utgåve

¹⁶⁹ *Frostatingslova* s. xxx

Den største skilnaden mellom Gulatingslova og dei irske rettskjeldene ligg i når hemn skal nyttast. I Gulatingslova og Frostatingslova følgjer hemnretten direkte av skadevaldar sine handlingar, medan i dei irske rettskjeldene eksisterer hemn som ei siste løysing. I del 2.1.3. vart det gitt eit kort innblikk i prosessen i dei to landa. Det skal no sjåast litt nærare på kvar hemnen passar inn som straffereaksjon i dei to landa.

Som tidlegare omtala står det i Senchas Már at «no one is put to death for his intentional crimes, as long as ‘eric’-fine is obtained; and whenever ‘eric’-fine is not obtained, he is put to death for his intentional crimes».¹⁷⁰ Hovudregelen for alle brotsverk var å betale bot, og hemn og dødsstraff vart berre aktuelt når bota ikkje kunne betalast. Men det var ikkje nok at gjerningsmannen sjølv var ute av stand til å betale. Alle irar vart fødte inn i ei større slektsgruppe, der alle som var etterkommarar etter same oldefar på farssida utgjorde ein ‘*derbfine*’.¹⁷¹ Slektsgruppa som ei eining hadde stor rettsleg innverknad på medlemmane sine rettar og pliktar. Ei av desse pliktene var at slektsgruppa som ei eining vart ansvarleg for slektsmedlem som ikkje kunne betale si gjeld eller sine bøter til andre, og kreditor som ikkje fekk dekning hos debitor kunne utføre eiga sjølvtekt mot andre medlem i slektsgruppa. Dette følgjer direkte av Senchas Már, der det står skrive at «the four nearest tribes bear the crimes of each kinsman of their stock: ‘gelfine’ and ‘derbhfine’, ‘iarfine’ and ‘indfine’».¹⁷² Desse er alle formar for inndelingar av slektsgruppa.

Ein person kunne verte utstøytt av slektsgruppa si som konsekvens av at han ikkje oppfylte sine plikter.¹⁷³ Ei årsak kunne vere at personen ikkje kunne betale tilbake til slektsgruppa det dei hadde lagt ut for å dekke hans betalingar. Om ein vart utstøytt mista ein då det økonomiske tryggingssettet som slektsgruppa gav, og kreditor kunne ikkje lenger gjere sine krav mot debitor gjeldande mot slektsgruppa.

Men når ein familie valde å støyte ut ein slik at dei ikkje vart ansvarlege for denne personen sine seinare brotsverk, måtte dei framleis stille til rådighet pengar for å dekke potensielle rettsbrot. Dette følgjer av den strafferettslege teksten Bretha Étgid sin andre del. Der står det skrive at sjølv om ein person vert støytt ut frå familien, vert ikkje familien fri for erstatningsansvar «until they pay a price for exonerating themselves from his crimes (...) and

¹⁷⁰ AL i s. 15

¹⁷¹ Kelly s. 12

¹⁷² AL i s. 261

¹⁷³ Kelly s. 13

when they (*the family*) shall have given in this way, they shall be exempt from his crimes». ¹⁷⁴ Familien måtte betale til «the chief of the territory; (...) the church of the territory; and (...) his neighbours with whom he had entered into ‘cairde’-relations», ¹⁷⁵ og for framtidige brotsverk vart det søkt erstatning av desse summene. Altså, for at familien skulle verte fri for erstatningsansvar for ein av sine næraste, måtte dei setje av pengesummar for å dekke framtidige brotsverk. Og om dei seinare skulle gi han «the use of a knife, or a handful of grain; or until he unyokes his horses in the land of a kinsman out of family-friendship (...) they shall not be exempt from his crimes until they pay the same amount again». ¹⁷⁶ Om dei behandla den utstøyte som medlem av familien, vart dei igjen ansvarlege for å betale for hans brotsverk og måtte betale seg fri igjen.

Det er i denne konteksten ein må sjå hemnreglane i Bretha Étgid. Det var ikkje nok at den skuldige ikkje kunne betale bot for sine brotsverk. Bota kunne heller ikkje krevjast inn hos denne sine slektningar, grunna at dei ikkje hadde råd eller hadde støytt han ut. Og det kunne heller ikkje vere til rådigheit pengar som familien hadde betalt då dei støyte han ut.

Betalingsansvaret er nokon stadar utgreidd så langt at ein annan regel i andre del av Bretha Étgid plasserer vidare betalingsansvar på «the seven houses in which he gets beds», ¹⁷⁷ altså at om den skuldige ikkje kan skaffast til ansvar for å betale, kan bota delast mellom og betalast av dei siste sju husstandane som sist gav han mat, «the seven places where food was given to him». Omsetjaren av teksten kallar regelen for «obscure», ¹⁷⁸ og det er usikkert i kva grad den vart nytta. Men det er klårt at berre som aller siste utveg, når det ikkje kunne oppdrivast erstatning for brotsverket nokon stad, kunne offeret eller offerets familie straffritt utøve hemnrett mot skadevaldar.

Hemnretten etter Gulatingslova oppstår derimot i same augeblikk som den straffbare handlinga som kan hemnast. Handlinga åleine er nok for å etablere hemnrett, og den rettslege kontrollen kjem i etterkant. Nokre forfattarar har sagt at hemnretten på den måten fungerer etter eit nordgermansk prinsipp at rettsbrytaren etter den kriminelle gjerninga ikkje lenger er fredheilag og dermed fritt kan drepast. ¹⁷⁹ Her må det derimot gjerast ei nyansering. Som tidlegare sagt vert det i denne oppgåva trekt eit skilje mellom at ein person på grunnlag av

¹⁷⁴ AL iii s. 383, kontekst i parentes i omsetjinga

¹⁷⁵ AL iii s. 382 fotnote

¹⁷⁶ AL iii s. 383

¹⁷⁷ AL iii s. 409

¹⁷⁸ AL iii s. 408 fotnote

¹⁷⁹ *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind VII s. 243

sine rettsstridige handlingar generelt mistar sitt vern av livet og kan drepast av kven som helst, og på den andre sida at ein person eller ein avgrensa gruppe personar straffritt kan drepe den som er skuldig i rettsbrotet. Det avgjerande er kven det er som straffritt kan drepe rettsbrytaren som følgje av siste sitt rettsbrot.

Det er ikkje noko som tydar på at Gulatingslova sin ordlyd ikkje må takast på ordet. Det er ikkje kven som helst som kan drepe ein mann som vert funnen med ein annan mann sine kvinnelege slektningar jf. GL kap. 160. Det er berre den mannen som «kjem yver ein mann hjå den kvinna som ein har rett til hemndrøp for». Mannen som vert funnen hjå kvinna mister ikkje alt vern av sitt liv og kan altså ikkje drepast av kven som helst. Han kan berre drepast av den som finn mannen hos slektningen sin. Det er det same etter GL kap. 196. Berre den som vert fornærma med fullrettsord kan hemne seg på den som fornærmar. Ein slik avgrensa rett til å utføre hemn kan ikkje liknast med at rettsbrytaren mistar alt sitt vern til liv.

Men det er interessant å sjå vidare på når rettsbrytaren etter lova mistar sitt vern av livet. Gjeld det nordgermanske prinsippet at retten til liv vert mista som ein direkte konsekvens av den rettsstridige handlinga? Til dels er svaret på dette ja. I GL kap. 196 står det at den som vil hemne fullrettsord kan «drepa den mannen som utlæg, til hemn for dei ordi». Her verkar det klart ut frå ordlyden at den som fornærmar vert lik ein utlæg i forholdet til den fornærma når han seier fullrettsord, og at han då med den rettsstridige handlinga mistar sitt vern til liv.

Saka stiller seg derimot annleis for den hemnretten som følgjer av GL kap. 160 første ledd, altså hemnrett der ein finn ein mann hos ein kvinneleg slektning. Dette ser ein i reglane for rettssaka som skal gjerast i etterkant av hemnen jf. GL kap. 160 tredje ledd. Her står det at hemnaren skal «leggja ned våpni sine utanfor tinget og krevja seg grid og bjoda lov for seg og føra fram vitneprov av dei mennene som han fyrst nådde i». Hemnaren skal stille på tinget utan våpen og be om grid, dvs. nåde for sine handlingar, og be om at saka vert vurdert etter lova. Så sjølv om hemnaren på dette tidspunktet har nytta seg av ein hemnrett og har lyst drapet til den første han møtte, vert han framleis handsama som ein rettsbrytar. På tinget skal vitneprovet vurderast, og om «folk nektar han tinggonge, då helgar dei han og alt det som han eig». Om vitna er fullgode, så skal ikkje hemnaren møte på tinget for å vurderast som drapsmann i det heile, og saka når si endelege konklusjon: «Då er den utlæg, som fall (...) og den som drap, skal vera fredheilag».

Først då er den rettslege situasjonen avklart. Fram til då har hemnaren vore ein drapsmann som hevdar han har utøva hemnrett, og den drepne hatt sitt rettslege vern i behald. Men etter

vitna har vorte vurderte og godkjende på tinget, vert hemnaren ein fredheilag mann og den drepne utlæg.

Det interessante her er at sjølv om hemnaren får sin hemnrett allereie når rettsbrotet skjer, har den drepne framleis sitt vern i behald heilt fram til saka vert vurdert på tinget, for han er ikkje utlæg før hemnen har vorte vurdert på tinget. Og sjølv om hemnaren har utført ein rettmessig hemnrett, er han ikkje fredheilag etter drapet før det same tidspunktet. Det betyr at ein må sjå på hemnen som åtskild frå spørsmålet om vernet av den andre sitt liv. Med andre ord, retten til å ta hemn og få dette prøvd på tinget eksisterte uavhengig av vernet av den andre personen sitt liv.

Det kan vere ulike grunnar til dette skiljet. På denne måten får hemnaren ein enno sterkare grunn til å ta saka til tinget for å sikre sin eigen rettsposisjon, samtidig som det sikrar den rettslege kontrollen av denne typen hemn. Det vernar også rettsbrytaren si rettslege stilling i tida etter at han vart drepen, i at han ikkje vert uttalt utlæg før saka har vore på tinget. Om det siste er grunnen for regelen er derimot meir usikkert, då eiga til rettsbrytaren ikkje vert utlæg i alle tilhøve og at det ikkje vert tatt noko slikt omsyn etter GL kap. 196.

Frostatingslova har ingen egne føresegn om framgangsmåten i hemnsaker, og IV-39 som gir hemnrett i same tilhøve som GL kap. 160 seier berre at «ein mann kan hemna og leggja sak mot den døde (...) utan straff». Ei tolking av denne ordlyden er at det å «leggja sak» er naudsynt for at handlinga vert «utan straff», men dette fortel oss ingenting om Frostatingslova sitt syn på eit eventuelt skilje mellom hemnretten og vernet av liv.

Det avgjerande å ta med vidare frå dette er at hemnretten etter Gulatingslova oppstår allereie ved det første rettsbrotet, og vert stadfesta når saka vert teken til tinget. Det er den avgjerande skilnaden når ein samanliknar med Bretha Étgid, der hemnretten først oppstår når rettsbrotet er rettsleg stadfesta og moglegheitene for økonomisk erstatning ikkje har gjort opp for rettsbrotet.

Noko anna ein berre finn i Gulatingslova og Frostatingslova men ikkje i nokre irske rettskjelder er personleg hemn som verktøy for tryggleik i samfunnet. I del 2.1.5. omtala eg det som eg valde å kalle mellomformer for hemn i Gulatingslova og i del 3.2.2 såg me korleis Frostatingslova i staden opna for ein alminneleg rett for alle til å ta livet av tjuvar i staden for ein privat hemnrett i dei tilhøva.

Som sagt tidleg i del 2.1.4. skal det i utgangspunktet i denne oppgåva ikkje gås nærare inn på reglane om dei tilhøva der ein kan drepe ein fredlaus eller annan rettslaus person utan å straffast. Grunnen til dette er at slike reglar talar om å ta frå ein rettsbrytar hans rettslege vern, slik at ein straffritt kan ta livet av han, som er noko anna enn å gi ein særskild person eller gruppe personar rett til å ta livet av han som reaksjon. Som me har sett nyttar Gulatingslova seg i fleire tilhøve den siste løysinga, medan Frostatingslova heller nyttar den første løysinga. Men begge løysingane gjer det straffritt for elles ordinære personar å drepe lovbrytarar, som eit verktoy for handheving av lovene i samfunnet.

Då Irland i så stor grad byggjer opp eit system rundt bøter og rutinar for når bøkene ikkje vert betalte, vert resultatet at den personlege hemnretten i særers liten grad spelar inn i handhevinga av lovene. I staden vert spørsmål om rettsbrot i hovudsak eit spørsmål om korrekt økonomisk straff, der hemnen i siste ledd kan føre til ei endeleg, men i stor grad ikkje ønska løysing. Så langt som mogeleg skal brotsverket straffast med økonomisk kompensasjon til dei som vert råka, og det er viktigare at offeret eller denne sine næraste får erstatning enn at gjerningsmannen vert straffa.

Hemnen kan derimot nyttast slik i Noreg fordi hemnretten oppstår med ein gong etter den rettsstridige handlinga. Hemnen kan nyttast som første reaksjon, på lik linje med andre reaksjonar. I nokre tilhøve kunne ei meir fredeleg løysing ordnast, t.d. gjennom at rettsbrytaren tilbød å bøte for skaden, men det var opp til den fornærma part eller denne sine slektningar å vurdere om det skulle gjerast hemn. Dette ser ein i ulike rettsreglar som t.d. GL kap. 196, men kanskje klårast i kap. 186, som krev at det skal gjerast hemn etter å ha tatt imot rettsbot tre gonger.

Hemnretten har altså ein aktiv posisjon i den både Gulatingslova og Frostatingslova. I dei nordiske landa er dette noko Noreg i stor grad berre deler med Island, for i Danmark og Sverige er hemnen mindre brukt.¹⁸⁰ Ein ser mellom anna i Håkon IV Håkonsson sine lovendingar, som vart tatt med i innleiinga til Frostatingslova, at hemnen der vart forsøkt avgrensa og bytt ut med andre straffereaksjonar, men særleg i Gulatingslova står hemnretten sterkt.

Ein grunn til den sterke hemnretten i Gulatingslova kan vere fordi det ikkje var eit tilstrekkeleg rettsleg system for å sikre straffereaksjonar etter rettsbrot. Om ein samanliknar

¹⁸⁰ *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind VII s. 240

med Irland i mellomalderen, så hadde ein ikkje i Noreg den same organiseringa av domstolar eller nyanserte reglar for bøter på plass til å handsame bøtekrav like effektivt. Då hemnen først og fremst er eit resultat av eit samfunn utan andre effektive og tvingande system for å handheve sine krav, kan mangelen på andre effektive straffereaksjonar vere grunnen til at hemnen var så lenge i bruk i Noreg.

Samtidig vart bot som straffereaksjon også brukt i Gulatingslova i fleire høve. Og då tinget fungerte som eit dømmende organ samtidig som det gav hjelp til å effektiv gjennomføre sjølvtekt der ein sjølv ikkje kunne krevje inn bot, var det ikkje mykje vanskelegare å krevje inn ein bot etter Gulatingslova enn i Irland. Det talar mot at mangelen på andre straffereaksjonar er grunnen til den sterke hemnretten i Gulatingslova.

I staden kan kanskje skilnadane i bruken av bot og hemn i nokon grad forklarast med kulturelle skilnadar. På Island, der hemnen sto sterkast av alle dei nordiske landa,¹⁸¹ var det ein utbreidd tanke om at hemn var den einaste måten å få full oppreisning på, i ein slik grad at det var utenkeleg å ta imot ein pengebot som reparasjon.¹⁸² Ein liknande tanke kan ein i nokon grad finne igjen i Gulatingslova med tanken om ubotamål, brotsverk som ein ikkje kunne bøte for med pengar, men måtte bøte med livet. Eit slikt rettsleg prinsipp kan også forklare regelen i GL kap. 186.

I Irland, derimot, var situasjonen ganske ulik. I *Senchas Már* ser ein ikkje berre at alle brotsverk kan bøtast for med ein viss pengesum, men også at det allereie frå tidleg av var ei eiga bot for drap, ein sum som vart vurdert som fullgod erstatning for eit menneske sitt liv. I *Senchas Már* får St. Patrick æra for å ha innført prinsippet for erstatning som straff i staden for hemn, som vil seie at skiftet skjedde på midten av 400-talet. I kva grad historia i *Senchas Már* speglar historiske hendingar er ikkje problematisert i primærkjeldene eller deira omsetjingar, men Kelly seier at historia om St. Patrick og skyttaren Nuada og verknaden den hadde på dei irske rettslege tilhøva nok vart lagt til seint i den gammalirske perioden, som vil seie omtrent på 800-talet.¹⁸³ Men det er i alle høve klårt at ein i irsk mellomalderrett tidleg gjekk bort frå hemnrett som primær straffereaksjon, mykje tidlegare enn Gulatingslova, som framleis praktiserte det på 1100- og 1200-talet. Dette vitnar om ei heilt anna innstilling til spørsmålet om kompensasjon, som fører til eit heilt anna syn på hemn.

¹⁸¹ *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind VII s. 241

¹⁸² *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind VII s. 245

¹⁸³ Kelly s. 265-266

Det ein finn er altså grunnleggjande og avgjerande skilnadar i kva rolle hemnen spelte i dei irske rettstekstane og i Gulatingslova. Det er ikkje berre snakk om at den trer inn på ulike tider eller at terskelen er ulik. Men heile den underliggjande innstillinga til den personlege hemnen som strafferettsleg reaksjon, og korleis andre og meir fredelege reaksjonar som økonomisk kompensasjon kan gi jamgod rettferd, er ulik.

Vidare har Frostatingslova færre reglar som heimlar personleg hemnrett enn Gulatingslova, og har ikkje ein regel tilsvarende GL kap. 186. At hemnretten vart bevisst forsøkt innskrenka i Frostatingslova gjennom fredslovgivinga til Håkon IV Håkonsson forklarar dette berre delvis, då Frostatingslova generelt utanom Innleiinga har færre føresegn som heimlar hemnrett og at det ikkje kan lesast av Innleiinga at ein regel lik GL kap. 186 eksplisitt vart fjerna. Det er mogeleg at det var ein skilnad i haldningar i dei to regionane, men dette er vanskeleg å vurdere no i etterkant. Men dette er eit spørsmål der det kan tenkast at den sterke kyrkjemakta i Nidaros kan ha hatt innverknad på utviklinga.

Om ein går tilbake til detaljnivå, har både Bretha Étgid og Gulatingslova hemnrett som ei form for nødverje i tjuverisaker. Bretha Étgid stiller eit krav om at arrestasjon ikkje er mogeleg som vilkår for fullstendig straffridom, som nærmar seg eit krav om at reaksjonen er naudsynt slik som ein finn i moderne nødverjereglar. Regelen i Gulatingslova er derimot utan eit slikt vilkår.

Medan dei to reglane må sjåast på som eit resultat av eit vern av den private eigedomsretten, kan ikkje ulikskapane seiast å vere ein indikasjon på om eigedomsretten står sterkare i eine eller andre rettskjelda. I staden er det naturleg å sjå på korleis reglane står i ein litt vidare strafferettsleg kontekst.

Som me såg i 2.1.5. var ikkje Gulatingslova ukjend med mogelegheita for og dei positive sidene ved å la ein lovbrytar også stillast for retten. I GL kap. 152 om ein mann vert drepen medan i flokk står det skrive at «[u]m dråpsmannen vert handteken i forfylgjingi, då helgar handi han til tings og derifrå til bane». Altså om vitna til eit drap dreg etter ein drapsmann og får tak i han (han «vert handteken»), så får han vern og skal førast til tinget for å dømmast til døden der, «til bane». Men nokon liknande regel finn ein ikkje i GL kap. 160 om hemnrett mot tjuvar som ein tek på fersk gjerning. Om ein kan halde tjuven med makt hjelper ikkje tjuven noko, huseigaren kan fritt «drepa den mannen, um han vil».

I Bretha Étgid står derimot hemnretten overfor ein innbrotstjuv noko annleis. Hovudregelen er at «*[t]he life of every law-breaker is fully forfeited*»,¹⁸⁴ altså at tjuven mister sitt krav på vern med ein gong han bryt lova. Men det er så eit vilkår om at «there is no power of arresting him», og om det går an å arrestere han, «he is exempt as far as one-third of the excess on *account of the man himself*». Så om tjuven kunne arresterast, har han framleis ein tredjedel av sitt vern i behald gjennom at den som drep han må betale ein tredjedels bot for drapet. Tanken verkar å vere at det i stor grad er akseptabelt å drepe ein tjuv, men berre der det er naudsynt. Denne regelen kan både lesast som eit vern av lovbrytaren sitt liv, gjennom at det leggjast eit ansvar på hemnaren å arrestere gjerningsmannen når han kan. Dette er då ei vidare nyansering av at tjuven i utgangspunktet mister sitt vern av å bryte lova.

Frostatingslova gir derimot ikkje hemnrett overfor innbrotstjuv. FL XIV-12 seier at tjuven skal bindast og takast til «år mannen», som skal «taka han med på tinget og (...) få ein mann til å drepa han». Huseigar har ingen personleg hemnrett, det er år mannen som eventuelt skal sørge for at saka kjem på tinget før han vert drepen. Tjuven får då eit sterkt rettsleg vern. Men Innleinga kap. 9 opnar for at kvar «som tek annan manns ku eller anna gods med tjuvshand, han kan drepast», som i staden gjer at tjuven er utan vern. Denne regelen følgjer av «alle lovbøker» seier kap. 9, til tross for at XIV-12 seier at år mannen skal føre «alle tjuvar» skal til tinget. Om det er motstrid mellom føresegna er ei større vurdering som fell utanfor denne oppgåva. Det viktige for denne drøftinga er at det ikkje eksisterer nokon personleg hemnrett for huseigar overfor innbrotstjuv i Frostatingslova.

Både Gulatingslova og Bretha Étgid nyttar her same utgangspunkt: at innbrotstjuven kunne drepast av huseigar. Men den irske teksten nyanserer dette vidare med at om tjuven kan arresterast, så vert huseigar straffa for å ikkje ha vald det alternativet. På denne måten introduserer Bretha Étgid eit delvis vern av tjuven som er fråverande i Gulatingslova. Den irske regelen er då eit døme på ei nyansering og rettsutvikling som skjedde i dei irske rettstekstane som ein ser mindre av i Gulatingslova. Frostatingslova heimlar derimot ingen hemnregel i dette høvet.

4.4. *Pant*

Å forsøke å gjere ei samanlikning av Frostatingslova, Gulatingslova og dei irske rettstekstene sin bruk av pant er vanskeleg, då reglane i regelsetta er fragmenterte. Grunnen til dette er nok

¹⁸⁴ AL iii s. 465, kursiv her og under frå omsetjinga

at pant er utprega privatrettsleg med element av individuell avtalefridom, og i Noreg var delar ulovfesta.

Nokre interessante skilnadar må derimot sjåast nærare på. Den første er praksisen for pantsetjing av eigedom. På irsk side finn me ingen reglar om denne typen pantsetjing, medan både Gulatingslova og Frostatingslova har reglar om midlertidig sal av jord.

Grunnen til at ein ikkje finn pantereglar for pantsetjing av fast eigedom i nokre irske rettstekstar følgjer nok av at fast eigedom normalt ikkje var personleg eige i irsk mellomalder.¹⁸⁵ Nesten all dyrka jord var eigd av slektsgruppa samla, og kvar einskilde person disponerte berre ein del av dette til eige bruk. Medlemmane av slektsgruppa hadde ulike rettar og plikter til all jord i si slektsgruppe, og kunne mellom anna stanse andre medlemmar sine forsøk på sal av jorda. Individet sin fridom til på ulikt vis å avhende eller pantsetje eigedomen han sat med var dermed sterkt avgrensa, og fast eigedom var lite egna for pantsetjing.

I Gulatingslova og Frostatingslova var derimot situasjonen annleis.¹⁸⁶ I germansk panterett generelt og norsk panterett spesielt var det ikkje uvanleg å pantsetje fast eigedom gjennom midlertidig sal. Panthavar fekk sitje med eigedomen og nytte den som sin eigen, medan pantsetjar kunne løyse den tilbake gjennom å betale det skuldige beløpet. Dette har me sett i både Gulatingslova og Frostatingslova. Eit mogeleg opphav til denne regelen kan ha vore renteforbodet i kanonisk rett, som sette eit absolutt forbod mot å krevje renter ved reine pengelån. Gjennom mellombels sal av jord kunne derimot panthavar få all avkasting av eigedomen fram til pantsetjar betalte tilbake det han skulda. Denne forma for pantsetjing gjennom midlertidig sal og seinare innløyssing finn ein også i eldre engelsk rett frå ca. år 1000.¹⁸⁷ Akkurat den likskapen skal derimot ikkje utforskast nærmare i denne oppgåva, då det fell utanfor oppgåva si avgrensing.

Neste element som Gulatingslova har og som ein ikkje finn i nokre irske rettskjelder er dei alminnelege konfliktreglane om *ved* eller pant i GL kap. 50. Ein finn heller ingen slike reglar i Frostatingslova. Som ein ser i GL kap. 50 er dette reglar om kven som har ansvar for panteobjektet i pantetida, når pantsetjar kan miste sin rett til å løyse ut pantet, korleis pantsetjar kan gjere sin rett gjeldande overfor den som kjøper eit panteobjekt frå panthavar og

¹⁸⁵ Framstillinga her byggjer på den gitt av Kelly s. 100

¹⁸⁶ Denne framstillinga byggjer på den gitt av Marthinussen s. 49

¹⁸⁷ Marthinussen s. 156-157

kven som først vinn rett når same gjenstand vert pantsett til to personar. Dette er altså først og fremst reglar meint å løyse konkrete praktiske problemstillingar, som det ikkje er vanskeleg å sjå føre seg kunne oppstå i det daglege. Slike reglar finn ein ikkje i dei irske rettskjeldene. Ein finn ei rekkje reglar der om å stille økonomisk trygging for andre, men få praktiske konfliktreglar om panteobjekt og pantsetjars rettar.

Her kan ein først trekke fram at dei irske kjeldene på området i stor grad er rettstekstar for dommarar eller lausare formar for normgiving i form av visdomstekstar. Gulatingslova på si side er ei regional rettsbok for Gulatingslagen, og ville ikkje ha vorte nytta i eit like stort område som dei irske kjeldene. Det var kanskje lettare å gi lover om privatrettslege tilhøve på regionalt nivå enn på nasjonalt, som gjer at ein finn praktisk panterettsleg lovgiving i Gulatingslova men ikkje i dei irske kjeldene. Om regional lovgiving i Irland i større grad var tilgjengeleg er det mogeleg at ein kunne finne liknande reglar der.

Dette argumentet mister derimot noko vekt når ein ser på dei kjeldene ein har frå Irland. For det første var ikkje privatrettslege reglar ein framand tanke. I *Córus Béscnai* («reguleringar av korrekt framferd»),¹⁸⁸ ein tekst i første bind av *Senchas Már*, vert ulike avtalerettslege problemstillingar skildra. Som skrivi i del 1.3. var *Senchas Már* ein rettstekst som kunne nyttast i heile Irland. Og for det andre er *Bretha im Fúillema Gell* eit bevis på at panterenter var eit spørsmål som brehonane via mykje merksemd. Så det var ikkje unaturleg å handsame privatrettslege spørsmål generelt, eller å gi juridiske vurderingar i form av brehon-tekstar på panterettens område spesielt.

Likevel fell dei panterettslege problemstillingane som Gulatingslova tek opp utanfor i det irske rettssystemet. Ei mogeleg forklaring er at dei rett og slett ikkje kom opp. Bruken av pant i irsk mellomalderrett gir i stor grad inntrykk av å ha vore på tidlege stadium i ordinære kontraktrettslege og obligasjonsrettslege tilhøve, i stor grad for å sikre privatrettslege tilhøve som innebar ein grad av risiko for ein eller begge partar. Dette får støtte av teksten for panterenter, som var meint for tilhøve der ein garantist stilte pant for ein annan person sin kontrakt med tredjemann. I Gulatingslova verkar pant derimot å ha spelt ei viktig rolle ved pengekrav, der nokon har «pengar å krevja hjå annanmann» i GL kap. 50, eller der det elles var behov for å reise kapital gjennom midlertidig sal av jord eller odelsjord. Pant hadde ikkje den generelle rolla i Gulatingslova og Frostatingslova som det får i nokre av dei irske rettskjeldene, som kan forklare at det er ulik lovgiving mellom dei to landa.

¹⁸⁸ Kelly s. 267, omsett i AL iii frå side 3

Men det forklarar ikkje kvifor ein finn desse reglane for pantekonflikt i Gulatingslova, men ikkje i Frostatingslova. Det er på ingen måte grunnlag for å seie at desse konfliktane oppstod oftare i Gulatingslagen enn i fylka representerte på Frostating, eller at rettsskapinga ved Gulating i større grad var prega av eit fokus på privatrettslege reglar generelt. Frostatingslova sette opp eit eige system for midlertidig forsal av jord som gav ein vidare tilgang til pantsetjing av fast eigedom enn det reglane for stemnejord og målejord gav etter Gulatingslova, så panterettslege spørsmål var ikkje mindre relevante ved Frostating.

At pant hadde ulike hovudføremål i Noreg og Irland forklarar heller ikkje kvifor desse spørsmåla ikkje vert handsama i dei irske kjeldene. Det er ein lakune kva gjeld spørsmål som ansvar for panteobjekt eller dobbel pantsetjing av same objekt til ulike partar. Om ein legg til grunn at dei irske rettskjeldene handsama i denne oppgåva dekkja all sentral irsk rettsvitenskap med tanke på pantespørsmål, vert dette særleg interessant. Dette er spørsmål som det ikkje er vanskeleg å tenke seg også ville vorte reiste for irske domstolar og drøfta av brehonane i Irland.

Så, kort summert: Kvifor finn me ulike reglar i dei tre ulike rettsbøkene? Og sjølv om føremålsskilnad til ein viss grad kan forklare kvifor dei irske panteregane er annleis enn dei i Gulatingslova og Frostatingslova, korleis kan ein forklare skilnadane mellom dei to norske rettskjeldene?

Det er her naudsynt å stoppe opp og sjå på prosessane for rettsskaping i dei to landa i mellomalderen. Senchas Már og brehon-tekstane kom på eit tidleg tidspunkt, ikkje berre samanlikna med Gulatingslova og Frostatingslova, men også med tanke på korleis det irske samfunnet ville fortsetje å byggje på dei. Normene som desse tekstane gir uttrykk for var dermed ikkje berre reint juridiske rettsreglar, men eit tradisjonelt og moralsk grunnlag for all seinare rettsutvikling.¹⁸⁹ Seinare endringar og utviklingar som ein ser skrivne i kommentarane og tillegga til desse tradisjonelle tekstane viser korleis vidareutviklinga bygde på dei tradisjonelle utgangspunkta og tolking eller vidareføring av desse. I tillegg spelte brehonane viktige roller som dommarar og vidareførarar av tradisjonar, men ikkje rettsskaparar. Medan dei med moderne auge kan sjåast på som ei eiga kaste av juristar, var dei på ingen måte uavhengige, og kunne ikkje bevege seg for langt ut frå den ramma som den eldre retten la til grunn.

¹⁸⁹ Ó Cróinín s. 115

Så då sentrale irske rettskjelder ikkje hadde denne typen reglar om panterettslege spørsmål, kan ei mogleg forklaring vere at dei tradisjonelle rammene ikkje gav rom for å regulere det. Og då den sentrale tradisjonen ikkje gav ei opning for å regulere slike spørsmål, kunne sjølv ikkje den mest progressive brehon seinare komme med løysingar og leggje dei til i seinare utgåver av dei sentrale rettstekstane.

Men i Noreg var situasjonen annleis. Medan Gulatingslova også byggjer på praksis og tradisjonar, kunne den lettare endrast i møte med endringar i samfunnet. At Gulatingslova kunne endrast ser ein m.a. i at fleire reglar har gått gjennom ein revisjon under kong Magnus Erlingsson på 1100-talet. Kaupebolken sitt syttande kapittel om pant gir ikkje uttrykk for å vere noko resultat av rettsskaping av ein nyare dato enn dei andre reglane. Det gjer at reglane der vanskeleg kan seiast å ha vore eit produkt av Magnus Erlingsson sin revisjon, som elles er knytt til kristendomslovgivinga, der det er sagt kva som er Magnustekst, og kva som er eldre «Olavstekst». Men det kan kanskje tenkast at regelen er ein ny regel som ikkje er produkt av kongeleg lovrevisjon, men av konkrete vurderingar på tinget.

At tingmennene på Gulating hadde innverknad på reglane i Gulatingslova les ein av Utgjerdsbolken kapittel 21 (GL kap. 314). Etter å ha skildra landvernet i dei føregåande fråsegn, nærast avsluttast bolken med å seie at no er det «sett (...) i skrå», altså skriffesta, «anten det er rett eller rangt». Men så fortsetter det med «um det er rangt, skal me ha det lovmålet (...), som fyrr har vore, og som Atle sa fram for folket i Gula, utan kongen vil samtykkja i noko anna og me alle vert samde um det».

Medan regelen berre konkret omtalar reglane for landvernet i Utgjerdsbolken, gir sitatet verdifull innsikt i korleis reglane i Gulatingslova kunne endrast. I utgangspunktet er det ikkje lova i seg sjølv som er den avgjerande kjelda, men kva som hugsast å vere gjeldande rett. Dette kunne godt vere rimelege løysingar som hadde vorte utvikla i liknande tilhøve gjennom praksis på tinget over lengre tid.¹⁹⁰ Referansen til det «Atle sa fram for folket i Gula» verkar å gi stor autoritet til rettsvise menn som Atle, og gir slike utsegn forrang føre det som er nedskrive om nokon meiner det som står skrive er feil. Vidare opnast det for at kongen legg føre ein annan regel og «me alle» er samde i den regelen. Kven «me alle» er i denne konteksten er ukjend, men det kan tenkast å ha vore særskild rettslærde tingmenn som hadde stor autoritet ved Gulating, eller kanskje til og med alle til stades på Gulatinget når forslaget

¹⁹⁰ Sunde *Speculum Legale* s. 88

frå kongen kjem inn. Det som derimot er klårt er at aktørane på tinget hadde betydeleg innverknad på kva reglar som kunne få innpass i Gulatingslova.

Dette opnar for ei mogeleg forklaring på opphavet til Gulatingslova kapittel 50. Som sagt fleire gonger no er dette reglar som gir klare svar på konkrete problemstillingar som lett kunne dukke opp i praksis. Slike konflikhtar kan ha vorte tatt til tinget på ei tid før regelen først vart skrive inn i Gulatingslova, slik at dei til stades vart nøydde til å ta stilling til tvilsspørsmål som det ikkje eksisterte føresegner for. Gulating, som øvste juridiske instans i eit stort samfunn, hadde ikkje mogelegheit til å berre gi saka frå seg. Dei kunne ikkje som moderne domstolar gi oppgåva vidare til lovgivar utan å ta stilling til spørsmålet. Konkrete løysingar vart praksis, vart sedvane og vart til slutt inkluderte i Gulatingslova.¹⁹¹ På denne måten fann dei praktiske løysingane sin plass i rettsboka. Dette er ei form for rettskaping som i liten grad var mogeleg i dei sentrale irske rettskjeldene, som var dominert av omfattande tradisjonar i bakgrunnen, men som kan ha vore mogeleg ved Gulatinget.

Til tross for det sterke tradisjonspreget ved dei irske rettskjeldene, ser me kanskje ei liknande utvikling i Irland, men med eit litt anna resultat. Tidlegare i oppgåva har eg vald å omsetje Bretha im Fuillema Gell til «vurderingar om panterenter». I dei engelske omsetjingane er «bretha» i titlane til brehon-tekstar omsett til «judgements», som også kan tolkast som «dommar».¹⁹² Grunnen til at eg har vald å vidare omsette det til norsk som det meir opne «vurderingar», og ikkje «dommar», er fordi det er uklårt i kva grad reglane som følgjer av desse brehon-tekstane er faktiske dommar gitt i konkrete saker eller om det er snakk om vurderingar av hypotetiske tilhøve. Det kompliserer også spørsmålet at tekstar som Bretha Crédine også vart kalla «bretha». Crédine var ein koparsmed frå mytologien og ikkje ein historisk person eller dommar, men Bretha Crédine, ein tekst om rettslege spørsmål omkring koparsmedfaget, vart «Crédine sine vurderingar».¹⁹³

Så det er eit ope spørsmål om «bretha» i Bretha im Fuillema Gell viser til konkret rettspraksis eller juridiske vurderingar i form av hypotetiske avgjerder i tvilstilhøve, og det er umogleg no i ettertid å seie kva som er rett forståing. Men det betyr at det kan tenkast at denne brehon-teksten om panterettar også er eit resultat av dommar fatta på emnet, som har vorte skrivne ned og prega rettskjeldebiletet på dette området. Særleg då dette er eit privatrettsleg spørsmål

¹⁹¹ Sunde *Speculum Legale* s. 92

¹⁹² Bretha im Fuillema Gell er i Kelly s. 278 omsett til «judgements about pledge-interests»

¹⁹³ Kelly s. 269

der partane kunne ha sterke økonomiske interesser i resultatet, kunne eldre dommar ha vore til hjelp for brehonane som rettsbrukarar.

Sjølv om reglane om pant er ulike i dei tre rettssystema, kan skilnadane tolkast på ein måte som gir innsikt ikkje berre i det rettslege, men også samfunnet det er meint å regulere. I Gulatingslova og Frostatingslova ser me at reglane er generelle, med særskilde reglar for pengekrav, pantsetjing av kyr og pantsetjing av eigedom. I Irland var pant eit allment element i alle typar avtalar, og det meste av verdi kunne pantsetjast. Mest interessant er tanken om å stille pant for andre, og å tene pengar på rentene. Som ein ser i Bretha im Fuillema Gell var dette ein praksis mest for dei som hadde mest, som adelege og dei med arbeid av høg status.

GL kap. 41 tredje ledd talar om den som pantset sine kyr for å leige fleire, og reglane om stemnejord og målejord omhandlar odelsjord. Dette var jord som hadde gått i arv i same familie i minst seks slektsledd, jf. GL kap. 266 niande ledd,¹⁹⁴ og hauldane (bønder som eigde odelsjord) var i det øvste sosiale laget i det norske samfunnet. Forsal av jord i Frostatingslova omhandla også eigedom. Samtidig var pant i Irland mest for dei som hadde nok til å drive med handel, og dei høgare samfunnssklassane. Å vere odelsbonde på Vestlandet eller i Trøndelag kan elles vanskeleg samanliknast med å vere irsk adelsmann, og det er heller ikkje grunnlag for å samanlikne storleiken på desse gruppene for å vurdere utstrekninga av interessegruppene. Det sentrale er at Gulatingslova, Frostatingslova og dei irske kjeldene verkar å ha vore mest for dei som allereie hadde midlar, men som arbeidde for å auke si eiga velstand.

Det kan høyrast sjølvst ut: ein kan jo ikkje stille pant utan å ha noko å pantsetje. Men dei som har noko å pantsetje er då også dei som er i ein slik posisjon i samfunnet at dei kan ha hatt innverknad på samfunnet. Vidare er det rimeleg å tenke seg at pantespørsmål nok var mest relevante for dei adelege og handverkarar i Irland, og hauldane og landeigarar i Noreg, samt dei som var rike nok til å drive handel med desse. Og økonomisk interesse i rettslege spørsmål kombinert med høg status i samfunnet betyr at det er desse samfunnsgruppene og deira interesser som har hatt innverknad på den materielle rettsutviklinga. Som Fredrik Stang skriv i *Norsk formueret* er det «erhvervslivets skiftningar, som omtrent alene har bestemt utviklingen [i formueretten]».¹⁹⁵ Det er dei prinsipp, konflikhtar og tvilsspørsmål som oppstår i

¹⁹⁴ Odelsløyving Kap. 2: «Dei skal telja upp sine 5 langfedrar som har ått [garden]», kontekst i klammar frå omsetjinga

¹⁹⁵ Stang s. 16, mi kontekst i klammar

praksis som pregar korleis formuerettslege spørsmål generelt og panterettslege føresegn spesielt vert forma.

Dette er truleg grunnen til at Gulatingslova får både ei eiga lovfesting av reglar i typiske tvilstilhøve i kap. 50, sett i samanheng med at nokre av lovreglane i den eldre Gulatingslova vart skapte ut frå praksis på Gulating. Panterettslege konflikhtar vart førte for tinget av personar av høg status og med stor økonomisk interesse i utfallet, og på tinget var også andre som hadde økonomisk interesse i desse reglane representerte. Etter kvart utvikla det seg allmenne løysingar frå konkrete avgjerder, som over tid vart inkluderte i dei skriftlege manuskripta.

Lovfesting av praksis kan også vere opphavet til den nøye reguleringa om «pantsetjing» av odelsjord i den allereie relativt omfattande bolken om Odelsløysing, og utviklinga av ei ordning med forsal av jord i Frostatingslova. Dette opphavet forklarar då i stor grad årsaka til dei store regionale skilnadane mellom den eldre Gulatingslova og Frostatingslova. Om dei bygde på konkret praksis ved dei regionale tinga er det ikkje lenger overraskande at det er så store regionale skilnadar. Det var reglar med ulikt opphav og utgangspunkt, og med ein gong dei lokale reglane var innarbeidd nok, var det ikkje naturleg å sjå til den andre regionen for løysingar.

At ein finn likskapar i reglane om fristar ved innløysing av pantsett eigedom i Gulatingslova og Frostatingslova kan tenkast å tale mot denne hypotesen. Men som vist i del 2.2. hadde nok fristane for innløysing av målejord og stemnejord sine opphav i praktiske omsyn til kjøparen med tanke på når på året det var mest hensiktsmessig å flytte. At både den eldre Gulatingslova og Frostatingslova set innløysingstida mellom siste innhaustingsdag og påske er nok heller resultat av at begge regelsetta har tilpassa seg ein praksis basert på årstidene enn at løysinga oppstod eine staden og vart overført til den andre.

Sjølv om den konkrete utviklinga av einskilde brehontekstar er utilgjengeleg er det ikkje vanskeleg å tenke seg at den sterke økonomiske interessa som låg i spørsmålet om panterenter var relevant ved skrivinga av Bretha im Füllema Gell. Reglane skildrar kva renter ein kan krevje ut frå panteobjektet, tryggleiksstillaren sin sosiale rang samt særlege tilhøve som kunne ligge til grunn for pantsetjinga. Til dømes er det eit lengre stykke om ulike grader av bønder sine krav til renter der dei stiller kyr som tryggleik.¹⁹⁶ Som nemnt tidlegare sto kyr sentralt i

¹⁹⁶ AL v s. 401 mv.

den irske økonomien i mellomalderen, og pantsetjing av kyr vert enno viktigare om ein tek i betraktning at det var vanskeleg å pantsetje fast eigedom. Så Bretha im Fuillema Gell rører ved viktige økonomiske interesser med sine reglar, som nok har virka inn på utviklinga.

Så det ein ser er at den økonomiske interessa ikkje berre medfører rettsutvikling, men i Gulatingslova også lovfesting. Og gjennom denne rettsleggjeringa betrast ikkje berre vilkåra for pantstillarane, men også for panthavarar og andre som på ulikt vis er involverte i handelen eller utfallet. Dette ser me m.a. på lovfestinga av reglane om stemnejord og målejord. Ikkje berre vert det klårlagt korleis huldane kunne selje odelsjord med attkjøpsrett, men også kva vern kjøparen hadde rett på med tanke på å dyrke jorda. Rettsleggjeringa medførte at systemet vart meir føreseieleg for begge partar.

Ei rettsleggjering av økonomiske tilhøve er også godt for handelen generelt. Det er umogeleg å seie om lovfestinga av dei generelle panterettslege spørsmåla i Gulatingslova eller skrifta om panterenter medførte meir pantestilling og dermed meir handel og betre økonomiske tilhøve. Men frå ein juridisk ståsted er det generelt tryggare å stille pant og ta imot pant om reglane er kjende og like i alle tilhøve, og særleg å få det i lovs form i Gulatingslova.

4.5. Eidar

4.5.1. Eidar generelt

Når ein samanliknar Gulatingslova, Frostatingslova og irske rettskjelder som omtalar spørsmål om eid ser ein at på overflata er reglane ganske like. Eiden saman med den som svor sitt utsegn var eit viktig bevismiddel, der ein sette sitt gode namn og rykte bak påstanden sin. Derfor er det ikkje underleg å sjå at alle tre systema legg opp til bruk av nektningseid, der den skulda får anledning til å vise si oppriktigheit, samt medeid for å styrke verdien av eit utsegn eller vise støtte for den som sver som person.

Dei konkrete framgangsmåtane verker å vere meir ryddig organiserte i Gulatingslova og Frostatingslova, særleg når ein ser at spora av eidar i irske rettstekster er spreidde og i liten grad gir eit komplett bilete av prosessen. Her må det trekkast fram to grunnar til at dei irske kjeldene ikkje er like tilgjengelege i dag. For det første var det irske rettskjeldebiletet i Irland i utgangspunktet meir fragmentert og komplekst, og det kan godt vere at slike reglar i større grad ikkje vart skrive ned men heller vart overførte munnleg av brehonane. For det andre må ein hugse at rettskjeldebiletet endra seg alvorleg etter normannarane invaderte seint på 1100-talet, og at det biletet ein sit att me no ikkje er komplett. Enno mindre slik det er presentert i denne oppgåva, som for det meste nyttar kjelder som seinare er omsett til engelsk.

Dei største skilnadane ligg ikkje i eidane i seg sjølve, men i korleis dei vert brukte og kva system dei passar inn i. Gulatingslova og Frostatingslova legg opp til konkrete former for eidar til ulike kriminelle brotsverk, og har derfor sær sers spesifikke reglar for bruken av eid og medeid. Dei overlevande irske rettskjeldene skildrar derimot ei mykje meir generell prosessform som opnar for meir bruk av vitneutsegn, som gjer eidane relevante på ein heilt annan måte. Som nemnt tidlegare teiknar den irske rettskjelder opp eit system av vitneutsegn med tilhøyrande eidar i dei aller fleste tilhøve. I Gulatingslova er derimot nektingseiden det grunnleggande og ofte avgjerande vurderingstemaet, og det er sær sers få opningar for føring av vitne. Dei to rettssystema nærmar seg altså spørsmålet frå ulike retningar. Forenkla sagt: I Irland går ein ut frå at det er vitne å nytte seg av og byggjar ut regelsettet omkring det, medan i Noreg går ein ut frå at det ikkje var vitne til stades og bevis vert meir eit spørsmål om den skulda parten snakkar sant.

Dette skiljet i prosessreglar kan ha komme av faktiske omstende som på ulikt vis gjorde det meir praktisk å lite på vitne i Irland enn i norske tilhøve. På privatrettslege område i Gulatingslova vart det i større grad nytta vitne i ei rekke ulike kontekstar, som avtaleinngåing og eigedomsspørsmål. Sjå t.d. GL kap. 86: «Alltid når menn er usamde um sæter og den eine let halda dom, skal domsavgjerdni vera den som han har vitne til, utan hin har fleire vitne.» Så bruken og føring av vitne var langt frå framand i Gulatingslova, men likevel er det sær sers sjeldan å finne på strafferettsområdet. Det talar for at vitne kan ha vore særleg upraktisk eller vanskeleg å nytte i strafferettslege spørsmål, som opna for større bruk av eidar.

Det kan og ha hatt innverknad kven det var som dømde i rettssakene der det vart nytta eid. Irland hadde ein kultur med ein høgt utvikla stand av juristar, advokatar og dommarar, og dei var vel rusta til å føre og vurdere saker med vitneutsegn som talte i begge retningar. Ved Gulating var derimot situasjonen annleis: alle tingmennene som var til stades dømde i saka, og dei var ofte lite skikka til å vurdere vekta av vitneutsegn eller om eit vitne snakka sant. I staden var tingmennene si rolle i bevisvurderinga å sjå til at dei formelle reglane vart følgde.¹⁹⁷ Det var meir hensiktsmessig at den skulda svor sin uskuld i tvilsame tilhøve, så fekk det stå på hans gode rykte og karakter om han vart trudd eller ikkje. I ein slik kontekst var det betre å ikkje ha ei meir open bevisvurdering, då det kunne ha innverknad på om folk ville vere medsverjarar.

¹⁹⁷ Aubert *Bevissystemets Udvikling* s. 59

Så skilnadane i korleis eidane vart brukt og utforma kan ha komme som følgje av korleis bevisvurderinga vart utført ulikt i dei to landa, som igjen kan ha kome av ulikskapar i rettssystemet eller faktiske omstende som i kva grad vitne var tilgjengelege.

Til slutt er det ein mindre skilnad som skal trekkast fram. Det er kva rolle sosial rang spelar i dei ulike regelsetta sine eidar. Som me har sett refererer fleire irske kjelder til ein praksis med «oversverjing», der ein mann sin eid gjekk føre ein motstridande sin, om den første var av tilstrekkeleg høg sosial rang. Verdien av ein eid følgde også direkte av kva sosial rang den som svor hadde. Frostatingslova krav i sine reglar om medeid at medsverjarane skulle vere houldar, som var ein av dei høgaste posisjonane i samfunnet, eller elles «gode bønder» om det ikkje var houldar. Det desse to regelsetta har til felles er at høg sosial rang heng saman med eidskompetanse og vekta på eiden.

Gulatingslova skil seg her ut gjennom at det ikkje er eit krav om høgare rang, men om same rang i GL kap. 132-135. Kva som var utslagsgivande for at Gulatingslova valde ei slik løysing er derimot ukjend, og ein kan berre spekulere i bakgrunnen. Det kan vere at Frostatingslova gjer eit poeng av at den som skal sverje skal kunne velje blant dei høgaste på den sosiale rangstigen for å sikre vitne som ikkje lett kan påverkast, medan Gulatingslova i større grad ynskjer at den som sver skal ha støtte blant sine likemenn, som kanskje kjenner og forstår han betre.

Det er også relevant her å vere merksam på at ein bonde vart hould etter Frostatingslova når «tre av hans forfedrar har ått henne og ho kjem under den fjerde i samanheng» jf. Jordkaupebolken kap. 4 (FL XII-4), medan det etter Gulatingslova som nemnt vart odelsrett i sjetten generasjon jf. GL kap. 266 niande ledd. Så odelsrett og dermed status som hould kom då raskare etter Frostatingslova samanlikna med i Gulatingslova, og det kan då vere at det også var fleire houldar enn i Gulatingslagen. Utover dette er det vanskeleg å forklare kvifor det er ein slik skilnad mellom reglane for eid i Frostatingslova og Gulatingslova.

4.5.2. Kvinnens eid og vitnesbyrd

Når ein samanliknar Gulatingslova og føresegna i irske rettskjelder, ser ein at begge i stor grad hindrar kvinner frå å gjere eid og å vere vitne. Men om ein ser bort frå denne likskapen, som ikkje er uventa i mellomalderen, og ser det nærare i detalj, dukkar det opp nokre interessante detaljar.

Ut frå korleis reglane er skrivne kan ein sjå konturane av kva omsyn som ligg bak reglane. Kvinner vert hindra å vere vitne fordi dei er «partial and unworthy», jf. Heptadane i Senchas

Már.¹⁹⁸ Medan i Gulatingslova sine føresegn om drapsvitne ser ein at det er eit krav om at vitnet er nært i slekt med avdøde. Står den norske regelen då i kontrast til regelen i Heptadane gjennom å tillate kvinnelege vitne nettopp når dei står nær den eine parten? Eller er den norske regelen langt på veg i samsvar med den irske: eit kvinneleg drapsvitne er berre truverdig og upartisk om ho faktisk står så nær den drepne at ho ikkje kan tenkast å ha anna tanke enn å straffe den drapsmannen som ho skal ha sett? Eit klårt svar på dette er vanskeleg.

Medan Gulatingslova og dei irske reglane som ein har funne om kvinners vitnesbyrd omhandlar ulike emne og problemstillingar, er det derimot ein felles faktor som skil seg ut. Det er at kvinner ikkje berre kan, men skal vere dei som uttaler seg på særskilde emne som kvinner vert vurderte å vere dei einaste som kan uttale seg om. Irske rettstekstar seier det berre er kvinner som kan vite om ei kvinne er i stand til å gjennomføre samleie og om det har funne stad, og i Gulatingslova er det berre andre kvinner som kan avgjere om ei kvinne har drive med magi. Også reglane om drapsvitne i Gulatingslova verkar å ha eit element av denne kompetansetankegangen: ei kvinne kan vere mordvitne der det skjer i huset eller innmarka rundt bustaden hennar, for dette ligg nær hennar kompetanse som den med ansvar for huset.

Det er altså to likskapar mellom Gulatingslova og reglane på området i irske rettstekstar. Det er generelt lite rom for kvinneleg vitnesbyrd og sverjing av eid for kvinner, men samtidig er det krav om kvinnelege vitne i særskilde tilhøve der kvinner er dei som kan ventast å sitje med kompetansen.

Dette vert særleg interessant då ein vidare samanliknar Gulatingslova med Frostatingslova. Som tidlegare drøfta er det grunn til å forstå Frostatingslova slik at kvinner hadde allmenn opning til både å vere vitne og sverje både eidar og medeid, samtidig som ein ikkje finn nokre reglar som knyt kvinners vitnekompetanse til ei forventning om særleg kunnskap som konsekvens av deira kjønn. Desse to skilnadane mellom Gulatingslova og Frostatingslova heng saman. Om kvinner hadde allmenn vitnekompetanse, var det ikkje behov for reglar som GL kap. 150 som regulerte når kvinner kunne vitne i drapssaker. Likevel er det interessant at ein ikkje finn reglar i Frostatingslova som gir kvinner særskild kompetanse og samtidig avskjerer menn frå å gjere det same, som i GL kap. 28 om at berre kvinner kan vurdere om ei anna kvinne har fare med trolldom.

¹⁹⁸ AL v s. 285

Borgartings eldre kristenrett skriv i kapittel 16.8. at om «en kvinne blir beskyldt for å være trollkyndig i bygda, da skal hun få seks kvinners vitnemål om at hun ikke er trollkyndig». Dette er frå eit handskrift frå ca. år 1300.¹⁹⁹ Alderen på regelen er vanskeleg å fastslå, då det er uklårt kva som kom inn som nyare rett på eit seinare tidspunkt, men generelt seiast reglane å vere frå mellom tidleg 1000-talet og 1200-talet.²⁰⁰ Kristenrettane er det einaste som har overlevd av dei eldre lovtekstane frå Borgartings- og Eidsivatingsområdet, men i den eldre kristenretten frå Eidsivating finn ein ikkje ein slik regel. Eidsivating eldre kristenrett kap. 45.6. jf. kap. 45.4. seier i staden at ei kvinne nektar for skuldingar om at ho «driver med tryllemidler, og sier hun kan helbrede mennesker» med «tremannsed». Frostatingslova på si side seier i Kristendomsbolken kap. 15 (FL III-15) at kvinner nektar for at ho «blotar til heidne vette» eller «fer med spånader eller med trollskap» med å «taka i kjel», dvs. gudsdom. Gulatingslova kapittel 28 niande avsnitt, regelen om at ei kvinne som vert skulda for å drive med galdresong og trolldom skal vurderast av seks kvinner, er merka med «Begge». Dette vil seie at føresegna både var i den eldre «Olavsteksten» og seinare vart oppretthalde i den seinare «Magnusteksten». «Magnus» er kong Magnus Erlingsson, som reviderte Gulatingslova på andre halvdel av 1100-talet,²⁰¹ medan «Olav» nok er kong Olav Haraldsson den heilage.²⁰² Særleg føresegnene om kristendomshaldet er det grunn til å tru kjem frå då Olav den heilage saman med biskop Grimkjell sette kristenretten på Mostertinget omkring år 1020, og som i større eller mindre grad vart tilpassa på tinga og innlemma i dei fire rettsbøkene.²⁰³

Føresegna er altså lik i kristenretten i Gulatingslova og Borgartingslova, men ikkje i Frostatingslova eller Eidsivatingslova. Gulatingslova seier også at regelen følgjer av Olavsteksten. Det er mogeleg at regelen om kvinners vitnemål var i den originale kristendomsretten som Olav den heilage la fram på Mostertinget, men at regelen ikkje vart godkjend på Frostating eller Eidsivating. Det er og mogeleg at regelen vart endra i tida før kristenrettane i Frostatingslova eller Eidsivatingslova vart skrivne ned.

Taranger skriv i «Den angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske» at kristendomslovene i Borgartingslova bærer preg av at Borgartingsområdet var føre dei andre distrikta i «kirkelig

¹⁹⁹ *De eldste østlandske kristenrettene* s. xxix

²⁰⁰ *De eldste østlandske kristenrettene* s. xxiii

²⁰¹ Helle s. 17

²⁰² Helle s. 18

²⁰³ Helle s. 177

udvikling».²⁰⁴ Vidare er Borgartingslova «et temmelig tro billede af den Olaf-Grimkelske kristenrets innhold».²⁰⁵ Det er då ganske sikkert at regelen i Gulatingslova og Borgartingslova er ein regel som Olav den Heilage innførte på 1000-talet.

Det Taranger skriv vidare i si prisoppgåve er at ein i den eldre kyrkjeretten etter Olav den heilage kan finne element som liknar på angelsaksisk kyrkjelovgiving, m.a. i biskopane sin rolle i den norske kyrkjeretten, organiseringa av kyrkjene samt den kyrkjelege strafferetten.²⁰⁶ Men han nemner derimot ikkje vitneregelen i Gulatingslova og Borgartingslova som er interessant for denne oppgåva. Sjølv om den ikkje vert vurdert eksplisitt, må det her tolkast som at det ikkje var grunnlag for å seie at denne regelen hadde preg av angelsaksisk innverknad.

I si hovudoppgåve i historie i 2005 skriv Torgeir Landro om opphavet til ei rekke kristendomsføresegner. I tillegg til å undersøke kva rett som hadde opphav i Olav den Heilage sin kristenrett såg han også på likskapar med føresegn i Sverige, Danmark, på Island og i tysk kyrkjerett. Han føreslår at Borgartingslova kap. 16 kan ha kome av tysk-islandsk misjonsarbeid og dermed det tyske Decretum skrive av Burchard av Worms,²⁰⁷ og nemner særskild at «[t]rollkvinnene er sentrale i Burchard si lovgjeving».²⁰⁸ Han finn heller ingen tilsvarende reglar i dei andre eldre kristenrettane. Samtidig føreslår han at reglane om blot i Gulatingslova kap. 29, Eidsivatingslova kap. 45 og Frostatingslova kap. III-15 nok følgjer av Olav den Heilage si lovgjeving.²⁰⁹ Gulatingslova kap. 28 freistar han derimot ikkje å plassere i nokon leir.

Det verkar ikkje å vere grunnlag for å tvile på Gulatingslova då den seier at GL kap. 28 er Olav den Heilage sin kristenrett. At Borgartingslova krev same vitnesbyrd som Gulatingslova i ein regel som Landro meiner byggjer på Decretum er ikkje eit tungtvegande argument mot dette. Men ein kan ikkje sjå bort frå at prosessen etter GL kap. 28 vart påverka av tyske biskopar på Vestlandet på 1000-talet, som Landro seier tok den tysk-islandske kristenretten til Noreg.²¹⁰

²⁰⁴ Taranger s. 129

²⁰⁵ Taranger s. 208

²⁰⁶ Taranger frå s. 203

²⁰⁷ Landro s. 81

²⁰⁸ Landro s. 60

²⁰⁹ Landro s. 75

²¹⁰ Landro s. 59

Så medan GL kap. 28 skal ha sitt opphav i Olav den Heilage sin kristenrett som vart utarbeida på 1000-talet, kan elementet med kvinners vitnesbyrd vere intern rettsutvikling eller ha komme utanfrå. Me finn det ikkje i den tilsvarende regelen i Frostatingslova, som Landro seier også kom frå Olav den Heilage. Det opnar for at tanken om å basere kvinner sin vitnekompetanse på kunnskap som det forventast at kvinner har særleg kunnskap om ikkje kom med Olav den Heilage, men frå irsk rett eller frå det tyske Decretum.

Men reglane i Gulatingslova og irske rettstekstar som gir særleg eidskompetanse til kvinner basert på kvinners forventa kompetanse er særst ulike. I Gulatingslova sine reglar om mordvitne byggjer det på kvinna sin posisjon i heimen og som nærstående til den drepne, medan trolldomsregelen byggjer på kvinna sin særlege kunnskap om magi. I Irland er reglane heller knytt til kunnskap som berre den særskilde kvinna har kunnskap om eller gynekologiske spørsmål i erstatningsretten. Om kompetansebasert eidskompetanse kom frå det eine landet til det andre ville det vore naturleg å finne tilnærma like reglar, eller i alle fall reglar innan same rettsområde. Då det ikkje er tilfelle, talar det i staden i retning av at reglane vart utvikla uavhengig av kvarandre, og at GL kap. 28 ikkje var eit produkt av innverknad frå Irland.

5. Oppsummering, konklusjonar og avslutning

5.1. Sjølvtekt og hemn

Om me no løftar blikket frå dei konkrete likskapane og skilnadane, skal me sjå kva dei fortel oss om rettsområda meir generelt, om retten i dei to landa og mogelegheitene for innverknad frå irske rettstekster på Gulatingslova.

I rettsreglane for sjølvtekt har me sett at Gulatingslova, Frostatingslova og Di Chetharslicht Athgabála alle sette opp klare rettslege rammar for sjølvtekt og nytta element som domstolskontroll og økonomiske insentiv som hjelpemiddel. Samtidig opererer alle lovene med ulike utgangspunkt, frå absolutt forbod i Gulatingslova, delvis forbod i Frostatingslova og ikkje nokon forbodsregel i Di Chetharslicht Athgabála. Sjølvtektsreglane i Senchas Már har også preg av å byggje på mykje eldre tradisjonar som over tid har vorte nyanserte etter kvart som praksisen hald på, medan reglane i Gulatingslova og Frostatingslova er mykje meir konsise med klare utgangspunkt og konkret avgrensa tilhøve for lovleg sjølvtekt. Så medan alle tre regelsetta ser behovet i å skape rettslege rammar for sjølvtekt, vert resultatane annleis og det er store skilnadar i dei materielle rettsreglane.

Desse skilnadane i den materielle retten viser vidare viktige skilnadar i rettskulturane i dei to landa. Det irske rettssamfunnet kunne nytte utførlege og godt nyanserte reglar fordi reglane vart overleverte i skriftleg format og fordi profesjonelle juristar sto klåre til å nytte dei på ein forsvarleg måte. Medan i Noreg sto ein lenge utan skriftlege rettskjelder, og dei rettvise menn som var på tinga var ikkje i like stor grad vande med å praktisere eit omfattande og djupt nyansert rettskjeldebilete. Derfor vart lovføresegna i Gulatingslova og Frostatingslova meir konsise og mindre nyanserte.

Kva gjeld hemn ser ein at hemnretten i Gulatingslova sto sterkt, og det var fleire tilhøve der den som vart råka av eit rettsbrot med ein gong kunne ta hemn og seinare gjere opp for seg. Om ein berre samanliknar Gulatingslova og Frostatingslova viser den siste eit bevisst forsøk på å avgrense hemnretten til fordel for fredeleg konfliktløysing. Men om ein vidare samanliknar Gulatingslova og Frostatingslova med kva posisjon hemnretten hadde i Senchas Már og Bretha Étgid, ser ein kor sterkt hemnretten eigentleg sto i Noreg. Irland går særst tidleg over til bøter som primær straffereaksjon, medan Gulatingslova og Frostatingslova lenge held på hemn som ein mogleg første straffereaksjon. Samtidig er det viktige likskapar kva gjeld rettsleg kontroll av hemnretten, og i begge rettskulturane er det ei fast ramme som regulerer bruken av hemn.

Om ein set samanlikninga av sjølvtekts- og hemnreglar inn i modellen av retten som ein lagdelt heilskap ser ein at dei konkrete materielle reglane i overflata er ganske annleise. På eit litt djupare prinsipielt nivå er det vidare ulikt at Senchas Már set som hovudregel at ein skal gjere opp for seg med bøter. Men under dette igjen, på eit enno djupare prinsipielt nivå deler Gulatingslova, Frostatingslova og dei irske rettskjeldene tanken om det må gjerast ein rettsleg kontroll av hemn og sjølvtekt. Og på botnen har begge rettssystema som grunnleggjande tanke at sjølvtekt er naudsynt i samfunnet, men må regulerast og skje i regulerte former. Og ved rettsbrot har offeret krav på at det må skapast balanse i forholdet mellom rettsbrytaren og offeret, der hemn kan verte nødvendig.

Så det ein ser på rettsområdet sjølvtekt og hemn er at medan Gulatingslova, Frostatingslova og dei irske kjeldene hadde like grunntankar, finn ein fleire skilnadar i korleis dette vert utvikla til prinsipp og materielle reglar. Desse skilnadane byggjer i stor grad på korleis desse spørsmåla utvikla seg historisk, der ein i Irland heldt ved like og nyanserte ein eldre tradisjon for sjølvtekt samtidig som dei tidleg innførte bot som primær straffereaksjon. Gulatingslova og Frostatingslova fortsette derimot med hemn som ein primær straffereaksjon i fleire hundre

år og utvikla samtidig ikkje i like stor grad sine system for sjølvtekt. Som drøfta tidlegare er dette nok både eit resultat av kulturskilnadar og systemskilnadar.

På dette området finn ein altså nokre likskapar, men viktige skilnadar, og det er mest naturleg å konkludere her at det var ingen innverknad frå dei irske kjeldene på den eldre Gulatingslova. Det prinsipielle og kulturelle grunnlaget var for ulikt, og rettssystemet i Gulatingslagen ikkje tilpassa til å dra nytte av dei irske løysingane.

5.2. *Pant*

Som me har sett er dei panterettslege reglane i Gulatingslova, Frostatingslova og forskjellige irske rettstekstar særst ulike, og regulerer heilt ulike område og spørsmål. Gulatingslova lovfester ei viktig gruppe reglar om pantekonflikhtar, og viser at pant mest vart nytta for å sikre pengekrav og at odelseigedom kunne pantsetjast gjennom ei særordning. Frostatingslova fokuserer nærast eksklusivt på forsal av fast eigedom, utan andre formar for pantereglar, men har også dei mest utførlege reglane og den vidaste opninga for pantsetjing av fast eigedom. I dei irske kjeldene er reglane konsentrerte rundt praksisen å nytte pant til å sikre avtalar og stille garanti for andre, og er tilpassa ein økonomi der lausøyre utgjør størstedelen av panteobjekta.

Dei store materielle skilnadane og mangelen på fellespunkt gjer at den lagdelte modellen ikkje kan nyttast for å skildre likskapar og skilnadar. Med så ulik og fragmentert rett er det vanskeleg å trekke slike større linjer i rettssystema. I stor grad bærer reglane preg av å vere tilpassa lokale tilhøve, og ein finn mellom anna viktige skilnadar mellom reglane i Gulatingslova og Frostatingslova. Ein fellesnemnar for dei tre regelsetta er at dei alle bærer preg av å ha vorte utvikla på grunnlag av konkret praksis blant dei øvre samfunnssklassane, men dette er heller eit produkt av korleis formueretten normalt tilpassar seg faktiske tilhøve enn eit argument for at det på panteretten sitt område har komme innverknad utanfrå. I det store og det heile gir pantereglane uttrykk for å ha vore upåverka av eventuelle impulsar mellom dei tre rettssamlingane som her har vore undersøkt.

I denne oppgåva er det gjort ei avgrensing til dei materielle reglane ein finn skrivne ned i dei ulike skriftlege kjeldene. Dette betyr at eventuell ulovfesta rett ikkje er tatt med, og det er som nemnt særst sannsynleg at delar av privatretten og dermed panteretten i mellomalderen var ulovfesta. Det kan dermed ikkje konkluderast at det ikkje eksisterte panterettslege reglar i Gulatingsområdet som bygde på irske løysingar, særleg ikkje då det var handel mellom Vest-

Noreg og Irland. Men det er derimot klårt ut frå dei skriftlege kjeldene som eksisterer at ein ikkje finn innverknad frå Irland i Gulatingslova sine panterettslege reglar.

5.3. Eidar

For eidar generelt har me sett at medan ein både i Irland og Noreg nytta eid og nektingseid i strafferettslege prosessrett, passar reglane inn i ganske annleise system. I Gulatingslova og Frostatingslova står nektingseiden som eit sjølvstendig bevismiddel som ofte er avgjerande for utfallet i saka, medan i dei forskjellige irske rettskjeldene er eiden ein del av ein balansert vitneprosess. Me har også sett at dette vidare nok byggjar på korleis dei dømmande institusjonane, brehon-domstolen og tinget, fungerte og kva kompetanse og rolle rettsbrukarane i samfunnet hadde. Så medan nokre einskilde element kan seiast å vere like, som praksisen med medeid og nektingseid, er konteksten så ulik at dei vert ståande i heilt ulike lys. Det er igjen meir naturleg å seie at dei likskapane ein finn nok heller byggjer på naturlege løysingar på like problem, korleis på best måte sikre eit godt nok domsgrunnlag der ein ikkje kan byggje på meir enn løftet til den som er skulda og kva støtte denne har.

Kva gjeld kvinner sin eid er det fleire interessante element som er vanskelege å forklare i ettertid. Kvifor kvinner verkar å ha ein vidare opning for å sverje eid etter Frostatingslova enn Gulatingslova er eit spørsmål som framleis står uløyst, saman med ei rekke andre. Kravet om at det er kvinner som skal vurdere om ei anna kvinne driv med trolldom kan ha vore eit resultat av innverknad frå irske reglar som gir kvinner særleg vitnekompetanse på område der det ligg nærast at kvinner har kunnskap. Men då den grunnleggjande regelen skriv seg frå Olav den Heilage sin kristenrett og det er eit stort skilje mellom dei konkrete reglane der kvinner har vitnekompetanse i Gulatingslova og irske tekstar, verkar dette å vere lite sannsynleg.

Om ein går tilbake til den lagdelte modellen ser me at det på overflata er lite likt i dei konkrete rettsreglane når ein samanliknar Gulatingslova og Frostatingslova med dei irske rettskjeldene, og det er nokre skilnadar mellom dei to norske rettsbøkene. Nokre prinsipielle likskapar ser ein mellom dei irske tekstene og Gulatingslova kva gjeld kvinner sin vitnekompetanse, og alle tre deler tanken om at medeid og nektingseid er viktig for bevisvurderinga. Men samtidig er sjølve bevisvurderinga så ulik at det utgjer ein avgjerande skilnad i prinsippa for prosessretten.

Konklusjonen vert at på dette rettsområdet kan det heller ikkje seiast å ha vore nokon irsk innverknad på Gulatingslova.

5.4. Avsluttande merknadar

5.4.1. Mogelege forklaringar på manglande innverknad

Eit spørsmål som står igjen etter desse samanlikningane, analysane og konklusjonane er kvifor ein ikkje ser innverknad frå irske rettskjelder i Gulatingslova. Dei faktiske tilhøva låg til rette, og det var potensielt mykje ny rett som kunne ha tatt turen over Nordsjøen.

Ei forklaring er kanskje at dei faktiske tilhøva ikkje var til stades i tilstrekkeleg grad. Medan retten slik den vart praktisert og skriven ned på Gulatinget var open for nye impulsar, var det store skilnader på rettssystema i dei to landa. Mest sentralt er skilnaden i profesjonalisering, dvs. i kva grad rettssystema i dei to landa var prega av profesjonelle rettsbrukarar som var utdanna i yrket eller hadde det som levebrød. Som me såg, hadde Irland frå tidleg av ein eigen samfunnsklasse av utdanna juristar, og dei som var erfarne i yrket tok sveinar og lærlingar for å lære rettsvitskap. Me finn ingen tilsvarande praksis i Noreg. Medan det var nokre erfarne rettslærde blant tingmennene, dei som vart kalla lagmenn, var dette menn som gjennom erfaring med tidlegare saker hadde opparbeide kunnskap om rett og galt.²¹¹ Det var inga aktiv utdanning eller organisert profesjonalisering, unntatt det som vart overført frå far til son. Og der reglane vart nytta var det ikkje berre lagmennene som skulle vere samde, men alle som var til stades på tinget. Lagmannen vart på 1000-talet spurt om å seie sin orskurd, si juridiske vurdering i saka,²¹² men nokon reell dømmende makt fekk dei ikkje før på 1200-talet.²¹³ Så dei lagmennene som hadde den naudsynte erfaringsbaserte kunnskapen hadde ikkje den naudsynte makta til å praktisere reglane åleine. Konsekvensen av dette vart at det var ikkje ei stor nok gruppe menneske som kunne vere profesjonelle dommarar, og alle tingmennene hadde ikkje kompetansen til å røykte kompliserte rettsreglar i same mon som brehonane.

Skriftfestinga av lovføresegn kom også seint til Noreg, samanlikna med Irland. Medan ein i Irland nytta skrivne lovsamlingar og omfattande brehon-tekstar til å halde orden på og nyansere sine rettsreglar, medførte dette ei komplisering av den materielle retten. Då skriftlege rettskjelder lenge ikkje vart nytta i Noreg, medførte dette at det nok ikkje var mogeleg å ta imot dei kompliserte nyanserte reglane skrivne i Irland. Prosessane for normskaping var altså for ulike til at normer lett kunne transporterast.

²¹¹ Sunde *Speculum Legale* s. 89

²¹² Hertzberg s. 167

²¹³ Hertzberg s. 170

Ein annan medverkande faktor var kanskje konkrete historiske og kulturelle skilnadar. Fleire av institusjonane me har sett på i denne oppgåva bygde på tradisjonell praksis innan rettskulturen. Til dømes bygde framgangsmåten og regelverket i dei irske reglane om sjølvtekt på særst gammal praksis, og i Noreg overlevde hemnretten som primær straffereaksjon i fleire hundre år etter at Irland hadde sett sitt fokus på bøter. Slike grunnleggjande kulturelle strukturar gjer både at det var vanskeleg å gå bort frå det om det vert utfordra, og det var også vanskeleg å introdusere slikt tankegodt. Dette er til dels eit resultat av det som vert kalla det rettskulturelle filteret. T.d. regelen i Senchas Már om hemn berre der bøter ikkje kunne oppnåast passa nok ikkje inn i den norske ramma der hemnretten som primær straffereaksjon framleis sto sterkt.

5.4.2. Skilnadar mellom Gulatingslova og Frostatingslova

Eit litt overraskande funn er kor annleis dei materielle reglane i Gulatingslova og Frostatingslova er. På sjølvtektsområdet er formuleringane annleis og terskelen for når sjølvtekt er forbode ulik. Kva gjeld hemn er det fleire opningar for hemn i Gulatingslova og dei moglegeheitene ein finn i Frostatingslova er forsøkt innskrenka. Dei mest tydelege skilnadane finn ein kanskje i dei panterettslege reglane, der Frostatingslova har ingen av dei alminnelege konfliktreglane Gulatingslova har og systema for pantsetjing av jord har store skilnadar. Og kva gjeld noko så sentralt i prosessreglane som nektningseidar og kvinners eids- og vitnekompetanse finn ein viktige skilnadar t.d. i utveljinga av medsverjarar, trass i liknande rammeverk.

Dei einskilde skilnadane er kanskje ikkje så dramatiske isolert sett, og ein ser framleis liknande rettslege rammer på fleire område. Men til saman er det ei rekke materielle skilnadar som viser kor annleis retten i dei to områda må ha vorte praktisert. I den konteksten vert det tydeleg kor imponerende det var at kong Magnus Lagabøte i år 1274, berre om lag 100 år seinare, kunne skrive ei landslov og innføre rettseinskap for heile Noreg.

Å freista å forklare alle skilnadane mellom dei to rettstekstane er ofte vanskeleg, og til ein viss grad fell det utanfor ramma til denne oppgåva. Men det er verdt å nemne at ulikt tilhøvet mellom Gulatingslova og dei irske rettskjeldene var den rettskulturelle ramma for Gulatingslova og Frostatingslova mykje meir lik, og bygde i stor grad på liknande strukturar og forventningar. Dei faktiske omstenda kva gjaldt m.a. tingsystemet og rettslege aktørar som tingmennene og årmennene var også ganske like. Kanskje ein av dei klåraste skilnadane i bakgrunnsfaktorar er kyrkja sin sterkare innverknad på Frostatingslova etter 1152 grunna

erkebispesetet i Nidaros, men denne ser ein klårast i kristendomsbol Kane, og kan vere vanskeleg å oppdage elles.²¹⁴

Ei mogleg forklaring kan vere at Frostatingslova i mykje større grad har vidareutvikla eit felles rettsleg utgangspunkt. Spor av dette kan ein sjå i innskrenkinga av hemnretten og ei meir utvida opning for forsål av jord. Dette kan kanskje vidare forklarast av skilnadar i faktiske tilhøve som innverknad frå eller reaksjon på tankegods frå erkebispesetet. Men ei nærare vurdering av dette fell utanfor denne oppgåva sitt tema, og må heller vurderast i eit eige studium.

Noko anna ein kan ta med seg vidare er at landskapslovene i tida før Magnus Lagabøte si landslov hadde sterke preg av lokale variasjonar og at det i eit komparativt perspektiv vanskeleg er tale om ein utprega norsk rett. Medan ein finn fleire likskapar i prinsipp og strukturar, er det omfattande materielle skilnadar. Dette skal derimot ikkje strekkast for langt, då lovene ved Borgarting og Eidsivating framleis i stor grad er ukjende for oss, så ein har ikkje i dag eit komplett bilete av alle dei norske landskapslovene og skilnadane mellom dei.

²¹⁴ *Frostatingslova* s. xxx-xxxii

6. Litteraturliste

Mellomaldertekstar

Ancient Laws of Ireland bind I-V, omsetjing av O'Donovan og O'Curry, redaktørar W. Neilson Hancock, Thaddeus O'Mahony og Robert Atkinson m.fl., gitt ut av Alexander Thom, Dublin 1865, 1869, 1873, 1879 og 1901

“Berrad Airechta: An Old Irish tract on suretyship”, omsetjing av Robin Stacey, publisert i *Lawyers and Laymen – Studies in the History of Law presented to Professor Dafydd Jenkins on his seventy-fifth birthday* s. 210-233, University of Wales Press, Cardiff 1986

“Cáin Domnaig”, omsetjing av Vernam Hull, publisert i tidskriftet *Ériu* nr. 20 (1966) s. 151-177, gitt ut av Royal Irish Academy, Dublin 1966

De eldste østlandske kristenrettene, omsetjing av Eyvind Fjeld Halvorsen og Magnus Rindal, Riksarkivet, Oslo 2008

Frostatingslova, omsetjing av Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes, Det Norske Samlaget, Oslo 1994

Gulatingslovi, 4. utgåve, omsetjing av Knut Robberstad, Det Norske Samlaget, Oslo 1981

Kongespeilet, omsetjing av Anton Wilhelm Brøgger, De norske Bokklubbene, Oslo 2000

«Triads of Ireland», omsetjing av Kuno Meyer, publisert i *Royal Irish Academy Todd Lecture Series vol. XIII*, gitt ut av Hodges, Figgis & Co., Dublin 1906

Sekundærlitteratur

Aubert, L.M.B., *Bevissystemets Udvikling i den norske Criminalproces indtil Christian den femtes Lov: Prøveforelæsning ved Universitetet i Oktober 1864*, Christiania 1864

Aubert, L.M.B., *Den norske Privatrets almindelige Del – Første Afdeling De norske Retskilder og deres Anvendelse*, P. T. Mallings Boghandel, Christiania 1877

Brandt, Fredrik Peter, *Forelæsninger over den norske retshistorie*, N.W. Damm & Søn, Kristiania 1880

Ginnell, Laurence, *The Brehon Laws*, utgivar T. Fisher Unwin, London 1894

Helle, Knut, *Gulatinget og Gulatingslova*, Skald forlag, Leikanger 2001

- Hertzberg, Ebbe, *Grundtrækkene i Den Ældste Norske Proses*, gitt ut av Dr. Fr. Brandt, Kristiania 1874
- Holmøyvik, Eirik, «A little bit of This and a little bit of That – the Complexity of Legal Reception», publisert i *Rendezvous of European Legal Cultures* s. 45-59, Fagbokforlaget, Bergen 2010
- Kelly, Fergus, *A Guide to Early Irish Law*, Dublin Institute for Advanced Studies (School of Celtic Studies), Dublin 1988
- Landro, Torgeir, *Dei eldste norske kristenrettane – Innhald og opphav*, Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Bergen 2005
- Marthinussen, Hans Fredrik, *Forholdet mellom panterett og pantekrav*, Avhandling for graden philosophiae doctor (PhD), Universitetet i Bergen 2009
- Ó Cróinín, Dáibhí, *Early Medieval Ireland 400-1200*, Longman, London and New York 1995
- Skaare, Kolbjørn, om «Ørtug» i Noreg i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid* bind XXI s. 18-19, Gyldendal, Oslo 1977
- Stang, Fredrik, *Norsk formueret I Indledning til formueretten*, H. Aschehoug & Co., Kristiania 1911
- Steinsland, Gro, *Norrøn religion: myter, riter, samfunn*, Pax Forlag, Oslo 2005
- Storm, Gustav og Hertzberg, Ebbe, *Norges gamle love indtil 1387 – Femte Binds 2det Hefte indeholdende Glossarium og Anhang 1-3 samt Tillæg og Rettelser*, trykt hos Grøndahl & Søn, Christiania 1895
- Sunde, Jørn Øyrehagen, «Champagne at the Funeral – an Introduction to Legal Culture», publisert i *Rendezvous of European Legal Cultures* s. 11-28, Fagbokforlaget, Bergen 2010
- Sunde, Jørn Øyrehagen, «Daughters of God and Counsellors of the Judges of Men», publisert i *New Approaches to Early Law in Scandinavia* s. 131-183, Brepols Publishers, Turnhout 2014
- Sunde, Jørn Øyrehagen, *Speculum legale – rettsspegele*, Fagbokforlaget, Bergen 2005
- Sunde, Jørn Øyrehagen, «The Art of being Artful – the Complex Reception of Law», publisert i *Rendezvous of European Legal Cultures* s. 29-43, Fagbokforlaget, Bergen 2010

Tamm, Ditlev, «Gulatingssloven og de andre gamle nordiske landskabslove», publisert i *Tidsskrift for Rettsvitenskap* 01-02/2002 s. 292-309, Universitetsforlaget, Oslo 2002

Taranger, Absalon, *Den angelsaksiske kirkes indflydelse paa den norske*, Den Norske historiske forening, Kristiania 1890

Valante, Mary A., *The Vikings in Ireland – Settlement, Trade and Urbanization*, Four Courts Press, Dublin 2008

Wallén, Per-Edwin, om “Hämnd” i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid* bind VII s. 239-246, Gyldendal, Oslo 1962